

Masteroppgåve

## **Litterær kanon i skulen?**

Ein studie av tekstantologiar for vidaregåande skule

Kristin N. Bergesen

Masteroppgåve i undervisning og læring

Spesialisering i norsk

2018

Tal ord: 29 962



HØGSKULEN  
I VOLDA

## ABSTRACT

The main purpose of this study was to examine the existence of a literary canon in the text anthologies used for the Programs for General Studies at upper secondary school. The curricula after the Knowledge Promotion Reform of 2006/2013 do not exactly indicate which texts the pupils have to read. Thus, the authors of the textbooks and their publishers are free to decide which texts they want to include in their anthologies.

The basis for my study and comparisons was Professor Bente Aamotsbakken's study «The scholastic canon – our most important reading education? A study of canonising Norwegian subject text anthologies for upper secondary school at Programs for General Studies». She revealed inter alia that the wording in the curriculum did not have an important influence on the outcome in the anthologies. In addition to this study, I used the Reform-94 as a standard of reference. The main research question of my study was: Did the introduction of the Knowledge Promotion Reform lead to the absence of a clear canon in the textbooks? The following research sub-question was asked: Is it still possible to support the findings of Bente Aamotsbakken's study (2003)?

I used document analysis as a research method. Though document analysis is considered a qualitative research method, I combined it with a quantitative research method to find an answer to the question raised in the study.

The data for this study are based on four textbook collections (12 textbooks) written for the Programs for General Studies: *Grip teksten* (Aschehoug), *Intertekst* (Fagbokforlaget), *Moment* (Cappelen Damm) and *Panorama* (Gyldendal). These textbooks are all recent and they have been revised according to the National Curriculum for Knowledge Promotion of 2006. In these textbooks, I have looked at anthologies used at all the three grades of upper secondary school in Norway. This approach made it possible to reveal certain tendencies of how text anthologies are actually canonised.

The main conclusion of my study is that there is still a literary canon in the textbooks and that a lot of issues are still in alignment with Aamotsbakken's study. One important finding is also that several findings are probably due to the dispositions chosen by the authors in the anthologies. An analysis of all four textbook collections shows that the textbooks follow mainly a chronological approach in the anthologies, particularly at upper secondary level 2 and 3. The authors have mainly chosen to divide the content of the anthology sections into

genre, chronology and literary epochs. Another main finding is that the canonical texts draw upon traditional genres (epic, lyric and dramatic poetry). The current curriculum, i.e. the 2013-revision of the Knowledge Promotion Reform in 2006, puts fiction and non-fiction in the same category. This is however not the case in the anthologies. The dispositions chosen by the authors can be one important reason for this. These may influence the outcome of the texts in the anthologies. Thus, it is almost impossible to put fiction and non-fiction in the same categories. My study reveals that none of the chosen textbooks meet the requirements of the curriculum stipulating that non-fiction and fiction have to be treated equally.

## SAMANDRAG

Hovudmålet med denne studien har vore å undersøkje om det eksisterer ein litterær kanon i tekstantologiane for vidaregåande skule, studieførebuande utdanningsprogram. Læreplanane etter Kunnskapsløftet av 2006/2013 gir ingen føringar for kva tekstar elevane skal lesa, og lærebokforfattarane og forlaga står dermed nærast fritt når det gjeld kva for tekstar dei vel å prioritere i antologiane.

Som eit utgangspunkt for studien og som samanlikningsgrunnlag har eg nytta professor Bente Aamotsbakken sin studie *Skolens kanon – vår viktigste lesedannelse? En studie i kanonisering i norskfaglige antologier for videregående skole, allmennfaglig studieretning* (2003). Ho fann blant anna ut at formuleringane i læreplanen ikkje har så stor påverknad over kva som vert representert i antologiane. Eg har òg brukt Reform-94 som samanlikningsgrunnlag. Problemformuleringa for studien var: *Har innføringa av Kunnskapsløftet ført til at det ikkje lenger finst ein tydeleg kanon i lærebøkene?* Eit delspørsmål for undersøkinga har vore: *Stemmer framleis dei funna Bente Aamotsbakken gjorde i si undersøking (2003)?*

Eg har nytta dokumentanalyse som forskingsmetode. Sjølv om dette i utgangspunktet vert rekna som ein kvalitativ metode, har eg kombinert denne med kvantitativ metode for å kunna få svar på det som var målet med studien.

Materialet som ligg til grunn for datainnsamlinga, er fire verkpakkar (12 lærebøker) for studieførebuande utdanningsprogram som alle er nyskrivne eller reviderte etter 2013-revisjonen av LK06: *Grip teksten* (Aschehoug), *Intertekst* (Fagbokforlaget), *Moment* (Cappelen Damm) og *Panorama* (Gyldendal). Eg har sett på antologiane for alle årstrinn for vidaregåande skule, og det gjer det mogeleg å uttala seg meir sikkert om kanoniseringstendensane.

Hovudkonklusjonen er at det framleis eksisterer ein litterær kanon i læreverka, og mykje er samanfallande med det som Aamotsbakken kom fram til i sin studie. Eit viktig funn er òg at fleire av funna truleg kan forklarast med den *disposisjonen* forfattarane har valt for antologiane. Gjennomgangen av dei fire verkpakkane viser at lærebøkene i stor grad nyttar ei kronologisk framstilling av antologidelen, særleg på Vg2 og Vg3. Forfattarane har i stor grad valt å disponera innhaldet i antologidelen etter sjanger, kronologi og litterære epokar. Eit anna sentralt funn er at kanon-tekstane er i dei tradisjonelle sjangrane (episk, lyrisk og dramatisk

dikting). I den gjeldande læreplanen, 2013-revisjonen av LK06, er sakprosa sidestilt med skjønnlitteratur, men ikkje i antologiane. Dette kan henge saman med den disposisjonen lærebokforfattarane har valt, og at den ber i seg føringar for kva tekstmateriale som kjem ut. Dermed vert det nærast umogeleg å jamstille sakprosa og skjønnlitteratur. Min studie viser at ingen av lærebøkene oppfyller målsetjinga i læreplanen om at skjønnlitteratur og sakprosa skal vera likestilte.

## FORORD

Eit fire år langt deltidsstudium er snart ved vegg ende. Det har vore både lærerikt og spennande å få lov til å fordjupa seg i eit felt innanfor norskfaget.

Eg hadde ingen klår formeining om kva som skulle vera temaet for masteroppgåva når eg byrja på studiet, men etter kvart vart det debatten kring skjønnlitteratur og kanon i norskfaget som pensla seg ut som eit tema eg ville skriva om. Pål Hamre sine forelesningar bidrog også til at eg fatta interesse for lærebokforskning og dokumentanalyse som metode.

Det kjennest godt å fullføra prosjektet, men samstundes er det litt vemodig. Det har til tider vore krevjande og på mange måtar eit einsamt arbeid. I løpet av desse fire åra har eg hatt glede av å møta mange dyktige og ikkje minst inspirerande førelesarar og medstudentar ved Høgskulen i Volda.

Først og fremst vil eg takke den positive og kunnskapsrike rettleiaren min, Pål Hamre, for konstruktive og tydelege tilbakemeldingar undervegs i arbeidet med masteroppgåva. Eg vil og nytta høvet til å takke medstudentane ved studiet, og spesielt Unn, Kari, Anne og June. Det har vore fantastisk å bli kjent med kvar og ein, og eg har derfor sett fram til alle samlingane i Volda. I tillegg vil eg takke mannen min, Ivar, som både har vore tolmodig og stått ved grytene i heimen i løpet av desse åra. Det har og vore godt å ha mental støtte frå dei no utflytta studentane i heimen, Karoline-Sophie og Magnus. Takk og til Jørn Harald Persson frå IT-kontoret ved HVO for teknisk støtte i sluttfasen, og svoger Michel Alexandre Cabot for hjelp med oversetjing av samandraget. Eg er overtydd om at desse åra vil vera med på å styrka meg i læraryrket, og føra til at eg vert meir medviten kring dei tekstane eg nyttar i undervisninga.

Kristin N. Bergesen

Volda, november 2018

# Innhald

|  |     |
|--|-----|
| ABSTRACT.....  | i   |
| SAMANDRAG.....   | iii |
| FORORD.....  | v   |
| 1 INNLEIING.....   | 1   |
| 1.1 Bakgrunn for oppgåva .....   | 1   |
| 1.2 Mål for oppgåva: problemformulering og avgrensingar .....              | 2   |
| 1.3 Strukturen på oppgåva .....  | 4   |
| 2 KUNNSKAPSGRUNNLAG.....   | 5   |
| 2.1 Tidlegare forskning .....  | 5   |
| 2.2 Læreboka som analyseobjekt .....                                       | 8   |
| 2.2.1 Bruk av lærebøker i undervisninga.....                               | 10  |
| 2.3 Læreplanar.....  | 11  |
| 2.3.1 Føringar i læreplanane .....   | 12  |
| 2.4 Kanon.....   | 16  |
| 2.4.1 Omgrepet kanon .....   | 16  |
| 2.4.2 Kanondebatten.....   | 19  |
| 2.4.3 Skulen sin kanon kontra den allmenne kanon .....                     | 21  |
| 2.5 Omgrepet skjønnlitteratur.....   | 22  |
| 2.5.1 Norskfaget og skjønnlitteraturen .....                               | 24  |
| 2.6 Litteraturhistorie og kanon.....                                       | 25  |
| 3 MATERIALE OG METODE.....   | 28  |
| 3.1 Metode .....   | 28  |
| 3.2 Materiale .....  | 30  |
| 3.2.1 Presentasjon av verka i undersøkinga .....                           | 30  |
| 3.2.2 Oppsummering av verka .....  | 40  |
| 4 EMPIRISK UNDERSØKING.....  | 41  |
| 4.1 Litteraturutvalet i læreverka .....                                    | 41  |
| 4.1.1 Forfattarar/tekstar nemnt i R94.....                                 | 42  |
| 4.1.2 Kanon-forfattarar og «dels-kanoniserte» forfattarar.....             | 46  |
| 4.1.3 Kanon-tekstar og «dels-kanoniserte» tekstar .....                    | 49  |
| 4.2 Forholdet mellom skjønnlitteratur og sakprosa .....                    | 55  |
| 4.3 Kva skjønnlitterære sjangrar er representert i norskantologiane? ..... | 57  |
| 4.4 Den «nye kanon» etter Kunnskapsløftet .....                            | 59  |
| 4.4.1 «Kanon-forfattarar» .....  | 59  |
| 4.4.2 «Dels-kanoniserte» forfattarar .....                                 | 62  |

|       |  |     |
|-------|--|-----|
| 4.4.3 | «Kanon-tekstar» .....  | 64  |
| 4.4.4 | «Dels-kanoniserte» tekstar .....   | 67  |
| 5     | OPPSUMMERING OG KONKLUSJON .....   | 72  |
| 5.1   | Oppsummering .....   | 72  |
| 5.2   | Konklusjon .....   | 76  |
| 5.3   | Vegen vidare .....   | 80  |
| 5.4   | Sluttord .....   | 81  |
| 6     | Litteratur .....   | 83  |
| 7     | Vedlegg .....  | 88  |
| 7.1   | Vedlegg 1: Oversikt over skjønnlitterære tekstar/forfattarar i antologiane ..... | 89  |
| 7.2   | Vedlegg 2: Den «nye kanon» etter Kunnskapsløftet .....                           | 123 |



# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn for oppgåva

Ein omfattande revisjon av Kunnskapsløftet er under utarbeiding, og eitt av måla med den nye planen er at kunnskapsmåla skal slankast. Dette gjeld ikkje minst norskfaget, som stadig har fått tilført nye emne. Diskusjonane om kva som skal ut har gått for seg lenge, og mange er redde for at det vil gå ut over skjønnlitteraturen. Både norsklærarar, forskarar og andre med interesse for norskfaget er redde for at norskfaget er i ferd med å bli eit reiskapsfag der elevane berre skal jobbe med språk og kommunikasjon.

Gudmund Hernes (2016) har i eit essay i Morgenbladet påstått at norskfaget er truga. Han grunnir dette blant anna med at norskundervisninga har dreidd frå å handla om litteratur til å handla om «tekstar», og brukar hermeteikn for å framheva omgrepet tekstar. Professor i norsk, Jon Smidt, har sagt at litteraturdelen har blitt overkøyrert av språk- og kommunikasjonsdelen i faget. I ein artikkelserie, «Kulturen som forsvant», har Klassekampen sett nærare på det dei kallar utviskinga av litteratur i skulen. Artikkelsen er skriven på bakgrunn av at læreplanen ikkje stiller krav til kva bøker eller tekstar elevane skal lesa. I tidlegare læreplanar, og særskilt i Reform 94, heretter omtala som R94, var det presisert forfattarar som elevane burde jobba med. Smidt meiner det har føregått ei ideologisk dreining i synet på norskfaget, der ein set språk som kommunikasjon i høgsetet. Han seier blant anna: «Litteraturen er i ferd med å gli bort fra norskfaget, fordi man i større grad har begynt å se på språk som kommunikasjon» (Larsen, 2015). Vidare hevdar Smidt at:

Faget har alltid hatt en kommunikasjonsside og en litteraturside knyttet til danning. De to har alltid stått i et spenningsforhold, noe som har vært fruktbart. Men nå ser vi at språk- og kommunikasjonsdelen overkjører litteraturdelen. (Larsen, 2015).

Smidt meiner at det å vektlegga kommunikasjonsdelen av faget, fører til at ein ikkje set tekstane inn i ein større samanheng (Larsen, 2015).

Ein forkjempar for endringane i norskfaget er professor i tekstvitenskap, Kjell Lars Berge. Han støttar norskfaget si dreining mot å prioritera det å uttrykka seg munnleg og skriftleg framfor det å vera eit tekstformidlingsfag, og er ueinig med både Hernes og Smidt om at litteraturen er under press (Larsen, 2015). Berge meiner tvert imot at den reviderte læreplanen inviterer til ein rikare litteraturforståing, der skjønnlitteraturen ikkje får spesielle privilegium. Dette

grunngrir han med at norskfaget er blitt eit tekstfag der det å uttrykka seg skriftleg og munnleg er blitt ei overordna oppgåve. Vidare seier han: «Norskfaget er ikke lenger et kulturformidlingsfag som legger vekt på litteraturhistorie og nasjonsbygging» (Larsen, 2015). Han er heller ikkje redd for at Kunnskapsløftet har gått vekk frå føringane til kva tekstar elevane bør lesa. Berge meiner at norsklærarar er einige om kva tekstar elevane bør ha lese, og om dei ikkje er det blir dei minna på det av lærebøkene (Larsen, 2015). Til dette argumentet vil nok mange hevde at då har vi ein kanon likevel, men ein skjult kanon som er bestemt av lærebokforfattarane og forlaga. Blant anna Rogne og Aamotsbakken meiner at vi dermed vil kunna få ein endå sterkare skjult kanon gjennom læreverka (Rogne, 2008, s. 20; Aamotsbakken, 2003, s. 75).

På den eine sida har ein altså dei som ser på det som ei positiv og naudsynt utvikling at norskfaget stadig vert meir prega av lesing og skriving av saktekstar, ofte omtala som literacyforskarar, og på den andre sida har ein dei som ønskjer å innføra ein obligatorisk kanon i skulen. I kjølvatnet av dette er det naturleg at blant anna kanondebatten dukkar opp igjen. Robert Scholes, til dømes, kritiserte kanon og meinte at det ikkje var nokon grunn til å dyrka tekstar frå tidlegare tider, men han sa òg at det heller ikkje var grunnlag for å demonisera dei. Elevane skal lesa dei eldre tekstane på grunn av at dei representerer møter med det ukjende som tek opp humanistiske og moralske spørsmål, og ikkje fordi dei er kanoniserte. Scholes sa at utfordringa for skulen i dag er å kunna handtera og gi mening eller motmening til den store straumen av tekstar i informasjonssamfunnet. På bakgrunn av dette vil han vekk frå estetikken og tilbake til retorikken (Scholes, referert i Penne, 2016, s. 3). Scholes ønska å gi elevar eit metaspråk om tekstar, og omtala dette som «textual power»:

A good novel should help us understand more about some other place or time – but it should also bring us to a deeper knowledge of ourselves and our own place and time. One reason for studying the voices in a novel is to listen for echoes of the voices that will become ours when we assert our own textual powers. (Scholes, 1998, s. 136).

## 1.2 Mål for oppgåva: problemformulering og avgrensingar

Som bakgrunn for oppgåva ligg ein hypotese om at det eksisterer ein litterær kanon i tekstantologiane for vidaregåande skule. Skulen har tradisjonelt spelt ei viktig rolle når det gjeld å definere den norske litterære kanon. Eg vil derfor finne ut om det eksisterer ein skjult litterær kanon i læreverka i norsk for studieførebuande utdanningsprogram for vidaregåande

skule. Som bakgrunn for studien og som samanlikningsgrunnlag har eg nytta professor Bente Aamotsbakken sin studie *Skolens kanon – vår viktigste lesedannelse? En studie i kanonisering i norskfaglige antologier for videregående skole, allmennfaglig studieretning* (Aamotsbakken, 2003). Aamotsbakken fann at formuleringane i læreplanen ikkje har så stor påverknad på kva som vert representert i læreverk for allmennfagleg studieretning eller det som etter Kunnskapsløftet vert kalla studieførebuande utdanningsprogram. Ho meiner bl.a. at det ser ut til at dei tre siste tiåra av 1800-talet er kanonisert i si heilheit. Dette skildrar tydinga av det ein omtalar som gullalderen i norsk litteratur og realismen (Aamotsbakken, 2011, s. 110). For å finne ut om det finst ein kanon eller tekstar som går igjen i fleire læreverk vil eg og sjå på kva forfattarar/verk som eksplisitt var nemnt i R94-planen. Eg byrja med ein hypotese om at det eksisterer ein litterær kanon i tekstantologiane for vidaregåande skule, og at lærebokforfattarane dermed opererer med ein «skjult» kanon. Problemformuleringa for studien er derfor følgjande: *Har innføringa av Kunnskapsløftet ført til at det ikkje lenger finst ein tydeleg kanon i lærebøkene?* Eit delspørsmål blir: *Stemmer framleis dei funna Bente Aamotsbakken gjorde i si undersøking (2003)?*

Når ein skriv ei masteroppgåve må ein avgrensa datamaterialet for at det skal vera mogeleg å handtera datamengda innanfor dei rammene ein har. Av tidsmessige omsyn vil eg derfor berre ta for meg tekstsamlingane i læreverka. Det vil seie at dei tekstane som ein finn i studiedelen i lærebøkene, fell utanfor, men dette dreier seg hovudsakleg om kortare tekstar og omtale av tekstar. Eg har òg valt å sjå på trykte lærebøker. I tillegg vil eg studera forord og forlagsnettsider som *omtalar* læreverka, men alt anna materiale som ligg inne på nettsidene til dei aktuelle læreverka fell utanfor min studie. Eg har valt å konsentrera meg om dei skjønnlitterære tekstane, og har dermed utelate alle sakprosaetekstane. Eit argument for denne avgrensinga er at det er særleg blant dei skjønnlitterære tekstane ein truleg finn størst tendensar til kanonisering. Eit anna viktig kriterium for min studie var at læreverka skulle vera skrivne etter revisjonen av Kunnskapsløftet (heretter LK06). Læreverka i min studie er derfor anten utgjeve eller revidert i tråd med 2013-revisjonen av LK06. Materialet mitt er fire verkpakkar (12 lærebøker) for heile vgs., studieførebuande utdanningsprogram.

### 1.3 Strukturen på oppgåva

Masteravhandlinga er inndelt i fem kapittel, og desse er oppdelt i ulike underkapittel. I kapittel to vil eg presentera teori og tidlegare forskning på området. Her vil eg og koma inn på omgrep som er sentrale i avhandlinga. I kapittel tre vil eg presentera metode og materiale for analysane. Den største delen av studien er kapittel fire og den empiriske undersøkinga. I dette kapitlet vil eg presentera kanonlister, både av tekstar og forfattarar som finst i fire nyreviderte eller nyskrivne læreverk for studieførebuande utdanningsprogram. Aamotsbakken sin studie av norskantologiar for studiespesialiserande utdanningsprogram dannar som nemnt eit utgangspunkt for studien, og mine resultat vert gjennomgåande samanlikna med det ho kom fram til i si gransking. I tillegg vert dei føringane som ligg i læreplanane R94 og 2013-revisjonen av LK06, sentrale. I kapittel fire vil eg òg presentera ei oversikt som viser kva skjønnlitterære sjangrar som er representert i tekstantologiane, samt forholdet mellom skjønnlitterære tekstar og sakprosa. Sjølv om sakprosa ligg utanfor rammene for min studie, er det interessant å samanlikne *prosentfordelinga* mellom saktekstar og skjønnlitterære tekstar i antologiane. Mot slutten av kapittel fire vil eg vise det som kan vera den «nye kanon» etter 2013-revisjonen av LK06, og for å kome fram til den nye lista har eg sett bort frå både dei forfattarnamna/tekstane som var nemnt i studien til Aamotsbakken, og R94-planen. I siste del av oppgåva, i kapittel fem, vil eg oppsummere funna og prøve å kome fram til ein konklusjon basert på analysen av tekstantologiane og læreplanane. Eg vil her kome inn på sjangrar, kjønnsfordeling, internasjonaliseringstendensar, litterære periodar og fordelinga mellom skjønnlitterære tekstar og sakprosa.

## 2 KUNNSKAPSGRUNNLAG

### 2.1 Tidlegare forskning

Kunnskapsgrunnlaget for denne masteroppgåva bygger, som nemnt tidlegare, hovudsakleg på Bente Aamotsbakken sin studie av kanonisering i norskfaglege antologiar (2003). I denne studien har ho undersøkt læreverk som er utgjevne fram til 2002, og hennar fokus har vore på dei verka som er skrivne etter R94 (Aamotsbakken, 2003, s. 3). Men ho skriv òg at fleire av dei antologiane ho undersøkte, vart publiserte før innføringa av R94 (2003, s. 47).

Aamotsbakken fann ut at læreplanane ikkje har så mykje å seie for tekstutvalet i lærebøkene, og at det dermed eksisterer ein kanon uavhengig av det som står i læreplanane. Ho seier blant anna:

Som anført tidligere, har Reform 94 en eksplisitt, utpekende form, og av den grunn er kanon-kravene tydeligere der enn i det tidligere planverket som var mer sjanger- og emneorientert. Likevel viser det seg at tekstutvalget er temmelig ens når man sammenlikner de tidlige utgavene med de reviderte utgavene av verkene [...]. (Aamotsbakken, 2003, s. 47).

Studien bygger på ein mindre historisk studie, der ho undersøkte norskfaglege antologiar frå 1960- 1970- og 1980-åra. Frå 1899 var det kanon i undervisningsplanane, og den blei ytterlegare fornorska i 1911 ved at danske forfattarar vart karakteriserte som framande. Deretter var kanon stabil fram til 1970-åra. Då var ein for første gang kritisk til nasjonsbygginga gjennom t.d. norskfaget. Resultatet var ein læreplan i 1976 som ikkje inneheldt kanon, og som opna for eit breiare teksttilfang enn den tradisjonelt «høge» litteraturen. Deretter fekk den tradisjonelle kanon ein renessanse i 1994 med Gudmund Hernes, før den etter LK06 har vore ute (Hamre, 2014, s. 422; Steinfeld, 2009, ss. 168, 183). Sjølv om læreplanane før R94 ikkje synleggjorde skulen sin kanon, har likevel praksis vore styrt av det Aamotsbakken (2002; 2003) kallar den «uskrevne kanon». Aamotsbakken meiner dermed at lærebøkene som vart skrivne til R94-planen, vidareførte ein skulekanon som allereie var etablert, sidan dei forfattarane som vart nemnt, i stor grad fall saman med litteraturutvalet i antologiane frå 1960-, 1970- og 1980-åra. Torill Steinfeld har kommentert undersøkinga til Aamotsbakken, og viser til at konklusjonen både er det at skulereformane i 1990-åra bidrog til å utvida norsk kanon og virka «kanontraderende» (Steinfeld, 2009, s. 186).

Det har òg vore nyttig å lesa tidlegare masteroppgåver som grensar mot det eg har valt å sjå på i min studie. Fleire har sett på tekstutvalet for eitt av årstrinna på vidaregåande skule,

studieførebuande utdanningsprogram, men så langt har eg ikkje funne meir enn éin studie der ein samanliknar *skjønnlitterære tekstar* i læreverka for Vg1, Vg2 og Vg3 (Gjerløw, 2010). Anne Therese Gjerløw har i si masteroppgåve valt eit litt anna fokus enn det eg har gjort. Ho har undersøkt på kva for ein måte postnasjonalisme og globalisering får koma til uttrykk i norsk kultur og litteratur, og om demografien i Noreg i dag spelar inn på det vi reknar som den norske nasjonallitteraturen. Ho har sett på tekstutvalet i fire norsklæreverk for vidaregåande skule, og ho har tatt med både tekstantologiane og dei tekstane som vert *omtala* i lærebøkene. Dei læreverka som inngår i hennar studie, er *Panorama*, *Grip teksten*, *Spenn*<sup>1</sup> og *Tema*<sup>2</sup>. Gjerløw har valt å sjå på læreverk i norskfaget på bakgrunn av at skulen tradisjonelt har spelt ei viktig rolle når det gjeld defineringa av norsk litterær kanon, og spesielt gjennom litteraturundervisninga i faget. Ho kom fram til at talet på ikkje-norske og ikkje-nordiske tekstar i læreverka har auka etter innføringa av LK06, men at dei nye og internasjonale forfattarane er valt ut frå ein etablert og vestleg kanon. I avhandlingskriv ho at det dermed kan sjå ut som om *skjønnlitteraturen* ikkje heilt har kome med i den kulturelle globaliseringa. Gjerløw (2010) meiner at dette kan skuldast at den vestlege kanon er så godt etablert, og at det dermed tar tid å rekonstruera ein globalisert kanon. Men ho skriv òg at av fleire andre forklaringar kan det vera at internasjonaliseringa kjem så å seie på same tid som sakprosaen får auka plass i pensumlistar og læreplanar, og at det dermed er den «nye» litteraturen som har vorten prioritert av lærebokforfattarane.

Magni Kristin Moe Westgård har i ei nyare masteroppgåve frå 2017 undersøkt korleis diskursen kring *skjønnlitteratur* i norskfaget har endra seg frå R94-planen til 2013-revisjonen av LK06. Ho fann blant anna ut at normtekstane ber preg av ulike ideologiske føringar, og at det *skjønnlitterære* tekstutvalet i lærebøkene vert mindre påverka enn det som føringane i normtekstane skulle tilseie. Dei læreverka ho har sett på er to læreverk som er skrivne i tråd med Kunnskapsløftet og revisjonen av 2013 (*Grip teksten* og *Intertekst*), og to læreverk som vart skrivne når R94 var den gjeldande læreplanen (*Kolon* og *Tema*). Ho har utelate bøkene for Vg1 eller det som etter R94 vart kalla grunnkurs (GK) (Westgård, 2017).

Nokre av dei som har valt å avgrense datamaterialet, etter det eg har funne ut, har sett på læreverk for Vg2 eller Vg2 og Vg3 og grunngeve dette med at det er her ein vil finna det som kan omtalast som kanonlitteratur (Singstad, 2012; Rusti, 2014; Westgård, 2017). Det kan vera

---

<sup>1</sup> Læreverket *Spenn* vart ikkje oppdatert med revisjonen av LK06 i 2013, men vart erstatta med det nye læreverket *Moment* som inngår i min studie (Cappelen Damm, 2018).

<sup>2</sup> *Tema* frå forlaget Fagbokforlaget er erstatta med det nye læreverket *Intertekst* som også er med i mitt datamateriale (Fagbokforlaget, 2018).

fornuftig å avgrensa datamaterialet slik, men eg har likevel bestemt meg for å sjå på heile verkpakkar som er meint å dekkja pensum for alle tre åra for studieførebuande utdanningsprogram. Eg har òg funne fleire forfattarar og tekstar som kan definerast som kanon-forfattarar og kanon-tekstar i bøkene for Vg3, og i ettertid ser eg at det har hatt svært mykje å seie med tanke på datamaterialet å inkludera antologiane for Vg3 i studien. Antologiane for Vg1 hadde det vore mogeleg å utelate utan at det hadde påverka resultatet i nemneverdig grad, men det faktum at eg har tatt med antologiane for alle årstrinn i min studie fører òg til at mine data lettare kan samanliknast med det Aamotsbakken kom fram til i sin studie. Også med omsyn til oversikta over ein mogeleg «ny kanon» har det vore viktig å inkludera bøkene for Vg1 i min studie. Studien til Aamotsbakken er omfattande, og ho har kartlagt og analysert kanoniseringstendensar i antologiar for allmennfagleg studieretning, vidaregåande skule på grunnkurs-, VKI- og VKII-nivå<sup>3</sup>, skrivne både før og etter R94. Aamotsbakken har ikkje registrert svenske og danske tekstar, og heller ikkje tekstar frå resten av verdslitteraturen på bakgrunn av at ho hadde «[...] som intensjon å undersøke den *norske* kanon [...]» (2003, s. 8). Eg har valt å inkludera desse på grunn av at det kan gjera det mogeleg å utpensla ein «ny kanon». Konsekvensane av at eg har tatt med utanlandske forfattarar har heller ikkje fått store følgjer for samanlikninga med Aamotsbakken sin studie, og det gjeld berre forfattarane H. C. Andersen, August Strindberg og Aksel Sandemose. Alle desse er nemnt i R94-planen, men sidan dei er utelatne frå hennar studie, kan eg eigentleg ikkje seie om dei var kanoniserte då ho gjennomførte sin studie. Det å ta desse med i studien blir likevel relevant for samanlikninga med dei forfattarane som er lista opp i R94-planen.

Camilla Renbjør Valen har skrivne masteroppgåve med fokus på samansette tekstar og har tatt for seg tre av læreverka frå studieførebuande utdanningsprogram (*Tema, Grip teksten og Panorama*). Samtlege av desse utgåvene skal vera utgitt i tråd med LK06. Ho har vidare avgrensa studien til å kun sjå på lærebøkene for Vg1. Valen kom fram til at ingen av lærebøkene samsvarer heilt med læreplanen når det gjeld måla for temaet samansette tekstar (Valen, 2013).

---

<sup>3</sup> | St.meld. nr. 030 (2003-2004) foreslo Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen nye namn på grunnkurs, VKI og VKII. Vidaregåande trinn 1 – Vg1 (erstatta grunnkurs), vidaregåande trinn 2 – Vg2 (erstatta vidaregåande kurs I) og vidaregåande trinn 3 – Vg3 (erstatta vidaregåande kurs II). Bakgrunnen for endringa var å visa meir tydeleg samanhengen og progresjonen mellom dei tre åra i vidaregåande opplæring. Komiteen fekk og gjennomslag for å endra på formuleringa allmennfagleg studieretning til studiespesialiserande utdanningsprogram.

Eg har ikkje funne studiar der ein har sett på alle årstrinn *etter* innføringa av 2013-revisjonen av LK06, og der det å finna tendensar til kanonisering i forhold til skjønnlitterære tekstar er det primære formålet. Eg har derimot funne ei masteravhandling der ein har sett på gjennomføringa av nokre av intensjonane i Kunnskapsløftet, og der formålet med oppgåva var å undersøka korleis forlaga har prioritert tekstar når det gjeld opphav og sjanger. I denne studien har Marit Topnes Serigstad blant anna samanlikna talet på sakprosaetekstar med talet på skjønnlitterære tekstar. Ho har gjennomført ein kvantitativ innhaldsanalyse av dei same læreverka som eg har sett på. I studien kom ho fram til at det var stor skilnad mellom læreverka, og at det framleis var ei kvantitativ overvekt av skjønnlitterære tekstar. Når det gjaldt internasjonalisering, fann ho ut at kun ein liten del av tekstane har internasjonalt opphav (5 – 11,8 %). Ho meiner derfor at det er eit misforhold mellom intensjonane i læreplanen og læreverka. Samtidig avdekkar hennar studie at det var stor forskjell mellom dei fire læreverka i studien (Serigstad, 2016).

## 2.2 Læreboka som analyseobjekt

Lærebokforskning er viktig for å få kjennskap til kunnskaps- og verdiinnhaldet i skulen. Sjølv om lov, læreplanar og forskrifter legg grunnlaget for dei skulepolitiske intensjonane, gir lærebøkene viktig innsikt i kva skulen faktisk tar opp i undervisninga. Skrunes skriv at denne samfunns- og kulturkunnskapen er nyttig for alle som er interessert i innhaldet i skulen, slik som skulepolitikarar, foreldre, dei ulike utdanningsinstitusjonane og næringslivet (Skrunes, 2010, s. 112). Læreboka skal bidra til at skulen realiserer den politiske og samfunnsmessige målsetjinga som er uttrykt i lov og læreplanar, samtidig som den skal formidla fagkunnskapen. Skrunes påpeiker òg følgjande: «Læreboka representerer en form for sammensmeltning av politiske verdier, fagkunnskap og didaktisk tilrettelegging» (2010, s. 64). Det å forska på lærebøker er truleg blitt endå meir viktig etter at den offentlege godkjenningssordninga for lærebøker vart oppheva i år 2000. Eg kjem nærare inn på godkjenningssordninga lengre nede i dette underkapittelet.

Egil Børre Johnsen var sentral i etableringa av den skandinaviske lærebokforskninga, og han har omtalt lærebøkene som «den skjulte litteraturen» (1989). Han har og vore redaktør for boka *Lærebokkunnskap – Innføring i sjanger og bruk* (1999). Lærebøkene er moglege tolkingar av læreplanen. Ein av bidragsytarane i denne boka var Are Turmo, og han skriv blant anna at: «Den enkelte lærebokforfatter vil derfor måtte foreta tolkningar av planen når



læreboka skal skrives» (Turmo, 1999, s. 74). Den offentlege ordninga, kalla Nasjonalt læremiddelsenter, brukte følgjande definisjon på lærebøker:

Med lærebøker menes her alle trykte læremidler som dekker vesentlige deler av et fags mål, lærestoff og hovedmomenter eller hovedemner etter læreplan for vedkommende klassetrinn eller kurs, og som elevene regelmessig skal bruke. (her sitert frå Grepstad, 1997, s. 329).

Ottar Grepstad viser til at sitatet ovanfor er henta frå ei forskrift for godkjenningssordninga for lærebøker. Definisjonen har gradvis blitt presisert i 1962, 1984 og 1993 (1997, s. 329). Godkjenningssordninga hadde fire komponentar: Bøkene skulle bli godkjent fagleg, pedagogisk, språkleg og med omsyn til likestilling. Godkjenninga av innhaldet går tilbake til 1800-talet, og var frå starten grunngjeve i at kristendomsbøkene skulle vera i tråd med læra i kyrkja. I 1909 vart ordninga utvida til å omfatta alle fag. Skjelbred, Askeland, Maagerø og Aamotsbakken skriv òg følgjande om ordninga: «Men innføringa av Godkjenningssordninga kan også forstås som et uttrykk både for Venstre-statens, men etter siste krig også Arbeiderparti-statens ideologi om enhetsskolen» (Skjelbred et al., 2017, s. 18). Etter kvart vart læreplanane meir detaljerte og fekk status som forskrifter, og godkjenningssordninga hadde dermed meir eller mindre utspelt si rolle. Opphevinga vart grunngjeven med at det var læreplanen som skulle vera styrande for undervisninga, og det var ei oppgåve for lærarprofesjonen å vurdere og velje lærebøker (Skjelbred et al., 2017, s. 19). Etter at Nasjonalt læremiddelsenter vart avskaffa i år 2000 har vi derfor ikkje lenger noko kontrollorgan som sikrar at lærebøkene er i tråd med gjeldande læreplan. Det er derfor ikkje gjeve at forfattarane vel å følgja måla i læreplanen slavisk. Bøkene som er skrivne til læreplanane LK06 og 2013-revisjonen av LK06, har derfor ikkje gått gjennom ein slik kontroll, og fagstoffet vil derfor vera prisgjeve om forfattarane vel å vera, eller klarer å vera, tru mot gjeldande læreplan. Njål Skrunes, som blant anna har forska på lærebøker, skriv at det at godkjenningssordninga vart fjerna, ikkje var meint som noko signal om at staten ville ha mindre å seie i forhold til styring av skulen. Andre viktige styringsverktøy er skulelova, forskriftene til lova og læreplanane. Eit av måla med å fjerne godkjenningssordninga, var at vekta no skulle ligge på innhaldet i læreplanen og ikkje på læreboka. I tillegg hadde lærebok- og læremiddelsituasjonen endra seg, og ein kunne hente stoff til undervisninga frå mange kjelder. Lærarane fekk dermed større ansvar for at måla og innhaldet i læreplanen vart følgt opp (Skrunes, 2010, s. 53; Bratholm, 2001).

Høgskulen i Vestfold (som no er ein del av Universitetet i Sørøst-Norge) er med utgangspunkt i Senter for pedagogiske tekster og læreprosesser leiande innan lærebokforskninga i Noreg

(Skrunes, 2010, s. 41). Senteret har som mål å fremja forskning, undervisning og formidling av læringsressursar på alle trinn i oppvekst og utdanning. Dagrun Skjelbred og Bente Aamotsbakken er blant dei mest sentrale innan fagfeltet lærebokforskning. Skjelbred og Aamotsbakken har saman med Norunn Askeland og Eva Maagerø nyleg gjeve ut den første boka om norsk lærebokhistorie i ei samla framstilling. Boka har fått tittelen *Norsk lærebokhistorie – Allmueskolen-folkeskolen-grunnskolen 1739-2013* og vart utgjeven i 2017. Boka er eit resultat av eit omfattande forskingsarbeid som har pågått i 10 år. Bak på omslaget av boka står blant anna dette om lærebøker:

[...] lærebøker har stor makt over våre tenkemåter, verdier og kunnskap. Lærebøkene er en av samfunnets viktigste måter å forme framtidens borgere på – og barns og ungdoms nøkkel til selv å påvirke samfunnet. Kanskje er lærebøkene den mektigste litteraturen vi har? (Skjelbred, Askeland, Maagerø, & Aamotsbakken, 2017).

I ein presentasjon av boka skriv Skjelbred blant anna at «[...] få steder er utviklingen av en kanon så tydelig som i lærebøkene» (Skjelbred, 2017, s. 91). Ho kjem òg med eit døme på at lærebøkene er med på å etablere kanon:

Da terroren rammet oss 22. juli 2011, kunne tusenvis av mennesker synge «Til ungdommen» av Nordahl Grieg, også fordi de kjente dette diktet takket være skolens lærebøker. (Skjelbred, 2017, s. 91).

### 2.2.1 Bruk av lærebøker i undervisninga

Læreboktradisjonen står framleis sterkt i Noreg og vil dermed verka styrande for innhaldet i undervisninga. Ei undersøking gjort av Nordlandsforskning peikar på at lærarane i vidaregåande opplæring planlegg undervisninga si ut frå lærebøkene (Hodgson, Rønning, Skogvold, & Tomlinson, 2010, s. 57). Det tekstutvalet som forfattarane av lærebøkene føretek, vil derfor ha mykje å seie for dei tekstane elevane får kjennskap til. Lærebøkene er også det Rogne omtaler som *realiseringsarenaen* av læreplanane (Rogne, 2012, s. 69). Ifølgje Rogne forsvann den formelle samanhengen mellom læreplanane og læreverka med godkjeningsordninga, og det vil seie at ein ikkje kan krevje at lærebøkene følgjer læreplanen (Rogne, 2009, s. 2). Samtidig har det skjedd mykje med utviklinga og tilgangen til digitale læremiddel, og det kan ha ført til at ein del av lærarane i vidaregåande skule ikkje følgjer lærebøkene like slavisk lenger. Mange norsk lærarar er flittige brukarar av nettstaden

NDLA.no (Nasjonal digital læringsarena<sup>4</sup>), og supplerer med andre ressursar frå Internett i tillegg til læreboka. Omfanget av bruken av digitale læremiddel er det umogeleg å seie noko om så lenge ein ikkje har føretatt studiar av dette i klasserommet.

## 2.3 Læreplanar

Som dokument har læreplanverket LK06 status som forskrift til opplæringslova. Det inneber at læreplanen er eit juridisk bindande dokument for alle skular (Utdanningsdirektoratet, 2016). Læreplanen er òg eit politisk styringsdokument, som seier noko om kva politikarane eller samfunnet meiner er viktig at elevane kan. Så langt verkar det enkelt, men læreplanfeltet er mykje meir samansett og komplekst (Karseth & Sivesind, 2009, s. 26). Det er ikkje lett å definere omgrepet læreplan med få ord, men formuleringane vil gi føringar for verksemda i skulen i form av mål, skildring av fag, tema og stoff og prinsipp for organisering og vurdering (Karseth & Sivesind, 2009, ss. 25-26). Pål Hamre har blant anna skrivne følgjande om den norske læreplantradisjonen: «Ein sterk nasjonal læreplantradisjon har vore eit middel for sosial integrasjon og fellesskap, nasjonalkjensle og nasjonalt sjølvmedvit» (Hamre, 2014, s. 83). Ifølgje Britt Ulstrup Engelsen omfattar læreplanarbeid meir enn sjølve læreplan-dokumentet, og ho meiner derfor at ein bør sjå på ein læreplan frå ulike synsvinklar. Med dette meiner ho at ein kan vera opptatt av korleis den har blitt til og intensjonane bak den, innhaldet i sjølve læreplan-dokumentet, korleis den verkar inn på lærarane og elevane si verksemd. Engelsen viser òg til John I. Goodlad som opererte med fem ulike læreplannivå, som han omtalte som «læreplanens framstillingsformer»: den ideologiske læreplanen, den formelle læreplanen, den oppfatta læreplanen, den gjennomførte læreplanen og den erfarte læreplanen. Dei fem nivåa er med på å illustrera at det tar lang tid frå dei ideane som vert nedfelt i sjølve læreplandokumentet, til det finn stad læring og sosialisering hos elevane (Engelsen, 2015, ss. 27-28). Min studie i eit slikt perspektiv vert å sjå på samanhengen mellom den formelle læreplanen og den oppfatta læreplanen (av lærebokforfattarane). I tillegg kan ein argumentere for at lærebøkene også grip inn i den gjennomførte læreplanen, sidan forskning viser at lærebøkene i stor grad vert brukt i skulen. Ludvigsenutvalet seier dette om læreplanane si rolle i skulen: «Læreplaner er både styringsverktøy og faglige og pedagogiske

---

<sup>4</sup> Nasjonal digital læringsarena (NDLA) er eit interfylkeskommunalt samarbeid. NDLA tilbyr opne digitale læringsressursar for bruk i vidaregåande skule. Hordaland fylkeskommune er juridisk ansvarleg for samarbeidet. NDLA er blant anna tildelt Open Education Awards for Excellence 2017 innan kategorien «Beste åpne portal» (Nasjonal digital læringsarena, 2017).

verktøy for å planlegge og gjennomføre undervisning. Læreplanenes innhold og form har derfor betydning for praksis i skolen» (NOU, 2014:7, s. 15).

Ludvigsenutvalet ønskjer at norskfaget skal slankast, og at det skal vera mogleg å gå meir i djupna i faga enn det som er tilfelle i dag. Norskfaget er kanskje det faget som har fått tilført flest emne. Ein kan til dømes nemna samansette tekstar, retorikk og større vekt på saktekstar enn det som var tilfelle før LK06 og 2013-revisjonen av LK06. Mykje stoff har derfor blitt tilført norskfaget utan at noko har blitt fjerna. Dette kan ha ført til at det vert vanskeleg å jobbe grundig med dei ulike emna i faget. Dei nye emna som er tilførte, kan òg tenkjast å ha utfordra og svekt skjønnlitteraturens tradisjonelt sterke rolle i norskfaget.

### 2.3.1 Føringar i læreplanane

Lærebøkene skal i utgangspunktet vera skrivne i tråd med gjeldande læreplanar, og det er derfor naturleg å seie noko om kva som står i læreplanane om skjønnlitteratur. Skjelbred et. al. skriv blant anna i boka *Norsk lærebokhistorie – Allmueskolen-folkeskolen-grunnskolen 1739-2013* (2017) at det er vanskeleg å studera lærebøker utan å sjå dei i relasjon til gjeldande lover og læreplanar. Sjølv om forfatarane av den nemnte boka her først og fremst tenkte på tidlegare lover og planar, så skal innhaldet i bøkene framleis følgja dei intensjonane som står i den gjeldande læreplanen (Skjelbred, Askeland, Maagerø, & Aamotsbakken, 2017, s. 13).

Skulen sin kanon vart på ny nærast læreplanfesta med innføringa av R94 etter å ha vore ute sidan 1976. 2013-revisjonen av LK06 gir derimot ingen føringar for kva tekstar eller forfattarar elevane skal bli kjent med, og det er derfor interessant å finna ut om det framleis finst ein kanon i læreverka. Har eigentleg tekstutvalet i læreverka endra seg etter innføringa av Kunnskapsløftet? Før R94 vart innført stod det ikkje nemnt spesifikt i læreplanane kva forfattarar og tekstar elevane skulle gå igjennom i norskfaget i vidaregåande opplæring, og det var dermed opp til lærarane og utvalet i dei tekstantologiane som elevane fekk presentert. Det var først då vi fekk R94 at det var lista opp kva forfattarar elevane «burde» eller «skulle» lesa. Ein av Aamotsbakken sine hypotesar for studien *Skolens kanon – vår viktigste lesedannelse?* var at:

[...] en lite spesifikk plan likevel har blitt praktisert relativt likt rundt omkring på landets videregående skoler, samt at det er den uskrevne kanon som styrer en slik praksis. [...] Det er et faktum at verkpakkene som ble anvendt hyppigst i 1970-, 1980- og 1990-årene før Reform 94 var sammensatt av en påfallende ens litteraturutvalg når

det gjaldt antologidelene av verkpakkene. Selv om planene derfor ikke synliggjør skolens kanon, kan vi som lesere og betraktere lese ut og registrere en klar kanonisering når vi tar for oss antologier fra dette tidsrommet. (Aamotsbakken, 2003, s. 4).

For å illustrere det som har skjedd kring kanon i litteraturundervisninga i Noreg og Danmark, har Eiliv Vinje summert dette i ein skala med tre trinn. Dei ulike trinna viser grad av styring i utveljinga av forfattarar. Det første trinnet (1) har inga styring og nemner ikkje namn på forfattarar, og det er her ein kan plassera LK06. Det andre trinnet (2) har moderat styring, noko som betyr at ein tek med døme på forfattarar. Det er på trinn to vi kan plassera R94. Nivå tre har han definert som sterk styring i forhold til utveljing av spesifikke tekstar, og det er her ein opererer med kanon i litteraturundervisninga. Som ein motreaksjon til ein læreplan som ikkje inneheld føringar for kva litteratur danske born og ungdom burde bli kjende med, såg danskane til Noreg då dei i løpet av 2004 utarbeida tre kanonlister. Den eine av desse listene, «Den felles kanon», er obligatorisk og inneheld dei forfattarane alle skal lesa noko av. I Danmark er kanon-rapporten ei tilføyning til den eksisterande læreplanen (Vinje, 2005, ss. 72-73). To år etter gjekk Noreg i motsett retning ved innføringa av LK06.

I R94 er ordet skjønnlitteratur nemnt 13 gonger og litteratur nemnt 85 gonger, medan i LK06 er ordet skjønnlitteratur berre nemnt tre gonger og litteratur er nemnt 13 gonger (Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, 1993; Utdanningsdirektoratet, 2013). Dette er ein relativt stor skilnad, ikkje minst med tanke på at R94 berre gjaldt vidaregåande skule, medan LK06 skal dekke både grunnskulen og vidaregåande skule. I LK06 er ordet skjønnlitteratur nemnt under overskrifta «Formål» og der står det følgjande: «I løpet av opplæringa skal de lese skjønnlitteratur og sakprosa, utvikle evnen til kritisk tenkning og få perspektiv på teksthistorien». Den andre gongen ordet er nemnt er under overskrifta «Kompetansemål etter 2. årstrinn» i grunnskulen som eit av måla for opplæringa under «Språk, litteratur og kultur»: «[f]inne skjønnlitteratur og sakprosa på biblioteket til egen lesing». Den tredje gongen ordet er nemnt er under overskrifta «Kompetansemål etter Vg1 – studieforbereidende utdanningsprogram og Vg2 – yrkesfaglige utdanningsprogram» som eit av måla under «Skriftlig kommunikasjon»: «[l]ese et representativt utvalg samtidstekster, skjønnlitteratur og sakprosa, på bokmål og nynorsk og i oversettelse fra samisk, og reflektere over innhold, form og formål» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Ulike versjonar av ordet tekst derimot, er nemnt 151 gonger i LK06 (tekst, tekstar, tekstkompetanse, tekstkultur o.l.) (2013). Vi ser at dei tre gongane skjønnlitteratur er nemnt, er det konsekvent sidestilt med sakprosa. Det ser ut som eit ekspanderande tekstomgrep tar opp i seg skjønnlitteraturen som ei av mange tekstformer.

Bakken og Andersson-Bakken har i artikkelen «Forståelse av skjønnlitteratur og sakprosa i norskfagets oppgavekultur» peika på at ein ikkje finn definisjonar av omgrepa skjønnlitteratur og sakprosa i læreplanen for norskfaget (2013-rev. av LK06) for vidaregåande skule. Dei skriv blant anna:

[...] men måten begrepene brukes på, indikerer en forståelse som ligger nær den vi fant i den norske sakprosaforskningen: Det er arten av virkelighetsreferanse som skiller de to kategoriene, og skjønnlitteraturen tillegges ingen spesielle egenskaper som krever at den skal arbeides med på andre måter enn sakprosaen. (Bakken & Andersson-Bakken, 2016, s. 9).

Står det i det heile i den siste lærerplanen noko om kva litteraturundervisning bør vera? Hallvard Kjelen har skrivne ein debattartikkel med tittelen «Litteratur i skolen» i tidsskriftet *Bedre skole* der han blant anna seier at skjønnlitteraturen så å seie er gjort usynleg i den gjeldande læreplanen. Han skriv òg at planverket manglar gode grunngjevingar for kvifor ein skal lese litteratur i skulen. Kjelen utdjupar dette nærare ved å seie at ein kan argumentere for bruk av litteratur innanfor ein literacy-diskurs, eller til dømes innanfor ein tradisjonell humanistisk danningdiskurs (Kjelen, 2017, ss. 86-87). Wolfgang Klafki er sentral når det gjeld teori om danning. Han deler danningsteoriane i to store grupper, og skil mellom material og formal danning. Material danning vil seie at ein er opptatt av objektsida, at elevane skal tileigne seg kunnskap eller tenkjemåtar, og innhaldet er derfor det ein fokuserer på. I formale danningsteoriar legg ein ikkje vekt på innhaldet, men den verknaden danningssinnhaldet har på eleven, det vil seie subjektsida. Min studie legg vekt på *material* danning – innhaldet i det elevane lærer blir viktig i ein kanon (Klafki, 2001, s. 172). Ein kanon i skulen betyr at det materiale danningssinnhaldet er spesifisert.

Den generelle delen av læreplanen, som har stått uforandra sidan Gudmund Hernes innførte R94, uttrykkjer at norskfaget må avspeгла det tekstmangfaldet ein finn i samfunnet rundt skulen. R94 var ein læreplan som såg på litteratur nærast som einstyddande med skjønnlitteratur, og arbeid med litteratur var eit av seks hovudmål for grunnkurset for studieretningane for felles allmenne og økonomiske/administrative fag, musikk, dans og drama og idrettsfag. Under «Mål 4 Litteratur» står det følgjande:

Elevane skal ha kunnskap om norsk litteratur i ulike sjangrar med hovudvekt på litteratur frå tida etter 1940. I nokon grad kan ein også trekkje inn tekstar frå andre nordiske land og frå verdslitteraturen. Det er eit mål at arbeidet med litteraturen skal skape interesse for og glede over å lese litteratur. (Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, 1994).

Under måla for grunnkurset står det rett nok ikkje nemnt kva forfattarar elevane skal lesa, men det kjem derimot tydeleg fram under måla for VKI og VKII. Litteratur er òg spesielt nemnt under den generelle informasjonen som gjeld norskfaget som heilheit. Der står det blant anna at arbeid med litteratur har brei plass i faget (Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, 1994). I LK06 finn ein ingen definisjon av skjønnlitteratur og sakprosa, men det står under overskrifta «Grunnleggende ferdigheter» at elevane skal utvikla kompetanse til både å «[f]orstå, tolke, reflektere over og vurdere stadig mer komplekse tekster i ulike sjangere» (Utdanningsdirektoratet, 2013). I R94-planen derimot, var det dei viktige sidene ved skjønnlitteraturen som vart framheva: «God litteratur er ein viktig stimulans både etisk og estetisk og gir elevane perspektiv på eigne røynsler» (Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, 1994, s. 2).

Etter innføringa av LK06 skulle skjønnlitteratur og sakprosa bli meir likestilte, og dette kan sjølvstøtt òg ha påverka utvalet av skjønnlitterære tekstar. Med 2013-revisjonen av LK06 vart litteraturomgrepet nesten borte, og det vart konsekvent likestilling mellom skjønnlitteratur og sakprosa. I læreplanen kjem dette til syne under skildringa av formål med norskfaget: «I løpet av opplæringa skal de lese skjønnlitteratur og sakprosa [...]» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Det kjem og indirekte fram i læreplanmåla for dei ulike trinna, som til dømes under kompetansemål for hovudområdet «Skriftlig kommunikasjon» for Vg1, studieførebuande utdanningsprogram. Der står det blant anna at elevane skal kunna: «[l]ese et representativt utval samtidstekster, skjønnlitteratur og sakprosa [...]» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Det står ikkje eksplisitt nemnt i LK06 korleis ein skal vektleggja sakprosa og skjønnlitteratur, men det vide tekstomgrepet inneber at omgrepet *tekst* skal dekkja både skjønnlitteratur og sakprosa. Likestillinga av skjønnlitteratur og sakprosa var ei av dei viktigaste endringane frå R94 til LK06. Dette skjedde samtidig med at tekstomgrepet vart utvida med hovudområdet samansette tekstar. Norskfaget har i tillegg fått tilført stadig fleire emne, og mange har tatt til orde for at norskfaget har blitt utsett for emnetrengsel. Dette kan ha skjedd på kostnad av prioriteringa av skjønnlitteraturen. I LK06 nyttar ein nesten berre omgrepet tekst. R94 la til grunn eit lengdesnittsperspektiv, der ein på GK skulle lese litteratur frå etterkrigstida og fram til i dag. Deretter skulle ein, på VK1 og VK2 lese seg gjennom heile litteraturhistoria. Dette skil R94 frå læreplanane LK06 og 2013-revisjonen av LK06, som legg mindre vekt på det å lesa tekstane i kronologisk rekkefølge. 2013-revisjonen av LK06 legg vekt på det komparative, å samanlikne tekstar med kvarandre – nye tekstar mot eldre, norske tekstar mot tekstar frå andre kulturar. Dette viser og igjen i eksamensoppgåvene for avgangselevane på

Vg3. I eksamenssettet for norsk hovudmål våren 2017 skulle elevane samanlikne eit utdrag av *Et Dukkehjem* (1879) av Henrik Ibsen med eit utdrag av TV-serien *Skam* (2016).

Oppgåveteksten var formulert som følgjer:

I dei to vedlagde tekstane møter vi to kvinner med same namn. Nora i *Et Dukkehjem* ønskjer å forlate mannen sin, Torvald Helmer. Noora frå tv-serien *Skam* prøver å overtale kjærasten William til ikkje å reise frå ho. [...] Samanlikn dei to tekstvedlegga, og plasser dei i ein kulturhistorisk samanheng. [...] Kommentar: Du skal samanlikne både form og innhald og bruke konkrete eksempel frå tekstvedlegga. Når du plasserer tekstane i ein kulturhistorisk samanheng, skal du vise kunnskap om tida tekstane er skrivne i. (Utdanningsdirektoratet, 2017).

I LK06 har ein gått vekk frå den kronologiske gjennomgangen av litteraturhistoriske periodar. Læreplanen legg større vekt på samtida og samtidslitteratur, og dei litteraturhistoriske periodane har blitt erstatta med samanlikning og perspektiv. I Kunnskapsløftet nyttar ein eit vidt tekstomgrep der alt eigentleg er tekst, både skrift, tale, bilete og musikk.

Nordlandsforskning har i ein rapport hevda at tekstomgrepet har blitt så vidt at det gjer det vanskeleg å analysere planen. Dei grunngir dette med at vi heile tida blir forstyrta av det tradisjonelle tekstomgrepet, det skrivne ord. I rapporten til Nordlandsforskning står det og følgjande: «Bare det at det ene hovedområdet kalles *mundlige tekster*, at det å gi en beskjed er en tekst, gjør at lesing og tekst ikke lenger er knyttet sammen. Ikke alle tekster er lesbare» (Fiva & Krogtuft, 2008, s. 92).

## 2.4 Kanon

Når kan ein definere ein tekst som ein kanon-tekst og ein forfattar som kanon-forfattar? Kva er skulekanon kontra allmenn kanon? Sjølv om eg skal konsentrere meg om skulen sin kanon, meiner eg det er nødvendig å prøva å klargjera om det er nokon forskjell mellom den generelle kanon og skulen sin kanon. Eg vil og framstilla noko av det som har kome fram i debatten kring kanon.

### 2.4.1 Omgrepet kanon

Først til sjølve omgrepet kanon. Den etymologiske tydinga av ordet kanon er eigentleg rettesnor eller målestokk og vart opphøveleg brukt om dei autoriserte bibelske skriftene



(Seim, 2018). I denne oppgåva er det definisjonen av den litterære kanon som er interessant, men Aamotsbakken meiner at ein på mange måtar kan samanlikna den litterære kanon med den religiøse kanon fordi inklusjons- og eksklusjonsmekanismane verkar med stor autoritet for begge (Aamotsbakken, 2011, s. 115). I *Litteraturvitenskapelig leksikon* er omgrepet kanon definert slik:

Den litterære kanon betegner det settet av litterære verk som inngår i en nasjonallitteratur eller en klassisk litterær tradisjon, dvs. de forfatterskap eller verker som blir ansett for verdifulle i dannelsen av den nasjonale eller kontinentale identitet, f.eks. i den norsk litterære arv «de fire store»; Ibsen, Bjørnson, Kielland, Lie eller den Vest-Europeiske litterære tradisjon med Homér, Sofokles, Dante osv. (Lothe, Refsum, Solberg & Kittang, 2007, s. 118).

Ein vanleg måte å vise til at ein tekst bør reknast med i den litteraturhistoriske kanon, er blant anna å vise til det litterære verket eller forfattaren sin estetiske verdi, den kunstnariske kvaliteten som gjer at verket står seg over tid, og vert rekna som allmenngyldig og klassisk litteratur (Lothe et al., 2007, ss. 103-104). Torill Steinfeld hevdar at omgrepet kanon, brukt om skjønnlitteratur: «[...] erstattet betegnelser som nasjonallitteratur, verdslitteratur og, til dels, klassikere» (Steinfeld, 2009, ss. 171-172). Vidare skriv ho:

En kanon-tekst behøver med andre ord ikke å ha vært lest og gjenlest, memorert og sitert av generasjoner av lesere. [...] Mens «nasjonallitteratur» kom i en litteraturhistorisk pakke med folkeoppdragende siktemål, er vår tids oppmerksomhetssøkende kanonprosjekter orientert mot opplisting, estetisk vurdering av enkeltverk og de aktualiseringsmuligheter disse tilbyr moderne lesere. [...] Verkene lever her og nå; derfor er de lesverdige og stadig verd både debatt og medieoppmerksomhet. (Steinfeld, 2009, s. 172).

Eiliv Vinje (2005, s. 76) skriv at forskjellen mellom den litterære kanon og den religiøse kanon blant anna er at den litterære kanon listar opp forfattarar, mens den religiøse kanon samlar på tekstar. Han hevdar òg at:

Ein kanon gir seg altså ikkje av seg sjølv. Den er resultat av medvite og møysommeleg strev, og blir støtta og forvalta av ein institusjon som *sensur*, i tillegg til at tekstane blir tatt vare på i kunnskapsinstitusjonar, i form av *tekstkritikk* og *utlegging av meininga i teksten*. (Vinje, 2005, s. 78).

Vinje seier òg at det inneber ein risiko at sjølve ordet kanon har kome i forgrunnen og blitt populært. Faren er dermed stor for at omgrepet tapar presisjon og vert tappa for innhald (2005, s. 75).

Omgrepet kanon er, i den litterære tydinga av ordet, uløyselig knytta til den amerikanske professoren Harold Bloom og boka *The Western Canon. The Books and School of the Ages* (1994). Boka er oversett til norsk med tittelen *Vestens litterære kanon. Mesterverk i litteraturhistorien* (Bloom, 1996). Torill Steinfeld skriv at det var først i samband med debatten kring Bloom si bok, midt i 1990-åra, at kanonbegrepet vart offentleg utbreitt som eit litteraturfagleg omgrep i Noreg. Vidare skriv ho at den «særnorske» varianten av litteraturkanon knapt er hundre år gamal (Steinfeld, 2009, ss. 170-171). I den nemnte boka tar Bloom for seg 26 forfattarar og skildrar kvifor dei har blitt kanoniske i kulturen vår, og framhevar særleg William Shakespeare som den mest sentrale i den vestlege kanon. Bloom er ikkje opptatt av debatten mellom dei høgreorienterte forsvararane av kanon og det han skildrar på følgjande måte: «[...] det akademisk-journalistiske nettverk jeg har døpt De hevnjerriges skole, som ønsker å rive ned kanon for å fremme sine formentlige (og ikke-eksisterende) programmer for samfunnsending» (Bloom, 1996, ss. 12-14). Ifølgje Hamre avviser Bloom at vi vert betre samfunnsborgarar ved å lese og grunngir lesinga med det estetiske. Det estetiske vert uavhengig av samfunnet rundt og noko som berre gjeld individet (Hamre, 2014, s. 72). Hamre seier òg at Bloom og debatten kring boka viser nokre problematiske sider ved det å ha ein «[...] utelukkande estetisk posisjon i høve kanon [...]» (2014, s. 76). Vidare hevdar han at

[...] Estetikken kan då fort bli elitisme. Bloom ser det slik at berre nokre få personar har intellekt og fantasi nok til å ta inn over seg den sterkaste diktekunsten. Eit slikt synspunkt utfordrar demokratiske og i vår tid politisk korrekte ambisjonar om at kunsten skal vere for alle – ja, alt skal vere for alle. [...] Estetikken fører Bloom til ein elegisk posisjon der alt var betre før, samtida er prega av forfall, skildringa av kultur og universitetskultur blir ein diagnostisk klagesong. [...] Bloom sitt bidrag illustrerer meir enn noko anna den personlege komponenten ved kanondanning og rangering av litteratur: Det kanoniske blir det som har openberringskarakter for Bloom sjølv, resten blir for han apokryfe tekstar. (Hamre, 2014, ss. 76-77).

Hamre skriv òg at kanon er ei «vurderingssak», og at debatten i ettertid har vist at den er «diskutabel». Ein kjem dermed ikkje utanom det å diskutera og reflektera over kvalitet på sjølve litteraturen og kva type kriterium ein skal gå etter for å vurdere dette (2014, s. 77). Laila Aase har ein definisjon av danning der ho viser til «oppvurderte kulturformer» (Aase, 2005, s. 37). Spørsmålet blir då – kva er oppvurderte kulturformer? Kven bestemmer kva som er oppvurderte kulturformer? Ein av aktørane som er med på å bestemme dette, er forlaga. Særleg gjeld dette «skulens kanon» der forlaga og lærebokforfattarane bestemmer kva for tekstar som skal vere i antologiane.

## 2.4.2 Kanondebatten

Kanondebatten dukkar opp med jamne mellomrom, og no er den kanskje meir aktuell enn nokon gang. Både sjølve omgrepet kanon og ikkje minst spørsmålet om ein i det heile skal ha ein kanon er omdiskutert av fleire grunnar. Her er det først og fremst debatten kring spørsmålet om ein skal ha ein kanon eller ikkje eg vil koma inn på. Eg vil først gå tilbake til eit innlegg som opphavleg stod på trykk i Klassekampen i 2013, der forfattar Edvard Hoem kritiserte venstresida fordi han meiner dei ikkje vil ta vare på kulturarven og den litterære kanon i norskfaget. Han framstiller det som eit paradoks at samstundes som landet førebudde seg på totusenårsjubileet for grunnlova av 1814, vil ein redusere tydinga av dei lange linjene i norsk historie. Hoem skriv vidare at ein vil «[...] erstatte ein identitet bygd på språk og tradisjonar med ei multikulturalistisk samfunnsforståing og ein global identitet» (Hoem E. 2013, s. 9; Eide O., Schulze, Garthus, Ystad, & Græsli, 2014, s. 337). Han meiner at dersom ein skal bli verdsborgar er det nettopp ein føresetnad at ein kjenner røtene sine. Det vert derfor uro av at det vert opp til den einskilde om ein kjenner til verka til Ibsen og Wergeland i skulen i Noreg (Hoem, E., 2013, s. 9; Eide et al., 2014, s. 338).

Tidlegare kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen og Høgre sin programkomité har ytra eit ønske om å utarbeida ein kulturkanon. Dette har ikkje «falt i god jord» blant alle, og både politikarar og forskarar har engasjert seg i debatten. Utdanningsforbundet er blant dei som er skeptiske til ein kulturkanon, og grunnir dette med at dei er redd for at ein kulturkanon ikkje vil gagne norske elevar og lærarar (Larsen D. E., 2017). Kulturkritikar Knut Hoem starta ein debatt etter å ha lese sonen si lærebok frå ungdomstrinnet. Han har kritisert både lærebøker og læreplanen og meiner at teori og metaspråk om ulike lesestrategiar har fått for stor plass i norskfaget, og etterlyser nettopp den nasjonale kulturarven som kanonlitteraturen representerer (Hoem K., 2016; NRK, 2017). Benedicte Eyde, dagleg leiar i Landslaget for norskundervisning, meiner blant anna at det er viktig å gi dei unge nyttige reiskap for å kunna delta i samfunns- og arbeidsliv, og støttar tankegangen knytt til literacyomgrepet. Ho meiner at lese- skrive- og talekompetanse er eit grunnleggjande premiss for danning. Eyde meiner derfor at det er naturleg at det blir litt mindre plass til tekstar frå «den norske kulturskatten». Eyde seier blant anna at: «Det holder ikke bare å lese den nasjonale kulturarven fra norrøn litteratur, folkediktning til Undset og så «vipps!» sitter vi der med dannede elever» (Grimsgaard, Pettersen, & Skjelderup, 2016). Forfattar Jon Fosse støttar forslaget til Røe Isaksen, men meiner at det er viktig med ein viss avstand i tid for at eit verk skal koma med i ein kulturkanon. Han går såpass langt som å seie at ingen nolevande kunstnar skal vera med,

alternativt foreslår Fosse at ein fastset at verket må vera ti, tjue eller tretti år gammalt for å bli vurdert. Dette grunngir Fosse med at det kan vera vanskeleg for samtida å vurdere om eit verk er godt eller dårleg og minner om korleis samtida tok imot Ibsen, Munch og Hertevig. Han meiner òg at det ikkje må vera kvantitative omsyn som popularitet og utbreiing som avgjer, og dei som skal velja ut kva verk som skal med på lista, bør vera dei fremste på kvart kunstfelt. Fosse er opptatt av at ei kanonliste må ha som hovudmål «å rettleia interesserte konsumentar» (Sandvik, 2017, s. 50) og framhever dette slik:

Det er ikkje for kunstnaranes skyld at kanoniske lister eventuelt vert laga, men for å hjelpa særleg dei unge som prøver å orientera seg i det kommersielle, kapitalistiske presset dei stendig lever under, med å finna fram til verk som har varig verdi. Og som nesten alltid motseier dei ulike press ein elles ofte er utsett for. (Sandvik, 2017, s. 50).

Forfattar Cecilie Løveid meiner òg at ein kulturkanon kan vera bra, og fungera som eit godt kulturelt oppslagsverk. Ho er derimot skeptisk til at berre forfattarar som er døde skal vera med, og dreg parallellar til det som skjedde i Danmark. Løveid meiner at den danske kanon vart «gørrkjedeleg» (Sandvik, 2017, s. 50). Sosiolog og forfattar Kjetil Rolness skriv i helgekommentaren i Dagbladet:

[...] bør en kanon ikke handle om en snever kultursektor, men om kultur i den vide, dype, antropologiske forstand. Ikke en liste av vedtatt viktige verker fra fortiden, men av levende verdier og tradisjoner som folk faktisk opplever som felles og viktige. (Rolness, 2017, s. 43).

Sylvi Penne og Laila Aase er som deltakarar i IMEN, International Mother Tongue Education Network, med i eit europeisk kanonprosjekt, der dei har laga ei kvantitativ undersøking om lesevanar og erfaringar frå litteraturundervisning i skulen. Penne har intervju 52 16-åringar og lærarane deira om lesevanane. Intervjua vart gjort medan L97 var den gjeldande læreplanen i grunnskulen. Det vert òg gjennomført tilsvarande studiar Tyskland, England, Frankrike, Romania og Sverige. Eit av funna ho gjorde var at elevane hadde vanskar med å hugsa tekstane når dei las små utdrag frå litteraturen. Penne er imot kanon og kanonisering fordi ho meiner at det ofte handlar om noko heilt anna enn litteratur. Likevel meiner ho at det er viktig at elevane i det fleirkulturelle Noreg skal lesa og reflektera over forteljingar frå 1800-talet. Ho framhever at litteraturforskarar har fått ny interesse for melodramaomgrepet, òg det å lesa litteraturen frå 1800-talet på ein ny måte. Lesinga av litteraturen frå 1800-talet handlar no meir om «individets konstruksjon» i ei ny tid, og ikkje om nasjonsbygging (Penne, 2016, s. 1-5).

Andre som har kritisert kanon, og då særleg den generelle kanon, er feministiske kritikarar. Dei har hevda at: «[...] kvinnelige forfattere er blitt fortrent fra eller marginalisert i den litterære kanon som følge av at patriarkalske verdier har rådet i den litterære institusjonen» (Lothe et al., 2007, s. 104). Postkoloniale og marxistiske kritikarar har og undersøkt korleis andre ikkje-estetiske kriterium spelar inn i utvalsprosessen, og vist korleis rase, nasjonalitet og klasse ofte spelar inn i utveljinga av litterære kanon-tekstar (Lothe et al., 2007, s. 103). Då Harold Bloom gav ut boka *The Western Canon. The Books and School of the Ages* i 1994 blussa debatten om kanon opp igjen. I tillegg til det Hamre (2014) har vore inne på i forhold til at Bloom nærast utelukkande har ein estetisk posisjon i høve til kanon og dermed kan oppfattast som elitistisk, er boka blitt kritisert fordi den er vestleg og mannsdominert.

### 2.4.3 Skulen sin kanon kontra den allmenne kanon

Først vil eg kome litt inn på det som ligg bak det Steinfeld kallar den «særnorske» varianten av litteraturkanon for undervisningssektoren. I artikkelen «Norsk kanon og kanondannelse – historiske linjer, aktuelle konflikter og utfordringer» skriv ho blant anna følgjande: «Etableringen av en særnorsk litteraturkanon for undervisningsformål skjedde innenfor rammen av en forestilling om nasjonallitteratur som en samlende åndelig størrelse» (Steinfeld, 2009, s. 170). Dette låg som eit premiss for norskfaget og var gjeldande heilt fram til 1970-åra, og kom tilbake i «konstruktivistisk variant» i 1990-åra med planverka R97 for grunnskulen og R94 for vidaregåande skule (2009, s. 171). Det byrja i 1911, med den nye planen for norskfaget i gymnasiet. No skulle elevane berre lesa norsk litteratur, og litteraturen som var skrivne av danskfødte forfattarar, gjekk under kategorien «fremmed» litteratur, og skulle ikkje vera pensum til eksamen. Framand litteratur kunne ein lesa som eit slags tilleggspensum. I 1911-planen vart dei anbefalte verka nemnt eksplisitt<sup>5</sup>. Dei forfattarnamna som kom med på denne lista, var følgjande: Holberg, Wergeland, Welhaven, Collett, Ibsen, Bjørnson, Lie, Elster og Kielland. I tillegg til denne lista skulle ein lesa 50 sider med landsmållitteratur av Ivar Aasen, A.O. Vinje og Arne Garborg. Det var òg eit eige pensum

---

<sup>5</sup> Dei anbefalte verka i norskplanen for gymnasiet for 1911 var: Holberg: *Erasmus Montanus, Jeppe paa Bjerget, Jacob von Tyboe*. Wergeland: *Jan van Huysums Blomsterstykke, Jødinden, Den Engelske Lods*. Welhaven: *Norges Dæmring*. Camilla Collett: *Amtmandens Døtre*. Ibsen: *Kongsemnerne, Brand, De Unges Forbund, Samfundets Støtter*. Bjørnson: *Synnøve Solbakken, Sigurd Slembe, Maria Stuart, Arnljot Gelline, En Fallitt*. Lie: *Den Fremsynte, Gaa Paa, Familien paa Gilje*. Kristian Elster: *Solskyer*. Kielland: *Skipper Worse*. I tillegg skulle elevane lesa 50 sider landsmållitteratur av Ivar Aasen, A.O. Vinje (*Storegut, Ferdaminni frå Sumaren 1860*) og Arne Garborg (*Haugtussa, Kolbotnbrev*) (Steinfeld, 2009, s. 175)

for norrøn litteratur. Kanon var stabil i læreplanane frå 1911-1976. Deretter var den ute etter læreplanen frå 1976, før den blei gjeninnført i 1994. Etter 2006 har ikkje læreplanane noka form for kanon. Størstedelen av 1900-talet hadde såleis ein stabil kanon som var læreplanfesta (Steinfeld, 2009, ss. 175-178).

Men kva er egentleg forskjellen mellom den generelle litterære kanon og skulen sin kanon? Bente Aamotsbakken har skrivne artikkelen «Den skjønnlitterære teksten i spennet mellom den generelle litterære kanon og skolens kanon». I artikkelen drøftar ho kva som gir grunnlag for den generelle kanon og den skulelitterære kanon. Ho trekkjer òg inn kvalitetsomgrepet i vurderingane rundt kva som kan reknast som tap eller vinst gjennom å jobbe med tekstane didaktisk. I skulen sin kanon er naturleg nok tekstutvalet meir avgrensa, og ein har måtta velja ut frå didaktiske og pragmatiske omsyn. Skulen sin kanon vert, i motsetnad til den generelle kanon, meir «allemannseige». For mange unge er det kun dei tekstane dei vert presentert for i skulesamanheng dei stiftar kjennskap til (Aamotsbakken, 2013, s. 50). Ho hevdar vidare at:

Skolens kanon har et tosidig forhold til den generelle litterære kanon ved at den følger etter og henter sine mønstre fra denne, men samtidig virker den «tilbake», slik at de tekstene som kanoniseres i skolen, understøtter og påvirker den generelle litterære kanon. Slik sett avspeiles et gjensidig avhengighetsforhold i vår litterære kultur. (Aamotsbakken, 2013, s. 50).

I artikkelen avrundar Aamotsbakken blant anna med å påpeike at skulen sin kanon kler tekstar inn i ein oppgåvediskurs, medan den generelle kanon lar tekstane stå relativt uavhengig og fritt. Sjølv om oppgåver og råd om lesing er meint som hjelp og støtte, kan dei òg ha motsett effekt, og stå i vegen for sjølve teksten (2013, s. 61).

Aamotsbakken skriv òg at kanon finst i ulike «former»: «Den kan eksistere i form av lister, representasjon i bøker og tidsskrifter, men den kan like gjerne virke som en skjult kraft bak i kulissene. Denne skjulte eller fordekte kanon er ofte å ane når det er tale om skolens kanon» (Aamotsbakken, 2011, s. 115).

## 2.5 Omgrepet skjønnlitteratur

Ordet skjønnlitteratur kjem frå det eldre omgrepet «den skjønne litteraturen», og stammar frå fransk «belle lettres», som tyder «skjønne skrifter». Det er ei fellesnemning for skrivne tekstar som vil formidle poetiske eller diktariske verdiar. Tekstane har ein tydeleg estetisk dimensjon (Lothe et al., 2007, s. 211). Det har ikkje alltid vore slik at skjønnlitteratur vart rekna som

finare reint estetisk. Eivind Tjønneland skriv, som medforfattarar av boka *Dei litterære sjangrane* (2018), blant anna at dei skjønnlitterære sjangrane ikkje var noko «finare» enn faglitteratur dersom ein går tilbake til opplysningstida. Peter Frederik Suhm, som var den første historieskrivaren i Noreg, sette til dømes historieskriving høgare enn romanar. I romantikken vart skjønnlitteraturen knytt til geniestetikken og fekk ein særskild plass i nasjonsbygginga etter 1814. I Noreg er framleis sjangersynet og litteraturhistorieskrivinga prega av romantikken. På bakgrunn av dette har skjønnlitteraturen ein mykje større plass i litteraturstudiet enn sakprosaen. Estetikken til Immanuel Kant prega blant anna dei tyske romantikarane. Tjønneland skriv òg følgjande:

[...] Kant meinte at geniet hadde ei eiga evne til å skape estetiske idear, og desse måtte ein kalle «skjønne». Omgrepet om den skjønne litteraturen er prega av denne tradisjonen. Men i dag er det ikkje lenger mogleg å seie at skjønnlitteraturen er «skjøn» medan sakprosaen ikkje er det. [...] Ein tekst treng ikkje, særleg ikkje etter at den romantiske estetikken braut saman, vere «skjøn» for å vere ein del av skjønnlitteraturen; han kan vere både hesleg, stygg, uforståeleg og galen. (Tjønneland, 2018, ss. 182-183).

Skjønnlitteratur står i motsetnad til sakprosa, som er tekstar som ikkje er litterære i utgangspunktet. I *Litteraturvitenskapelig leksikon* blir sakprosa skildra slik:

[...] tekster som redegjør for et saksforhold, herunder essays, vitenskapelige og populærvitenskapelige artikler, avisartikler, bruksanvisninger, diskusjonsinnlegg osv. [...] Vanligvis forventes det at sakprosaen ikke gjør bruk av fiksjon, men en del sakprosa kan også inneholde fiksjonselementer. (Lothe et al., 2007, s. 202).

Essay og kåseri ligg nær opp til skjønnlitteratur ved at dei har høg litterær kvalitet. Denne type tekstar vert definert som litterær sakprosa (Tønnesson, 2012, s. 34). Omgrepet «sakprosa» har ein nokså kort historie, og vart først omtala eller lansert i 1938. Det var den finlandssvenske filologen Rolf Pipping som nytta ordet i ein artikkel. Han brukte ordet sakprosa for å «framheve den saklege skrivemåten i bestemte typar prosa». Tjønneland skriv òg at Pipping nytta ordet til det han kalla «objektiv stil» og gjorde det til eit ord som var positivt lada, og la vekt på ein «rein intellektuell interesse». Omgrepet manglar parallellar i dei europeiske språka utanfor Skandinavia. På engelsk nyttar ein termen «non-fiction» for å skildra om lag dei same teksttypane. Sakprosaen handlar om det som skjer i verda, om fakta eller noko som har hendt. Skjønnlitteraturen handlar òg om verda, men skilnaden er at den ikkje treng å vise til fakta (Tjønneland, 2018, ss. 182-183).

### 2.5.1 Norskfaget og skjønnlitteraturen

I norskfaget har det vore tradisjon for at litteratur er synonymt med skjønnlitteratur, og det var litteratur ein skulle lese og jobbe med. Rogne skriv blant anna at «Tradisjonelt har tekstomgrepet i norskfaget vore knytt til litteraturvitskapen og lingvistikken, der ein i all hovudsak har sett på tekst som eit verbalspråkleg fenomen» (Rogne, 2008, s. 1).

Skjønnlitteraturen kom sterkare inn igjen i norskfaget etter skulereformene på 1990-talet. Pål Hamre skriv i sin doktoravhandling:

Med Hernes blei tradisjonen på ny løfta fram med styrke; norskfaget vart rehistorisert, rekanonisert og skjønnlitteraturen hadde på ny fått ei privilegert rolle som sjølv limet i nasjonen, som sjølv grunnlaget for dei felles referanserammene. (Hamre, 2014, s. 484).

Steinfeld hevdar òg at vi fekk ei «revitalisering av dannelsesstenkingen» (2009, s. 183). Ho skriv vidare: «1970-årenes anklager om dannelses som borgerlig fordom ble utfordret av et fornyet dannelsesbegrep» (Steinfeld, 2009, s. 183).

I fleire generasjonar fungerte Nordal Rolfsen si lesebok som kanon for folkeskulen. Det var den læreboka som fungerte mest som ei felles referanseramme for elevane i den norske skulen ifølgje utdanningsminister Hernes. Verket vart trykt i mellom åtte og ni millionar eksemplar frå det vart utgjeve i perioden 1892-1895 og til utpå 1950-talet (Skjelbred, Askeland, Maagerø, & Aamotsbakken, 2017, s. 130 og 331).

Skjønnlitteraturen i skulen har stått svært sterkt knytt til eit nasjonsbyggingsperspektiv. Det nye, i eit slikt perspektiv, er at skjønnlitteraturen si rolle vert utfordra av sakprosaen ved at dei blir likestilte. Hamre påpeikar at den klassiske perioden for skjønnlitteraturen i norsk skule var frå 1889 til om lag 1970, og at denne perioden hadde ein renessanse i perioden 1994-2006. Den gong trong ein ikkje legitimera lesinga av skjønnlitteratur, på bakgrunn av at den var ein uproblematisk del av nasjonsbygginga. I dag må ein grunngje kvifor ein skal jobbe med skjønnlitteratur i skulen (Hamre, 2014, s. 485). Hamre skriv òg at det kanskje er slik at «[...] viss eit emne skal vere sentralt i norskfaget, så må det legitimerast opp mot både reiskapssida og danningssida ved faget» (2017, s. 22). Vidare hevdar han at norskfaget i byrjinga var eit fag som var knytt til grunnleggjande ferdigheiter, men det var først i 1889 at faget «[...] òg inkorporerte eit nasjonalkulturelt danningperspektiv» (2017, s. 23).

I det 20. århundre har litteratur vore ein sentral del av morsmålsfaga i Skandinavia, men ein har i dei siste tiåra sett ei vending. Faget har gått mot språk og kommunikasjon, samtidig med



ei sterkare elevorientering, som også har ført til ei ny interesse for den skriftlege sida av faget. Dei digitale media har òg skapt endringar som ein truleg ikkje fullt ut kjenner konsekvensane av. Resultatet av dette har blitt at merksemda har blitt retta mot skriveundervisninga og dei digitale tekstane, medan skjønnlitteraturen har komen i skuggen eller er vorten tett knytt mot elevorientering. Nordfag-prosjektet, som starta i 2007, stilte blant anna spørsmål ved korleis dei skandinaviske morsmålsfaga vart formidla i ei multimodal og fleirkulturell verd. I oppsummeringskapittelet i boka *Den nordiske skolen – fins den? – didaktiske diskurser og dilemmaer i skandinaviske morsmålsfag* (2012) oppsummerer Krogh, Penne og Ulfgard tendensar i materialet. Sylvi Penne, som har sett på fagområdet litteratur, stilte blant anna spørsmål om kva vi eigentleg treng litteraturen til. I studien fann ho ut at læreplanane hadde ganske skråsikre svar på kva litteraturen hadde å seie, men meiner å spore ein viss ambivalens og dobbeltkommunikasjon i forhold til litteratur. Ho fann og ut at:

Planene *tillegger* litteraturen en virkning som «kultur» og «identitet» (positivt), men samtidig (spesielt i norske og svenske planer) *advares* mot de samme tekstene som kan virke negativt ved mulige nasjonale konnotasjoner i et flerkulturelt samfunn. Løsningen er blant annet å lese sitt lands tekster og hele tiden sammenligne med andre lands tekster. (Krogh, Penne, & Ulfgard, 2012, s. 248).

Penne fann òg at lærarane kunne ha vage og uklåre diskursive grunngevingar for å jobbe med skjønnlitteratur. Ho hevdar at dersom ein skal oppretthalde litteraturundervisninga, må ein få nye grunngevingar og ein må oppdatere litteraturdidaktikken (2012, s. 248).

## 2.6 Litteraturhistorie og kanon

Når ein skal studera kanontendensar i norskantologiar, kjem ein ikkje utanom å nemne den norske litteraturhistoria. Den litterære kanon og litteraturhistoria heng tett saman. Pål Hamre skriv blant anna at: «På eitt vis kan ein seie at kanon og litteraturhistorie er sider ved same sak, litteraturhistoria ordnar kronologisk og narrativt dei verka som etter kvart framstår som kanoniske» (2014, s. 71). Omgrepet litteraturhistorie vart for første gong nemnt i normalplanen for den høgre skulen i 1858, men først frå 1885 vart litteraturhistorie eksamensstoff i gymnaset. I denne perioden vart hovudmålet for litteraturlesinga i norskfaget nasjonalt og kulturhistorisk (Steinfeld, 2005, s. 62). Professor Jon Haarberg har nyleg gjeve ut boka *Nei, vi elsker ikke lenger – Litteraturen og nasjonen* (2017). Her kjem han med innspel i forhold til både litteraturundervisninga og den litterære kanon. Han skriv òg om

innkjøpsordningane, kulturarven og det faktum at tekstar kan bli forelda. Haarberg skriv at den første nokolunde stabile kanon først var etablert ved slutten av 1800-talet. Det var Henrik Jægers illustrerte med tittelen *Illustreret norsk Litteraturhistorie* (1896), den første store litteraturhistoria, og den vart utgjeven i tre bind i 1896. Samtidig, på 1890-talet, kom dei nye skulelovene som resulterte i nye pensa. Dette førte til at litteraturen frå det moderne gjennombrotet vart kanonisert, og nasjonen fekk Bjørnson, Ibsen, Lie og Kielland, seinare omtala som «dei fire store» (Haarberg, 2017, s. 96). Den norske litteraturhistoria er ein relativt ung disiplin. Litteraturhistorie vart til som ein pedagogisk sjanger for å hjelpe elevane til å forstå tekstar ut frå *teksten* si eiga samtid. R94 la opp til nettopp dette, medan LK06 (rev. av 2013) legg opp til at ein skal forstå tekstane ut frå eiga samtid. LK06 seier dette om formålet med norskfaget:

Norsk kulturarv byr på et forråd av tekster som kan få ny og uventet betydning når perspektivene utvides. Kulturarven er slik sett en levende tradisjon som forandres og skapes på nytt, og norskfaget skal oppmuntre elevene til å bli aktive bidragsytere i denne prosessen. (Utdanningsdirektoratet, 2013).

Torill Steinfeld, som sjølv har utgjeve ei lærebok i litteraturhistorie for ungdomsskulen, meiner at norsk litteraturkanon og litteraturhistorie langt på veg har mista sin legitimitet i skulen (2009, s. 168).

I dagens mediasamfunn har ikkje forfattarar av skjønnlitteratur den same status i politikk og media som tilfellet var for samtida til Ibsen og Hamsun. I dag er det sjeldan at forfattarar uttrykkjer meiningar om viktige samfunnsprospørsmål og politikk i debattar og opne fora. Haarberg viser til mediehistorikaren Hans Fredrik Dahl som seier at vi aldri har hatt ein rikare norsk litteratur enn det som er tilfellet i dag. Likevel meiner han at forfattarane ikkje spelar noka rolle for samfunnet og samfunnsdebatten. Han skriv blant anna at: «I den offentlege debatten slik den går og går i mangfoldet av kanaler, er litteraturen nesten fraværende annet enn som nullpunkt» (Dahl H. F., 2012, s. 52). Ifølgje Haarberg har Dahl henta omgrepet nullpunktet frå Roland Barthes: «[...] som betegnet litteraturens manglende frihet – de «nøytrale» skrivemåtene og den institusjonelle tvangstrøya – på denne løse og metaforiske måten» (Barthes, referert i Haarberg, 2017, s. 218). Dahl har fleire svar på grunnen til at det har gått denne vegen med litteraturen, men meiner at hovudårsaka er at vi har «tillatt litteraturen å kapsle seg inn» (ifølgje Haarberg 2017, s. 219). Haarberg, som er professor i allmenn litteraturvitskap og sjølv har vore ein forkjempar for den eldre litteraturen, skriv: «I likhet med litteraturen selv er litteraturforskningen altså i ferd med å ta farvel med

offentligheten. Litteraturforskning er blitt en form for akademisk hermetikk» (2017, s. 219). Han hevder videre at: «I det øyeblikk unionen mellom litteraturen og nasjonen oppløses og litteraturen mister sin funksjon som nasjonsbygger, mister den samtidig sin sosiale og politiske funksjon» (2017, s. 219). Haarberg skriver òg at i dag er det sporten som samler oss som nasjon, og at sporten dermed har overtatt den nasjonale funksjonen som litteraturen hadde tidligere. Dermed er det sporten som har fått den identitetsskapende funksjonen, og gjort litteraturen overflødig som nasjonsbygger. Han kjem med denne polemiske utsegna: «Nasjonal samhörighet skapes i vår tid av idrettshelter, ikke av forfattere eller litteraturhistorikere. Francis Bull etterfølger heter Arne Skeie» (2017, s. 221).

## 3 MATERIALE OG METODE

### 3.1 Metode

Problemformuleringa avgjer kva for ein metode som høver best for å kunna svara på det som er målet med forskinga. Eg vil finna ut om det framleis finst ein litterær kanon i norskantologiar for studieførebuande utdanningsprogram. Primærkjeldene i min studie er fire verkpakkar (til saman 12 lærebøker) i norsk som er nyskrivne eller reviderte etter revisjonen av LK06 i 2013. Eg vil òg sjå på læreplanane R94 og 2013-revisjonen av LK06. Den forskingsmetoden som høver best for denne typen studie, er dokumentanalyse.

Dokumentanalyse vert hovudsakleg rekna som ein kvalitativ metode, men det er ikkje uvanleg å kombinera den med andre metodar. Både kvalitative og kvantitative metodar har sine sterke og svake sider. Aase og Fossåskaret seier blant anna at ved å markera særtrekk og eigenart ved kvar av tradisjonane, vert det enklare å sjå at kvalitative og kvantitative metodar bidreg med ulike dimensjonar av kunnskap om eit felt (Aase & Fossåskaret, 2014, s. 12). På bakgrunn av dette, og inspirert av Cato Wadel, nyttar dei formuleringa kvalitativt orientert forskning (2014, s.13). Metoden eg kjem til å bruke er derfor i utgangspunktet kvalitativ, men for at det skal vera mogeleg å kartleggja det eg ønskjer å få svar på om kanoniseringstendensar, vil eg òg nytta datamaterialet kvantitativt. Den kvalitative metoden høver best når eg skal ut finne ut kva som står i skulen sine normtekstar om til dømes skjønnlitteratur og omgrepet tekst i norskfaget, medan eg vil nytta kvantitativ metode i form av tabellar ved oppteljing av forfattarar/tekstar, forholdet mellom sakprosa og skjønnlitteratur, oppteljing av sjangertype og førekomst av nøkkelomgrep i læreplanane (litteratur, skjønnlitteratur og tekst). Forskingsdesignet mitt vert derfor det som vert omtala som mixed methods. I min studie vil det å kombinera både kvalitativ og kvantitativ metode gjera det mogeleg å få svar på det eg vil oppnå med studien. Det er heller ingen vesentlege vanskar eller hindringar knytt til det å bruka mixed methods-forsking i mi oppgåve (Frederiksen, 2015, ss. 197-199). Når det gjeld designet vil eg nytta det som Brewer og Hunter (sitert i Frederiksen, 2015, s. 206) kallar ikkje-inngripande metodar, som ofte er vanleg ved ulike former for tekstanalysar. Det inneber at den metoden ein brukar for å samla data, ikkje påverkar det ein ønskjer å studera.

Datagrunnlaget vert stort når ein vel å ta for seg tekstantologiane for alle tre åra av studieløpet på vidaregåande skule, og det er derfor mogeleg å uttala seg meir sikkert når det gjeld

kanoniseringstendensar. Det at eg nyttar eit stort datamateriale, fører òg til at resultata vert meir truverdige. Det er heller ikkje gjeve at ein finn dei same tekstane i boka for Vg2 i alle læreverka. Tekstutvalet vert meir representativt dersom ein ser på komplette læreverk, og ikkje berre eitt årstrinn. Når ein nyttar dokumentanalyse, må ein kontekstualisera, dvs. at ein må seie noko om dei dokumenta eller det dokumentet som ligg bak dokumenta, eller som i dette tilfellet, dei læreverka ein skal studera. Det er derfor naturleg å sjå på kva læreplanen eller 2013-revisjonen av LK06 seier om det området eg har valt å studera nærare, og kanskje vel så viktig, kva læreplanen *ikkje* seier noko om. Det er òg sentralt å kome inn på kva som står i R94 om litteratur og val av forfattarar/tekstar. I tillegg til å definera omgrepet kanon er det nødvendig å sjå tilbake til R94 for å vite kva ein kanon-tekst eller kanon-forfattar eigentleg er i denne samanhengen. I motsetnad til LK06 nemnte R94 spesifikt kva forfattarar elevane skulle jobbe med. Når det gjeld læreplanane vil eg dermed gå inn og sjå kva dei har lagt vekt på, og om det eventuelt har gjeve nokre implikasjonar for val av tekstar i læreverka. Eg har dermed valt det som vert omtala som ei praktisk-induktiv tilnærming (Inglar, 2011). Skrunes skriv at når ein skal analysere kunnskapsinnhaldet i læreboka må ein hente perspektiv frå idégrunlaget i både læreplan og fagplan. Vidare hevdar han at:

Samtidig vil en lærebok alltid utvikle tekstene på en mer utførlig måte enn det fagplanene gjør. Dermed har lærebokforfatteren et spillerom som åpner opp for en rekke faglige vurderinger som kan ligge i forlengelsen av læreplanens og fagplanens ideer, men det kan også komme inn nye tolkningsperspektiver som kan stå i spenningsforhold til læreplan og fagplan, eller i et motsetningsforhold til dem. (Skrunes, 2010, ss. 74-75).

Det er viktig at ein vurderer datamaterialet i forhold til den problemformuleringa ein har valt. Under heile forskingsprosessen må ein vurdera datakvaliteten i forhold til reliabilitet og validitet. Skrunes peikar blant anna på at ein under gjennomføringa av tekstanalysen må ha ein objektivitet som er tekstorientert og sakleg skildrande. Ein må òg søkje etter ei nødvendig breidde for å unngå at analysen tek omsyn til eit skeivt utval av tekstar og døme (Skrunes, 2010, s. 108). Kriteriet med omsyn til breidde meiner eg er godt ivareteke i min studie med tanke på at eg tar føre meg alle verkpakkar som finst på marknaden for studieførebuande utdanningsprogram, som er nyskrivne eller reviderte etter læreplanrevisjonen i 2013.

Når ein driv med lærebokforsking eller dokumentanalyse må ein vera bevisst på at ein beveger seg på formuleringsarenaen og ikkje realiseringsarenaen. Ein lærebokstudie seier ikkje noko om kva som eigentleg skjer i klasserommet, men studiar av lærebøker er likevel interessante fordi lærebøkene står sterkt i dei norske klasseromma. Dei vil derfor verka

styrande for innhaldet i undervisninga. Idear og praksis kan stå i eit motsetnadsforhold, og det er slett ikkje sikkert at det er dei forfattarane og tekstane eg har sett på i denne studien det vert jobba med i klasserommet. Det er dette nivået Goodlad omtaler som den gjennomførte læreplanen. I tillegg reknar ein med at det tek mellom fem og sju år før ein læreplan vert implementert (Rogne, 2008).

Dei dokumenta eg har valt, er òg tilgjengelege for allmenta. I alle forskingsprosjekt må ein ta omsyn til ei rekke forskningsetiske vurderingar, og dette inneber at ein må setja seg grundig inn i dei forskningsetiske retningslinjene som er utarbeida av NESH (De nasjonale forskningsetiske komiteer). Forskingsetikk omhandlar òg formidling av forskingsresultat, og dette er vesentleg i alle forskingsprosjekt. Det inneber blant anna at ein må gi nøyaktig tilvising til både primær- og sekundærlitteratur. Dette er ein føresetnad for at forskinga skal kunne etterprøvast og gi grunnlag for vidare forskning. Derfor er det særleg dei forskningsetiske retningslinjene i §§ 41–46 som er aktuelle for mitt prosjekt (De nasjonale forskningsetiske komiteene - NESH, 2016). Det er blant anna viktig å vera klar over at eigne førestillingar truleg vil vera med på å prega framstillinga, og kva haldningar ein har til litteratur til dømes kan vera med på å prega framstillinga. Uansett kor nøytral ein prøver å vera vil ein alltid bera med seg eigne haldningar og fordommar. Det er viktig å vera klar over dette og prøva å ikkje la dette styra framstillinga og drøftinga av oppgåva. Målet mitt med denne undersøkinga er sjølvstakt ikkje å gi ein samla kvalitetskarakteristikk av læreverka. Det gir ikkje mitt datamateriale grunnlag for å seie noko om. Eg har heller ikkje hatt som hovudmål å *samanlikne* antologiane med omsyn til kanoniseringstendensar, men eg har ved enkelte høve også kommentert skilnader mellom verka. Det eg ønskjer å få svar på er om det framleis finst ein kanon, og kva forfattarar og tekstar ein kan rekne som kanoniserte eller «dels-kanoniserte».

## 3.2 Materiale

### 3.2.1 Presentasjon av verka i undersøkinga

I denne studien skal eg, som nemnt tidlegare, ta for meg alle verkpakkar som finst på marknaden i norskfaget for vidaregåande skule, studieførebuande utdanningsprogram. Ingen av desse lærebøkene er skrivne for yrkesfaglege studieprogram. Forlaga har laga eigne bøker for yrkesfag Vg1 og Vg2, sjølv om læreplanen er den same. Det betyr at dei bøkene som er

tiltenkt yrkesfaga, fell utanfor min studie. Primærkjeldene som ligg til grunn for datainnsamlinga vert derfor dei læreverka som er aktuelle for studieførebuande utdanningsprogram. Det er fire forlag som har gjeve ut verkpakkar for studieførebuande utdanningsprogram etter den siste revisjonen av LK06 i 2013, og det er Aschehoug (*Grip teksten*) (2013, 2014, 2015), Fagbokforlaget (*Intertekst*) (2013, 2014, 2015), Cappelen Damm (*Moment*) (2014, 2015, 2016) og Gyldendal (*Panorama*) (2013, 2014, 2015). Alle verka er såkalla fellesspråklege utgåver der ein skal finna tekstar på begge målformer, både i teoridelen og tekstsamlinga. Tidlegare var det vanleg at forlaga gav ut både bokmålsutgåver og nynorskutgåver, men dette har dei no gått vekk ifrå. I innleiinga til *Intertekst Vg1* har òg forfattarane skrive ei grunngjeving for at dei har valt å laga fellesspråklege utgåver av læreverka: «Vi tror det styrker skriveopplæringen å lese gode tekster både på bokmål og nynorsk i norskboka» (Garthus, Græsli, Schulze, & Stensby, 2013, s. 4). Det kan òg vera at dette dels er styrt av kostnadene ved det å laga nye verkpakkar, og eg ser derfor ikkje vekk ifrå at det kjem inn i biletet her. Forlaga sparer sjølvstundt ein god del på å berre laga ei utgåve, og dette kan vera både naudsynt og praktisk når læreplanane endrar seg såpass ofte som dei gjer i Noreg. Bøkene i min studie er òg inndelt etter same prinsipp og inneheld først ein studiedel eller teoridel, og bakerst i bøkene finn ein tekstsamlinga eller antologidelen.

I presentasjonen av dei ulike læreverka har eg tatt med det omtrentlege talet på sider, men dette er sjølvstundt berre retningsgivande. Både skrifttype, format og talet på illustrasjonar varierer frå verk til verk, og det blir derfor vanskeleg å samanlikna kor omfattande bøkene er dersom ein berre samanliknar talet på sider. Det totale sidetalet eg har oppgjeve, inkluderer tekstsamlingane i læreverka, men eg har òg valt å presisera kor mange sider sjølve tekstsamlinga utgjer av lærebøkene.

Johnsen, Lorentzen, Selander og Skyum-Nielsen har i boka *Kunnskapens tekster. Jakten på den gode lærebok* (1997, s. 53) skrive at det er spesielt interessant å sjå på forordet til ei lærebok, fordi det ofte indikerer motivet for skrivinga. Dei framhevar òg at forordet ofte er vegvisar for forfattaren sin filosofi og synet på undervisning. Det er òg mogeleg at det kjem fram i forordet kva dei har hatt i tankane når det gjeld tekstsamlinga. Eg har òg valt å sjå på forlaga sine nettsider med tanke på korleis dei omtaler verka sine. Når det gjeld presentasjonen av dei ulike verka, har eg i hovudsak vore mest opptatt av det som direkte eller indirekte gjeld tekstsamlingane i læreverka på bakgrunn av at det er dette eg har valt sjå på i min studie. Under presentasjonen av kvar bok viser eg òg korleis *tekstsamlinga* er organisert eller bygd opp. Som nemnt tidlegare er det antologidelen eg har konsentrert meg om i studien,

og det er derfor inndelinga eller organiseringa av tekstsamlingane eg har sett på, og ikkje korleis teoridelen er oppbygd. Her har eg brukt nøyaktig same inndeling og namn på overskriftene som forfattarane.<sup>6</sup> Eg har og valt å ta med læreverka sine definisjonar av omgrepet tekst.

### 3.2.1.1 *Grip teksten*

*Grip teksten* er utgjeve av Aschehoug forlag, og revisjonen av bøkene vart fullført våren 2015. Verket er skriva av forfattarane Berit Helene Dahl, Arne Engelstad, Ingelin Engelstad, Ellen Beate Hellne-Halvorsen, Ivar Jemterud, Arne Torp og Cathrine Zadjadi. Bøkene er på mellom 463 og 494 sider, og tekstsamlingane på 136 til 166 sider.

På nettstaden står det at norskverket skal dekke læreplanen for Vg1, Vg2 og Vg3 i studieførebuande utdanningsprogram. Forlaget tilbyr òg ein gratis elevnettstad som dei har kalla *Basis* knytt til kvart kapittel. Her finn ein «dei mest sentrale oppgåvene» som forlaget skriv sjølv (Dahl B. H., et al., 2013). *Pluss*-versjonen av nettsida er tilknyttabonnement, men den inneheld fleire oppgåver, tilgang til ressursar som *Mi side*, *Lydbok* og *Tekstbank*. Det er òg mogeleg å få *Grip teksten* som digital lærebok. Lærarnettstaden med digitalbok og forslag til undervisningsopplegg må ein abonnera på for å få tilgang til.

I innleiinga til Vg1-boka står det: «Vi må gripe dei tekstane vi møter, både for å forstå dei, leve med dei og bruke dei sjølve. I *Grip teksten* legg vi vekt på å utvikle *tekstkompetansen til eleven*, evna til å lese, forstå og produsere tekstar sjølv» (Dahl B. H., et al., 2013). Det første kapittelet i boka for Vg1 har forfattarane valt å kalla «1 Omgitt av tekster» og her finn ein òg definisjon på tekstomgrepet. Dei peikar på at omgrepet tekst oftare vert nytta i ei utvida tyding:

[...] *et samlebegrep som omfatter alle uttrykksformer en meddelelse eller ytring kan ha, uansett om den er skriftlig eller muntlig, inneholder bilder eller lyd eller består av kombinasjoner av alt dette.* (Dahl B. H., et al., 2013, s. 15).

Første del av Vg1-boka inneheld tekstar om kulturmøte og kulturkonfliktar. Deretter er tekstane ordna etter sjanger, og innanfor kvar sjanger er tekstane ordna kronologisk.

---

<sup>6</sup> Eg har og nytta den same målforma på overskriftene som ein finn i bøkene.



Oppgåvene til tekstane «[...] legg vekt på å øve inn faglege omgrep» (Dahl B. H., et al., 2013, s. 4), skriv forfattarane.

Under overskrifta «Slik er Grip teksten Vg2» står det blant anna at tekstsamlinga har nær samanheng med dei ulike lærebokkapitla. Det står òg litt om kva utvalskriterium dei har vore opptatt av når det gjeld dei tekstane som er tatt med: «Utvalget inneholder samtidig tekster som kan illustrere fortellemåter, verdisyn eller forestillinger om *det norske* i vår samtid, og åpner derfor for en sammenlikning mellom nåtid og fortid» (Dahl B. H., et al., 2014). Om oppgåvene skriv dei at dei «[...] prøver lærestoff og tekstforståelse ved utstrakt bruk av fagbegreper» (Dahl B. H., et al., 2014, s. 5).

Også når det gjeld Vg3-boka har forfattarane opplyst om at tekstsamlinga har nær samanheng med kapitla i teoridelen. Om oppgåvene i tekstsamlinga står det at dei «[...] prøver lærestoff og tekstforståelse ved bruk av fagbegreper» (Dahl B. H., et al., 2015, s. 5). Læreverket sine tekstsamlingar er inndelt slik:

#### *Grip teksten Vg1*

- Samtidstekster – kulturmøter og kulturkonflikter
- Lyriske tekster
- Episke tekster
- Saktekster

#### *Grip teksten Vg2*

- Tekster: middelalderen 500-1500
- Tekster: fra renessanse til romantikk 1500-1800
- Myter og folkediktning
- Tekster fra 1800-tallet
- Nyere tekster

#### *Grip teksten Vg3*

- Tekster: 1850-1900
- Tekster fra 1900-1950
- Tekster fra 1950-2000
- Tekster etter 2000

Vi ser for det første at det er lagt vekt på kronologisk gjennomgang av kulturarven på Vg2 og Vg3. Her lever altså arven frå R94 vidare. Vidare ser vi at inndelinga på Vg1 er knytt til tradisjonell sjangerinndeling. På Vg2 er det dels sjangrar som er kriteriet for inndeling, dels litterære periodar. Vg3 har ei meir «nøytral» inndeling etter femtiårsbolkar, utan at verken sjangrar eller litterære periodar er nemnt. Denne inndelinga er tradisjonell og kunne like

gjærne vore slik om verket var skrive til R94-planen. Det einaste «nye» ein kan sjå, er tilvisinga til «kulturmøter og kulturkonflikter». Her kan ein sjå at forfattarane er opptekne av eit meir fleirkulturelt samfunn, og at tekstar kan samanliknast med kvarandre, altså eit meir komparativt syn på tekstlesinga.

### 3.2.1.2 *Intertekst*

Det er Fagbokforlaget som gir ut læreverket *Intertekst*. Verket vart nyskrive til den reviderte læreplanen i norsk, som var gjeldande frå hausten 2013. Læreverket vart fullført i 2015 med boka for Vg3. *Intertekst* for Vg1 er skrive av forfattarane Karen Marie Kvåle Garthus, Bjørn Helge Græsli, Anne-Marie Schulze og Merete Stensby. Bøkene for Vg2 og Vg3 er skrivne av Ove Eide, Anne-Marie Schulze, Karen Marie Kvåle Garthus, Ragnhild Hagen Ystad og Bjørn Helge Græsli. Talet på sider i bøkene ligg på mellom 476 og 520, og av desse utgjer tekstsamlingane mellom 155 og 171 sider.

Når ein les tittelen på læreverket, får ein assosiasjonar til eit utvida tekstomgrep. Intertekst er eit omgrep i litteraturvitskapen, og det signaliserer at alle tekstar står i forhold til kvarandre. Dette er og nemnt i innleiinga til norskverket, som ein finn i boka for Vg1. Forlaget har laga ei felles innleiing, som ser ut til å vera ein introduksjon til heile verkpakken. Bøkene for Vg2 og Vg3 inneheld ikkje innleiing, men meir ei skildring av kapitla i bøkene. *Intertekst* opererer med eit utvida tekstomgrep som er i tråd med revisjonen av læreplanen. I boka for Vg1 finn ein og ein definisjon av tekstomgrepet:

**Ein tekst er eitt sett av teikn som formidlar noko.** Dette noko kan vere eit konkret bodskap eller ei stemning eller eit uttrykk. «Teikn» kan i denne samanhengen for eksempel vere bokstavar, tonar eller fargar som til saman formar rein skriftleg tekst, eit bilete, eit musikkstykke eller ein musikkvideo. (Garthus, Græsli, Schulze, & Stensby, 2013, ss. 30-31).

I innleiinga skriv og forfattarane litt om tekstsamlinga for Vg1, og her står det at den tek utgangspunkt i måla i læreplanen: «[...] elevene skal møte et representativt utvalg av samtidstekster, både skjønnlitteratur og sakprosa [...]» (Garthus, Græsli, Schulze, & Stensby, 2013, s. 5). I bøkene for Vg2 og Vg3 står det om tekstsamlinga at den «[...] har gode og eksemplariske tekster fra alle epoker, både skjønnlitteratur og sakprosa. Oppgavene legger vekt på sammenlignende perspektiv og tar godt vare på de grunnleggende ferdighetene» (Eide O., Schulze, Garthus, Ystad, & Græsli, 2014, s. 3).

Tekstsamlinga i læreverket er inndelt med følgjande overskrifter:

### *Intertekst Vg1*

- Episke tekster
- Noveller og romanutdrag
- Sakprosa
- Lyrikk
- Drama
- Sammensatte tekster

### *Intertekst Vg2*

- Samtidstekster
- Sakprosa
- Skjønnlitteratur
- Historiske tekster
- Middelalderen (500-1500-tallet)
- Folkedikning
- Fra renessanse til barokk (1500-1600-tallet)
- Opplysningstid og klassisisme (1700-tallet)
- Romantikk og nasjonalromantikk (1800-1850)

### *Intertekst Vg3*

- Realisme og naturalisme – 1850-1890
- Tidlig modernisme og nyromantikk – 1890-årene
- Etisk realisme og modernisme – 1905-1940
- Modernisme og tradisjonisme – 1940-1980
- Postmodernisme og realisme – 1980 til i dag
- Språk og kultur

Vi ser at Vg1-boka har ei tradisjonell sjangerinndeling, men her har forfattarane vidd eit eige kapittel til samansette tekstar. I Vg2-boka får samtidstekstar ei todeling på same måten som læreplanen og er dermed inndelt i sakprosa og skjønnlitteratur. Deretter har lærebokforfattarane valt ei historisk-kronologisk inndeling, i både boka for Vg2 og Vg3, primært inndelt etter litterære periodar med ulike tidsspenn (kortast i 1890-åra). Det siste kapittelet har forfattarane valt å kalla «Språk og kultur» og omgrepet «kultur» representerer her det nye, men elles er inndelinga i hovudsak tradisjonell. Måten tekstsamlinga er inndelt på, fører ikkje til at det er lett å sjå at verket er nyskrive til LK06 eller revisjonen i 2013. Læreverket liknar meir på verka ein kjenner frå før Kunnskapsløftet vart innført.

### 3.2.1.3 *Moment*

Læreverket *Moment* er nyskrive til den siste revisjonen av læreplanen. Det er forfattarane Lars August Fodstad, Magnhild Glende, Martin Minken, Audhild Norendal og Tor Ivar Østmoe som står bak bøkene for Vg1 og Vg2. Boka for Vg3 er skriven av dei same forfattarane, men her har dei òg med Camilla Gudmundsdatter Magnusson som ein av forfattarane. Vg3-boka vart først utgjeven i 2016. Bøkene har mellom 511 og 560 sider, medan tekstsamlingane ligg på mellom 163 og 180 sider.

I forordet til eleven<sup>7</sup> byrjar forfattarane med å spørje lesaren om dei nokon gong har lese eit forord før. Vidare står det blant anna kva som er det fine med forordet: «[...] de gir oss forfattere en sjanse til å snakke til deg som leser» (Fodstad, Glende, Minken, Norendal, & Østmoe, 2014, s. 3). Deretter skriv dei kvifor dei har kalla læreverket for *Moment*.

Forfattarane har brukt mange ord på å forklare nettopp bakgrunnen for tittelen, og eg har sitert noko av det dei skriv:

*Moment* er et ord som er ganske vanlig i norsk. Mest vanlig er det nok å bruke det om et hovedpunkt eller om noe viktig vi vil trekke fram ved en sak. [...] For engelskspråklige er moment et mer dagligdags ord. For dem betyr det først og fremst tidspunkt eller øyeblikk. «Just a moment» [...] Det latinske *momentum* betyr egentlig bevegelse. [...] Når vi leser for å lære, må vi trekke ut og reflektere over de viktigste momentene i det vi leser, for det er først når vi bearbeider det vi har lest, at vi forstår. Når vi leser for å lære, må vi orke å sette oss selv i bevegelse, våge å tenke nye tanker og endre oppfatninger. Og når vi leser for å lære, må vi investere i selve øyeblikket. (Fodstad et al., 2014, s. 3).

I *Moment Vg1* har dei vigd kapittel 2 med overskrifta «Kva er ein tekst?» til å forklare nærare kva tekst eigentleg er. I motsetnad til dei andre læreverka, som opererer med relativt korte forklaringar på sjølve tekstmogrepet, skriv forfattarane av verket at det ikkje finst ein eintydig definisjon av omgrepet. Dei brukar heller mange døme for å forklare kva tekst kan vera. Eg vil likevel referera til noko av det dei skriv om tekst som omgrep:

Ei svært vanleg oppfatning er at ein tekst er ei samling ord og setningar som er skrivne på papir eller skjerm, og dermed noko vi finn i bøker, aviser, tidsskrift og blad, på Internett og i andre skriftlege medium. I norskfaget bruker vi ordet «tekst» om meir enn berre det som er skrivne ned. Vi seier at vi har eit *utvida tekstmogrep*. Tekstar kan like gjerne vere munnlege som skriftlege. (Fodstad et al., 2014, s. 40).

---

<sup>7</sup> Læreverket *Moment* opererer med to forord, eit som er retta mot eleven og eit som er retta mot læraren.

I forordet til læraren poengterer forfattarane at læreboka for Vg1 har ein streng samtidsprofil. Dei skriv at dei har valt å definera samtida snevrare enn det som har vore vanleg og uttrykkjer dette slik: «[...] nærmere bestemt til elevenes egen levetid – både for å ta elevenes samtid på alvor og for å bidra med noen nye tekster til den enkelte lærerens repertoar» (Fodstad et al., 2014, s. 6). Når det gjeld tekstsamlinga i Vg2-læreboka har forfattarane sortert dei eldre tekstane kronologisk, medan samtidstekstane er sortert etter forfattaren sitt etternamn. Dei har og valt å forklara elevane kvifor dei skal lesa eldre tekstar:

Tekstene er spor etter oss mennesker opp gjennom historien, av hvordan vi har tenkt, og hvordan vi har blitt slik som vi er i dag. Tekstene er som et svært lager av fortid – av ulike forestillinger om verden og oppfatninger av hva som er verdifullt, viktig og riktig. (Fodstad, Glende, Minken, Norendal, & Østmoe, 2015, s. 3).

Lærebokforfattarane skriv òg at den historiske profilen til norskfaget i Vg2 opnar opp for to ulike dimensjonar av literacy-omgrepet, både cultural literacy og critical literacy. Dei presiserer at til saman inneber desse to dimensjonane ein god del av det vi legg i det meir tradisjonelle omgrepet danning. Forfattarane skriv at det handlar om to prosessar som er like viktige: «[...] å dannes inn i et fellesskap og å dannes som et selvstendig tenkende individ. Det overordnede målet med *Moment Vg2* er å bidra til denne dannelsesprosessen» (Fodstad et al., 2015, s. 4).

I forordet til læraren i Vg3-boka skriv forfattarane at skjønnlitteraturen både tilhøyrer den fagspesifikke kjerna i norskfaget, og at grundig arbeid med skjønnlitterære tekstar vil gi «elevane øving i analytisk tilnærming, kritisk tenkning, evne til å takle usikkerhet og ambivalens, fortolking, å lansere hypoteser osv.» (Fodstad, Glende, Magnusson, Minken, Norendal, & Østmoe, 2016, s. 4). Dei skriv og at dette er «fagovergripende kompetanser» og viser til at læreplanen opnar med å poengtera at norskfaget er viktig for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Når det gjeld sjølve tekstsamlinga skriv forfattarane at dei har prøvd å skapa tydelege samband mellom tekstsamlinga og studiedelen av læreverket (Fodstad, et al., 2016, ss. 4-5).

Tekstsamlingane har følgjande inndeling:

*Moment Vg1*

- Sakprosa
- Prosa (noveller og romanutdrag)
- Lyrikk
- Dramatikk og filmmanus
- Sammensatte tekster
  - Tegneserie
  - Reklame

*Moment Vg2*

- Skjønnlitteratur
  - Episke tekster
    - Eldre tekster
    - Samtidstekster
  - Lyrikk
    - Eldre tekster
    - Samtidstekster
  - Dramatikk
- Sakprosa
  - Eldre tekster
  - Samtidstekster

*Moment Vg3*

- Skjønnlitteratur
  - Epikk
    - Eldre tekster
    - Samtidstekster
  - Lyrikk
    - Eldre tekster
    - Samtidstekster
  - Dramatikk
    - Eldre tekster
- Sakprosa
  - Eldre tekster
  - Samtidstekster

Vi ser her at inndelingane er lik dei andre på Vg1, men filmmanus og samansette tekstar har kome til. Deretter held dei fram med same inndelingane, og har konsekvent delt i eldre tekstar og samtidstekstar. Dermed opnar truleg verket for meir komparativ tekstlesing. Slik eg tolkar det, er dette det læreverket som mest konsekvent synleggjer sakprosaen gjennom heile løpet. Disposisjonen tilrettelegg slik sett for ei tilnærming som er tettare opp mot læreplanen enn dei andre læreverka.

### 3.2.1.4 *Panorama*

Forlaget Gyldendal har gjeve ut læreverket *Panorama*. Boka for Vg1 er skriven av forfattarane Marianne Røskeland, Jannike Ohrem Bakke, Liv Marit Aksnes og Gunnstein Akselberg. I tillegg til desse forfattarane har Sveinung Time vore medforfattar i bøkene for Vg2 og Vg3. Talet på sider i bøkene er mellom 388 og 482, og tekstsamlingane ligg på mellom 163 og 189. *Panorama* har eit større format enn dei andre læreverka og kan derfor i første omgang verka litt overveldande.

Læreverket har ikkje noko tradisjonelt forord, men meir ei slags bruksretteleing. Boka for Vg1 byrjar med kapittelet «Hvordan lese Panorama?», og Vg2-boka med kapittelet «Hvordan bruke Panorama?» Forfattarane har ikkje definert omgrepet tekst, men dei skriv om ulike tekstar i kapittel 2 «Tekstene omkring oss» i boka for Vg1. Her finn ein òg definisjonar på skjønnlitteratur og sakprosa (Røskeland M., Bakke, Aksnes, Akselberg & Time, 2013, s. 33 og 87). Læreboka for Vg3 byrjar med ein kort repetisjon av litteratur- og språkhistoria.

For å finne ut kva forfattarane har tenkt eller tatt omsyn til når dei laga tekstsamlingane, måtte eg sjekke nettsida til forlaget Gyldendal. På nettsida står det om tekstsamlinga at den blant anna er: «[...] fylldig og elevnær [...] som både skal gi elevene leselyst, men også by på innsyn i vår felles teksthistorie» (Gyldendal, 2018). Det som skil tekstsamlingane i læreverket *Panorama* frå dei andre læreverka, er at den òg har tatt med modelltekstar som er skrivne av elevar i vidaregåande skule.

Læreverket sine tekstsamlingar er inndelt slik:

#### *Panorama Vg1*

- Å lese tekster
- Skjønnlitteratur
- Epikk
- Lyrikk
- Drama
- Sakprosa

### *Panorama Vg2*

De tidligste tider  
Middelalderen 500-1500  
Barokken og 1600-tallet  
Opplysningstiden og 1700-tallet  
Romantikken 1800-1870  
Folkediktning, myter og fabler  
Nyere tekster

### *Panorama Vg3*

Mellom romantikk og realisme 1850-1870  
Realisme, naturalisme og nyromantikk 1870-1890  
Tradisjon og fornyelse 1900-1945  
Etterkrigslitteratur 1945-1990  
Samtidslitteratur 1990-2015

Vi ser at Vg1-boka har ei tradisjonell inndeling i sjangrar. Deretter har bøkene for Vg2 og Vg3 ei historisk-kronologisk gjennomgang knytt til litterære periodar. Perioden etter 1990 er kalla «samtidslitteratur». Slik eg tolkar det er læreverket *Panorama* det som har den mest tradisjonelle inndelinga av dei verka som inngår i min studie. Det er lite som markerer at det er skrive til siste revisjonen av LK06 planen, med unntak av det siste kapittelet som dei har kalla «samtidslitteratur 1990-2015». Her er det rett nok berre årstala «1990-2015» som seier oss at verket må vera nytt.

### 3.2.2 Oppsummering av verka

Lærebokforfattarane har i stor grad valt å disponera tekstsamlinga etter sjanger og kronologi/litterære epokar. Læreverka *Grip teksten*, *Intertekst* og *Panorama* har ei nokså lik inndeling der sjanger, kronologi og litterære epokar styrer inndelinga. *Moment* er det læreverket som skil seg ut. Kapittelinndelinga i *Moment* ser òg ut til å opne for komparative perspektiv. Begge desse tinga gjer at dette læreverket er det som i størst grad ut frå disposisjonen ser ut til å gripe intensjonane i læreplanen. Forfattarane av dei andre læreverka vel ein tradisjonell disposisjon. Det er lagt opp til at elevane, særleg på Vg2 og Vg3, skal lese seg gjennom den norske tradisjonen historisk-kronologisk.



## 4 EMPIRISK UNDERSØKING

I dette kapitlet vil eg presentera funna frå datainnsamlinga, og for å gjera framstillinga mest mogeleg oversiktleg vil eg kommentera funna etter kvart. Deretter vil eg oppsummera resultatata og koma fram til ein konklusjon i kapittel fem.

### 4.1 Litteraturutvalet i læreverka

Eg skal først sjå på kva forfattarar som er nemnt i R94-planen, og kven av dei som framleis er å finna i dei tekstantologiane som inngår i mitt datamateriale. Deretter vil eg samanlikne med resultatata frå Aamotsbakken sin studie, dvs. dei forfattarane og tekstane som ho kom fram til var kanoniserte og «halvvegs-kanoniserte». Ho undersøkte til saman 16 antologiar for allmennfagleg studieretning. Aamotsbakken nytta omgrepet kanon-forfattar om ein forfattar som var representert med minst 15 tekstar i antologiane, og «halvvegs-kanonisert» når forfattaren var representert med mellom 10 og 14 tekstar. Som kanon-tekst rekna ho dei som var representert i fem av åtte antologiar, og som «halvvegs-kanonisert» dei som var representert i fire av åtte antologiar (Aamotsbakken, 2003, ss. 47-51). Eg har og sett på forholdet mellom skjønnlitteratur og sakprosa i antologiane. Dette kan vere med på å seie noko om dei prioriteringane lærebokforfattarane har gjort. Til slutt vil eg prøve å vise kva som er den «nye kanonlista» i læreverka, og for å kome fram til den har eg samanlikna verkpakkane med kvarandre, uavhengig av både R94-planen og resultatata til Aamotsbakken. Mange av tekstane i den «nye kanonlista» er nokså nyskrivne og kan derfor ikkje omtalast som kanonlitteratur i forhold til den tradisjonelle definisjonen av omgrepet. Det er likevel interessant å sjå om litteraturutvalet i dei læreverka som anten er nyskrivne eller revidert til den siste versjonen av læreplanen følgjer intensjonane med planen, eller om dei framleis bygger vidare på den etablerte kanon. Har eventuelt dei føringane som vart gjevne i R94-planen hatt same innverknad no som då Aamotsbakken gjennomførte sin studie? Sjølv om det er litt tidleg å omtala den litteraturen som tilhøyrer vår nære samtid som kanonlitteratur, kan det utvalet som forfattarane og forlaga har gjort, fortelje oss noko om kva tekstar og forfattarar som vert prioriterte i dei nye læreverka. I samband med kanonlitteraturen vil eg koma inn på variablar som sjanger, kjønn, nasjonalitet og tidsperiodar. Når eg har kommentert sjanger, har eg hovudsakleg delt inn i dei tre hovudsjangrane innanfor skjønnlitteraturen: epikk, lyrikk og dramatik. Som nemnt tidlegare har eg utelate sakprosaen i min studie, men

ved eit par tilfelle har det likevel vore nødvendig å kommentera tekstar som eg i utgangspunktet hadde utelukka pga. at dei som oftast vert rekna innanfor kategorien saktekstar. I tillegg til å sjå på kanon-tekstar og kanon-forfattarar kan det vera vel så viktig og interessant å sjå kva forfattarar og tekstar forlaga har utelate og som dermed ikkje kjem med i kanonlista.

Det er mange omsyn å ta når ein skal utarbeida eit læreverk i norsk, samstundes som forlaga i utgangspunktet står mykje friare etter innføringa av Kunnskapsløftet. Men det faktum at forfattarane og forlaga ikkje er like bundne av til dømes det å ta med namngjevne forfattarar, og heller ikkje må ta omsyn til eksakt prosentdel når det gjeld kjønn og målføre i forhold til godkjenningsordninga, tyder ikkje nødvendigvis at det er blitt lettare å laga lærebøker. Til sjuande og sist er forlaga avhengige av å nå den målgruppa som læreverket er tiltenkt, og det er i første rekkje norsklærarane som vel ut dei bøkene som vert nytta i undervisninga. Forlaga kan vurdere lærarane som ei tradisjonelt orientert målgruppe og gjere prioriteringar ut frå det.

#### 4.1.1 Forfattarar/tekstar nemnt i R94

Tabell 4.1 nedanfor viser forfattarar eller tekstar (der det er ukjend forfattar) i den rekkefølga dei står nemnt i R94, og ordna i same tidsperiodar som i læreplanverket. Det tabellen først og fremst viser, er korleis dei ulike periodane er representerte i læreverka. Den er òg laga for å gi ei oversikt over kven av forfattarane/tekstane frå R94-planen som er tatt med i tekstantologiane og kor mange tekstar dei er representerte med. Tabellen dannar dermed eit utgangspunkt for samanlikninga med Aamotsbakken sin studie i underkapittel 4.1.2 og 4.1.3.

Det er først for modul 3 for det som etter R94 vart kalla vidaregåande kurs I at det er nemnt kva forfattarar elevane bør ha kunnskap om. R94 nemner ikkje spesifikt kva tekstar av dei aktuelle forfattarane som bør vera representert, med unntak av dei tekstane som ikkje har namngjevne forfattarar. Dette gjeld dei verka som kjem inn under den norrøne litteraturen og folkediktinga. Vidare har eg registrert kor mange tekstar av kvar forfattar som er tatt med i kvar antologi. Antologiane eller lærebøkene har fått nummer frå 1 til 12 i tabellen, og den øvste rada viser kva lærebok det gjeld. I den siste kolonnen har eg summert kor mange gonger tekstane er tatt med i alle lærebøkene til saman.

**Tabell 4.1 viser forfattarar/tekstar nemnt i R94 og kva læreverk dei førekjem i**

Dei lærebøkene som er representerte i utvalet er følgjande:

1. *Grip teksten Vg1* (Aschehoug)
2. *Grip teksten Vg2* (Aschehoug)
3. *Grip teksten Vg3* (Aschehoug)
4. *Intertekst Vg1* (Fagbokforlaget)
5. *Intertekst Vg2* (Fagbokforlaget)
6. *Intertekst Vg3* (Fagbokforlaget)
7. *Moment Vg1* (Cappellen Damm)
8. *Moment Vg2* (Cappellen Damm)
9. *Moment Vg3* (Cappellen Damm)
10. *Panorama Vg1* (Gyldendal)
11. *Panorama Vg2* (Gyldendal)
12. *Panorama Vg3* (Gyldendal)

| FORFATTAR/TEKST NEMNT I R94 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | SUM |
|-----------------------------|---|---|---|---|---|---|---|---|---|----|----|----|-----|
| <b>NORRØN LITTERATUR</b>    |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| Snorres kongesoger          |   | 3 |   |   |   |   |   |   |   |    | 2  |    | 5   |
| Gylfaginning                |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| Håvamål                     |   |   |   |   | 1 |   |   | 1 |   |    |    |    | 2   |
|                             |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| <b>1600-1700-TALET</b>      |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| Petter Dass                 |   | 2 |   |   | 1 |   |   | 1 |   |    | 2  |    | 6   |
| Dorothe Engelbretsdotter    |   | 1 |   |   | 1 |   |   | 1 |   |    | 1  |    | 4   |
| Ludvig Holberg              |   | 2 |   |   | 1 |   |   | 2 |   |    |    |    | 5   |
| Johan Herman Wessel         |   | 1 |   |   | 1 |   |   |   |   |    | 2  |    | 4   |
|                             |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| <b>CA. 1800-CA. 1850</b>    |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| Henrik Wergeland            |   | 4 |   |   | 3 |   |   | 3 |   |    | 3  |    | 13  |
| Johan S. Welhaven           |   | 3 |   |   | 2 |   |   | 1 |   |    | 2  |    | 8   |
| H.C. Andersen               |   | 1 |   |   | 1 |   |   | 1 |   |    |    |    | 3   |
|                             |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| <b>CA. 1850-CA. 1870</b>    |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| Camilla Collett             |   |   |   |   |   | 1 |   | 1 |   |    |    | 1  | 3   |
| Ivar Aasen                  |   | 1 |   |   | 1 |   |   | 1 |   |    |    | 2  | 5   |
| Aa. O. Vinje                |   | 2 |   |   | 1 |   |   | 1 |   |    | 2  | 1  | 7   |
| Bjørnstjerne Bjørnson       |   | 3 | 2 |   | 1 |   |   | 2 | 1 |    | 2  | 1  | 12  |
|                             |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| <b>CA. 1870-CA. 1890</b>    |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| Henrik Ibsen                |   | 1 | 1 |   |   | 1 |   | 1 | 1 | 1  | 1  | 1  | 8   |
| Amalie Skram                |   |   | 1 |   |   | 1 |   |   | 2 |    |    | 2  | 6   |
| August Strindberg           |   |   | 2 |   |   |   |   |   | 2 |    |    |    | 4   |
|                             |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| <b>CA. 1890-CA. 1900</b>    |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |    |    |     |
| Sigbjørn Obstfelder         |   |   | 2 |   |   | 2 |   |   | 1 |    |    | 1  | 6   |
| Arne Garborg                |   |   | 3 |   |   |   |   |   | 2 |    |    | 3  | 8   |
| Knut Hamsun                 |   |   | 2 |   |   | 1 |   |   | 1 |    | 1  | 2  | 7   |

| FORFATTAR/TEKST NEMNT I R94 | 1 | 2  | 3  | 4 | 5  | 6  | 7 | 8  | 9  | 10 | 11 | 12 | SUM |
|-----------------------------|---|----|----|---|----|----|---|----|----|----|----|----|-----|
| <b>1900-TALET</b>           |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    |    |     |
| Knut Hamsun <sup>8</sup>    |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    |    |     |
| Sigrud Undset               |   |    | 1  |   |    | 1  |   |    | 1  |    |    | 1  | 4   |
| Olav Duun                   |   |    | 1  |   |    | 1  |   |    |    |    |    | 1  | 3   |
| Johan Falkberget            |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    |    |     |
| Kristofer Uppdal            |   |    | 1  |   |    |    |   |    |    |    |    |    | 1   |
| Oskar Braaten               |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    |    |     |
| Sigurd Hoel                 |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    |    |     |
| Cora Sandel                 |   |    |    |   |    |    |   |    | 1  |    |    | 1  | 2   |
| Aksel Sandemose             |   |    | 1  |   |    |    |   |    |    |    |    |    | 1   |
| Nordahl Grieg               | 1 |    |    |   |    | 1  |   |    | 1  |    |    | 2  | 5   |
| Herman Wildenvey            |   |    | 1  |   |    |    |   |    | 1  |    |    | 1  | 3   |
| Olaf Bull                   |   |    |    |   |    |    |   |    | 1  |    |    | 1  | 2   |
| Olav Nygard                 |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    |    |     |
| Arnulf Øverland             |   |    | 1  |   |    | 1  |   |    | 1  |    |    | 2  | 5   |
| Rudolf Nilsen               |   |    | 1  |   |    | 1  |   |    | 1  |    |    | 1  | 4   |
| Rolf Jacobsen               | 1 |    | 2  |   | 1  | 1  |   |    | 2  | 2  |    | 2  | 11  |
| Halldis Moren Vesaas        |   |    | 2  |   |    | 1  |   |    | 1  |    |    | 1  | 5   |
| Inger Hagerup               |   |    | 1  | 1 |    | 1  |   |    | 1  | 2  |    | 2  | 8   |
| Aslaug Vaa                  |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    | 1  |    | 1   |
| Tor Jonsson                 |   |    |    |   |    |    |   |    | 1  |    |    |    | 1   |
| Alf Prøysen                 | 1 |    | 1  |   |    |    |   |    | 1  |    |    |    | 3   |
| Tarjei Vesaas               |   |    | 1  |   |    | 1  |   |    | 3  |    |    | 2  | 7   |
| Johan Borgen                |   |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    |    |     |
| Torborg Nedreaas            |   |    |    |   |    | 1  |   |    |    |    |    |    | 1   |
| Jens Bjørneboe              | 1 |    |    |   |    |    |   |    |    |    |    | 1  | 2   |
| Olav H. Hauge               | 1 |    |    | 1 |    | 1  |   |    | 2  | 3  |    | 1  | 9   |
| SUM                         | 5 | 24 | 27 | 2 | 15 | 17 | 0 | 16 | 28 | 8  | 19 | 33 | 194 |

Antologiane for Vg1 har kvite kolonnar, medan Vg2 er markert med blått og antologiane for Vg3 med grønt. Eg gjer merksam på at oppteljinga er gjort med utgangspunkt i den tabellen eg laga over alle skjønnlitterære tekstar som finst i antologiane for Vg1 til Vg3 (vedlegg 1). Sakprosaetekstane er dermed ikkje tatt med i oversikta. Sjølv om R94 ikkje likestiller sakprosa med skjønnlitteratur, nemner også R94 at sakprosa skal vera representert i tekstutvalet.

Som forventa kan ein sjå at det er ein tendens til at mange av dei forfattarane/tekstane ein kan omtala som kanon-forfattarar/kanon-tekstar i R94-planen er å finna i antologiane for Vg2 (etter R94 VKI<sup>9</sup>). Dette gjeld særleg tekstar frå norrøn tid og fram til ca. 1870. Etter om lag år 1870 ser det derimot ut til at kanon-tekstane er sterkast representert i antologiane for Vg3. Dersom ein samanliknar dei ulike verkpakkane med kvarandre i forhold til talet på tekstar skrivne av forfattarar nemnt i R94, er det stor forskjell på dei fire verkpakkane. Den verkpakken som inneheld flest tekstar og forfattarar frå R94-planen, er *Panorama* som har tatt

<sup>8</sup> Knut Hamsun er tatt med under tekstar ca. 1890-ca. 1900.

<sup>9</sup> R94 opererte med nemningane grunnkurs, vidaregåande kurs I og II, medan LK06 nyttar Vg1, Vg2 og Vg3.

med 60 tekstar, medan *Intertekst* ligg i den andre enden av skalaen med 34 tekstar. *Grip teksten* har tatt med 56 tekstar og *Moment 44. Panorama* er og det læreverket som er mest omfattande når det gjeld utval av tekstar generelt.

Når ein ser på alle verkpakkane til saman, slik det går fram av tabellen ovanfor, er 7 av tekstane henta frå norrøn litteratur, 19 tekstar frå 1600–1700 talet, 24 tekstar frå ca. 1800–ca. 1850, 27 tekstar frå ca. 1850–ca. 1870, 18 tekstar frå ca. 1870–ca. 1890, 21 tekstar frå ca. 1890–ca. 1900 og 78 tekstar frå 1900–talet. I dei fire verkpakkane som inngår i min studie, finn eg ingen kanoniserte tekstar frå norrøn litteratur i tekstsamlingane, men to av tekstane er å rekna som «dels-kanoniserte». Alle dei fire forfattarane som er tatt med for perioden frå 1600 til 1700, er å rekna som kanoniserte i dei nye verkpakkane, og det er Petter Dass, Dorothe Engelbretsdotter, Ludvig Holberg og Johan Herman Wessel. For perioden ca. 1800 til ca. 1850 er det Henrik Wergeland, Johan S. Welhaven og H.C. Andersen som er tatt med i R94-planen. Henrik Wergeland er representert med tre til fire tekstar i kvar verkpakke og Johan S. Welhaven med ein til to tekstar i kvar verkpakke. Alle tre er framleis å rekna som kanon-forfattarar. Ein meir fullstendig gjennomgang av kva forfattarar som er tatt med i planen vert gjevne under neste punkt, der eg brukar både R94 og resultata frå Aamotsbakken sin studie som samanlikningsgrunnlag.

Som blant anna Aamotsbakken skriv, var «[...] slutten av 1800-talet viktige tiår i etableringen av en kulturell norsk identitet» (2003, s. 28). Diktarane var òg aktive i debatten om Noreg si rolle i unionen med Sverige, og kanon var prega av nasjonsbygginga. Aamotsbakken hevdar at tanken om nasjonsbygginga i den opphavlege forma er mindre aktuell i vårt hundreår, og at det er «[...] paradoksalt og tankevekkende [...]» at dette ikkje viser igjen på litteratursida dei siste tiåra (2003, s. 45). Har nasjonsbyggingstekstane mista si tyding eller er dei framleis aktuelle? Haarberg hevdar at den norske nasjonallitteraturen er historisk som fenomen eller som politisk prosjekt. Samtidig skriv han: «[...] først når vi ikke lenger kan si oss sikre på hva «det norske» består i, vender vi oss til historien for å finne svar. Kanskje en nasjonal kanon kunne være noe?» (Haarberg, 2017, s. 12).

Det som kanskje er mest oppsiktsvekkande av det denne tabellen viser, er at tekstar frå perioden 1900 til 1940 er mindre representert i dei nye læreverka. Ein vender heller til gullalderen enn vår nærare fortid, og 1850 til 1890-åra står sterkare. Dette er litt overraskande på grunn av dei føringane som ligg i 2013-revisjonen av LK06, der det står at elevane skal lese fleire nyare tekstar. Dersom ein ser på tekstane frå 1800-talet under eitt, så har dei nye læreverka til saman tatt med 90 tekstar frå dette hundreåret, og det utgjer 46 % av dei tekstane

som var nemnt i R94. 39 (20 %) av tekstane er frå perioden 1870 – 1890. Til samanlikning er 78, dvs. 40 % av tekstane frå 1900-talet.

Tabellen viser at den eldre litteraturen og 1800-talet er relativt stabil. Når det gjeld 1900-talet er her ein del endringar. Forfattarar som Falkberget, Uppdal, Braaten, Hoel, Sandemose, Nygard, Vaa, Jonsson, Borgen, Nedreaas og Bjørneboe er nær sagt ute. Fleire av desse har tradisjonelt stått sterkt i vidaregåande skule, t.d. Hoel, Sandemose, Borgen, Nedreaas og Bjørneboe. Ein del av desse forfattarane kan skildrast som nyrealistiske, og ein del av dei er knytt til psykoanalytisk påverknad (Sandemose og Hoel). Det er påfallande at desse er ute. Læreverka opprettheld forestillinga om ein gullalder på 1800-talet, men kanon på 1900-talet ser ut til å vera under revisjon. Kanskje fell litteraturen her mellom to stolar: Det er verken «gullalder» eller «ny» litteratur. Men tabellen viser òg at mykje av R94-planen framleis heng igjen i dei nye læreverka, heile 24 år etter at den vart innført.

#### 4.1.2 Kanon-forfattarar og «dels-kanoniserte» forfattarar

For å få ei oversikt over kven som kan reknast som kanon-forfattarar og «dels-kanoniserte» forfattarar i mitt datamateriale, har eg laga ein tabell (4.2) nedanfor som viser kva forfattarar som var nemnt i R94-planen og samanlikna med resultatet frå Aamotsbakken sin studie. Deretter har eg registrert kven av desse forfattarane som finst i dei tekstantologiane som inngår i min studie.

Bente Aamotsbakken sin studie er relativt omfattande, og ho har undersøkt 16 antologiar, eller 7 verkpakkar. Mi undersøking er meir avgrensa når det gjeld talet på antologiar og består av 12 antologiar frå til saman 4 verkpakkar. Men sidan min studie omfattar alle lærebøker som finst på marknaden av læreverk som anten er revidert eller nyskrivne til 2013-revisjonen av LK06, vil den likevel kunne seie mykje om kanoniseringstendensar i norskfaget på studieførebuande utdanningsprogram. Eg har valt å sjå på kvar verkpakke under eitt sidan det er tenkt at elevane skal gå gjennom alle tre bøkene under det treårige studieløpet på vidaregåande skule. For meg var det mogeleg å gjere det på denne måten sidan datagrunnlaget mitt består av komplette verkpakkar som er meint å dekke pensum for Vg1, Vg2 og Vg3. På bakgrunn av dette har eg valt å rekna ein forfattar som kanonisert dersom han eller ho finst i tre av fire verkpakkar. Ein «dels-kanonisert» forfattar har eg definert som ein forfattar som er representert i to av fire verkpakkar. Dei forfattarane som er «dels-kanoniserte» i min studie er merka med «dels-k» i parentes i tabellen nedanfor. I Aamotsbakken sin studie vert ein kanon-

forfatter definert som ein forfatter som er representert med 15 tekstar eller fleire. Ein «halvvegs-kanonisert» forfatter hos Aamotsbakken er representert med mellom 10 og 14 tekstar. Ho har samanlikna grunnkursantologiane (GK) for seg og VK1 og VK2 antologiane for seg, medan eg samanliknar heile verkpakkar. For å gjera det lettare å samanlikna resultatata frå Aamotsbakken sin studie med det eg har kome fram til, har eg derfor slått saman GK, VKI og VK2 i den første kolonnen.

**Tabell 4.2 viser ei oversikt over kanon-forfattarar/«halvvegs-kanoniserte» forfattarar i Aamotsbakken sin studie samanlikna med både kanon-forfattarar/«dels-kanoniserte» forfattarar i læreverka skrivne etter 2013-revisjonen av LK06 og forfattarar nemnt i R94**

| Kanon-forfattarar hos Aamotsbakken                       | Kanon-forfattarar/dels-kanoniserte forfattarar i læreverka etter revisjonen av LK06 <sup>10</sup> | Forfattarar nemnt i R94  |
|--|---|--------------------------|
| Olav H. Hauge  | Olav H. Hauge   | Olav H. Hauge            |
| Rolf Jacobsen  | Rolf Jacobsen   | Rolf Jacobsen            |
| Jan Erik Vold  | Jan Erik Vold   |                          |
| Ragnar Hovland   | (kun repr i <i>Panorama</i> )   |                          |
| Einar Økland   | (kun repr i <i>Panorama</i> )   |                          |
| Henrik Wergeland   | Henrik Wergeland  | Henrik Wergeland         |
| Bjørnstjerne Bjørnson                                    | Bjørnstjerne Bjørnson   | Bjørnstjerne Bjørnson    |
| Arne Garborg   | Arne Garborg  | Arne Garborg             |
| Knut Hamsun  | Knut Hamsun   | Knut Hamsun              |
| Arnulf Øverland  | Arnulf Øverland   | Arnulf Øverland          |
| <b>Halvvegs-kanoniserte forfattarar hos Aamotsbakken</b> |   |                          |
| Alf Prøysen  | Alf Prøysen (dels-k)  | Alf Prøysen              |
| Inger Hagerup  | Inger Hagerup   | Inger Hagerup            |
| Tarjei Vesaas  | Tarjei Vesaas   | Tarjei Vesaas            |
| Lars Saabye Christensen                                  | Lars Saabye Christensen   |                          |
| Lugvig Holberg   | Ludvig Holberg  | Ludvig Holberg           |
| Johan Herman Wessel                                      | Johan Herman Wessel   | Johan Herman Wessel      |
| Johan Sebastian Welhaven                                 | Johan Sebastian Welhaven  | Johan Sebastian Welhaven |
| Ivar Aasen   | Ivar Aasen  | Ivar Aasen               |
| Aasmund O. Vinje   | Aasmund O. Vinje  | Aasmund O. Vinje         |
| Amalie Skram   | Amalie Skram  | Amalie Skram             |
| Herman Wildenvey   | Herman Wildenvey  | Herman Wildenvey         |
| Johan Borgen   |   | Johan Borgen             |
| Halldis Moren Vesaas                                     | Halldis Moren Vesaas  | Halldis Moren Vesaas     |
| Olav H. Hauge  | Olav H. Hauge   | Olav H. Hauge            |
|  | Petter Dass   | Petter Dass              |
|  | Dorothe Engebretsdotter   | Dorothe Engebretsdotter  |
|  | H.C. Andersen   | H.C. Andersen            |
|  | Camilla Collett   | Camilla Collett          |
|  | Henrik Ibsen  | Henrik Ibsen             |

<sup>10</sup> Samtlege læreverv som finst på marknaden i norsk for studieførebuande utdanningsprogram, og som er utgjeve eller revidert i tråd med siste revisjonen av LK06: Grip teksten Vg1-Vg3 (Aschehoug), Intertekst Vg1-Vg3 (Fagbokforlaget), Moment Vg1-Vg3 (Cappellen Damm) og Panorama Vg1-Vg3 (Gyldendal).

| Kanon-forfattarar hos Aamotsbakken | Kanon-forfattarar/dels-kanoniserte forfattarar i læreverka etter revisjonen av LK06 <sup>10</sup> | Forfattarar nemnt i R94 |
|------------------------------------|---|-------------------------|
|                                    | August Strindberg (dels-k)  | August Strindberg       |
|                                    | Sigbjørn Obstfelder   | Sigbjørn Obstfelder     |
|                                    | Sigrid Undset   | Sigrid Undset           |
|                                    | Olav Duun (dels-k)  | Olav Duun               |
|                                    |   | Johan Falkberget        |
|                                    |   | Kristofer Uppdal        |
|                                    |   | Oskar Braaten           |
|                                    |   | Sigurd Hoel             |
|                                    | Cora Sandel (dels-k)  | Cora Sandel             |
|                                    |   | Aksel Sandemose         |
|                                    | Nordahl Grieg   | Nordahl Grieg           |
|                                    | Olaf Bull (dels-k)  | Olaf Bull               |
|                                    |   | Olav Nygard             |
|                                    | Rudolf Nilsen   | Rudolf Nilsen           |
|                                    |   | Aslaug Vaa              |
|                                    |   | Tor Jonsson             |
|                                    |   | Torborg Nedreaas        |
|                                    | Jens Bjørneboe (dels-k)   | Jens Bjørneboe          |

Eg vil kommentera funna i tabellen ovanfor meir eller mindre fortløpande, men hovudtendensen er at det er stort samanfall mellom det Aamotsbakken fann og det som er situasjonen i dag. Johan Borgen var ikkje representert i nokon av tekstantologiane og er derfor ute av kanonlista. Borgen var å rekna som «halvvegs-kanonisert» forfattar i Aamotsbakken sin studie. Olav H. Hauge er med i tabellen både som kanonisert forfattar og som «halvvegs-kanonisert» forfattar. Grunnen til dette er at eg har tatt utgangspunkt i inndelinga til Aamotsbakken, og ho har som nemnt tidlegare samanlikna grunnkurs antologiane for seg og antologiane for VK1 og VK2 for seg. Dette går ikkje fram av tabellen sidan eg har tatt kvar verkpakke for seg. Forfattarane Jan Erik Vold, Ragnar Hovland og Einar Økland var ikkje nemnt i R94, men er å rekna som kanoniserte i Aamotsbakken sitt materiale. I mitt materiale er det berre Jan Erik Vold som er kanonisert, og Hovland og Økland er ute av kanon. Hovland og Økland var berre å finna i læreverket *Panorama*. Alf Prøysen er «dels-kanonisert» forfattar i mitt datamateriale og «halvvegs-kanonisert» hos Aamotsbakken. Fleire av forfattarane som er definert som «halvvegs-kanoniserte» av Aamotsbakken, er å rekna som kanon-forfattarar i dei læreverka som inngår i min studie, og det gjeld desse forfattarane: Inger Hagerup, Tarjei Vesaas, Lars Saabye Christensen, Ludvig Holberg, Johan Herman Wessel, Johan Sebastian



Welhaven, Ivar Aasen, Aasmund O. Vinje, Amalie Skram, Herman Wildenvey, Halldis Moren Vesaas og Olav H. Hauge.

Som tabellen ovanfor illustrerer, er det interessant å sjå at i tillegg til dei forfattarane som er å rekna som kanoniserte hos Aamotsbakken, har det i dei nye verkpakkane kome til fleire av dei som var nemnt i R94-planen. I dei verka eg har undersøkt er også følgjande forfattarar å rekna som kanoniserte: Petter Dass, Dorothe Engebretsdotter, H.C. Andersen\*, Camilla Collett, Henrik Ibsen, Sigbjørn Obstfelder, Sigrid Undset, Nordahl Grieg og Rudolf Nilsen.

Forfattarane August Strindberg\*, Olav Duun, Cora Sandel, Olaf Bull og Jens Bjørneboe er å rekna som «dels-kanoniserte». Dette var litt overraskande og ein kunne heller forventa at lærebokforfattarane hadde prioritert andre forfattarar enn dei som var nemnt i R94-planen. Her har altså forfattarane av læreverka gått motsett veg. Dei som nærast er heilt utelatne av læreverka er: Johan Falkberget, Kristofer Uppdal, Oskar Braaten, Sigurd Hoel, Aksel Sandemose\*, Olav Nygard, Aslaug Vaa, Tor Jonsson og Torborg Nedreaas. Alle desse var nemnt i R94, men dei var heller ikkje på kanonlistene til Aamotsbakken. Som nemnt i kapittel 2. «Kunnskapsgrunnlag» vil eg her gjera merksam på at forfattarane H.C. Andersen, August Strindberg og Aksel Sandemose ikkje inngjekk i Aamotsbakken sin studie sidan dei er å rekna som utanlandske forfattarar. Samanlikninga med hennar studie er derfor ikkje relevant i forhold til desse tre forfattarane. Det er likevel relevant i min studie, sidan eg har valt å liste opp alle forfattarane som var nemnt i R94-planen, for studiespesialiserande linje.

#### 4.1.3 Kanon-tekstar og «dels-kanoniserte» tekstar

Når det gjeld «kanon-tekstane», har eg og valt å samanlikna verkpakkane. Som Aamotsbakken skriv, er det sjeldan at ein tekst er representert fleire gonger i same verkpakke. Eg har derfor valt å samanlikna dei fire verkpakkane med kvarandre. Eg vil understreka, som nemnt tidlegare, at eg berre har registrert dei tekstane som finst i antologiane og ikkje dei som er *omtala* i teoridelen i lærebøkene. Aamotsbakken har rekna dei tekstane som er representert i fem av åtte antologiar som kanon-tekst, medan dei som er med i halvparten av antologiane som «halvvegs-kanoniserte» (Aamotsbakken, 2003, s. 51). Eg har også her valt ein litt annan kvantifiseringsmetode, som eg meiner høver best for mitt datamateriale. Som kanon-tekst har eg rekna ein tekst som finst i minst tre av fire verkpakkar, og som «dels-kanonisert» tekst har eg rekna ein tekst som finst i to av fire verkpakkar. I dei siste utgåvene av læreverka er nokre av dei eldste tekstane berre tatt med i studiedelen, og ikkje i tekstsamlinga. Dette kan derfor gi

eit litt skeivt bilete i forhold til tekstane frå mellomalderen, som til dømes *Njåls saga*, som berre er å finne i teoridelen i bøkene.

Tabell 4.3 (nedanfor) viser både kva Aamotsbakken kom fram til var kanon-tekstar og «halvvegs-kanoniserte» tekstar samanlikna med kanon-tekstar og «dels-kanoniserte» tekstar i mitt datamateriale. Kanon-tekstane til Aamotsbakken finn ein i den venstre kolonnen, medan den høgre kolonnen viser både om teksten eksisterer i mitt materiale, og om den er kanonisert eller «dels-kanonisert». Då eg laga tabellen, tok eg utgangspunkt i dei listene som Aamotsbakken har tatt med i rapporten (2003, ss. 51-53). Dermed skal ein kunne lesa i tabellen kva for tekstar som er ute av skulen sin kanon. I tabellen kan ein òg sjå i kva for lærebøker ein finn dei ulike tekstane. Fleirtalet av kanon-tekstane finn ein i antologiane for Vg2, men det er også mange kanon-tekstar og «dels-kanoniserte» tekstar i antologiane for Vg3. For at det skal bli lettare å lesa tabellen har eg valt å markera den høgre kolonnen med to fargar. Kanon-tekstane er markert med blått og dei «dels-kanoniserte» tekstane med grønt.

**Tabell 4.3 viser kanon-tekstar/«halvvegs-kanoniserte» tekstar i Aamotsbakken sin studie samanlikna med kanon-tekstar/«dels-kanoniserte» tekstar i antologiane skrivne etter 2013-revisjonen av LK06**

| Kanon-tekstar hos Aamotsbakken                  | Kanon-tekstar/«dels-kanoniserte» tekstar i tekstantologiane etter 2013-revisjonen av LK06 |
|---|---|
| «Av en født forbryters dagbok» (Johan Borgen)   | 0   |
| «Trymskvida»                                    | Dels k. - Intertekst Vg2, Moment Vg2  |
| «Voluspå»                                       | Dels k. - Panorama Vg2, Grip teksten Vg2  |
| «Håvamål»                                       | Dels k. – Moment Vg2, Intertekst Vg2  |
| «Njåls saga» (U)                                | 0   |
| «Villemann og Magnill»                          | 0   |
| «Olav og Kari»                                  | 0   |
| «Nordlands Trompet» (U) (Petter Dass)           | Dels k. – Moment Vg2, Panorama Vg2  |
| «Herre Gud! Dit dyre Navn og Ære» (Petter Dass) | Dels k. – Grip teksten Vg2, Intertekst Vg2  |
| «Niels Klims reise..» (U) (Ludvig Holberg)      | Kan. – Grip teksten Vg2, Panorama Vg2, Moment Vg2   |
| «Norges Skål» (Johan Nordahl Brun)              | Dels k. – Moment Vg2, Grip teksten Vg2  |
| «Smeden og Bageren» (Johan Herman Wessel)       | Kan. – Grip teksten Vg2, Intertekst Vg2, Panorama Vg2                                     |
| «Luren» (Mauritz Hansen)                        | Kan. – Intertekst Vg2, Moment Vg2, Panorama Vg2   |
| «Mig selv» (Henrik Wergeland)                   | Kan. – Panorama Vg2, Grip teksten Vg2, Intertekst Vg2                                     |
| «Digtets Aand» (Johan Sebastian Welhaven)       | Dels k. – Intertekst Vg2, Panorama Vg2  |
| «Fanitullen» (Jørgen Moe)                       | Dels k. – Grip teksten Vg2, Intertekst Vg2  |
| «Amtmandens Døtre» (U) (Camilla Collett)        | Kan. – Intertekst Vg2, Moment Vg2, Panorama Vg2   |
| «Ved Rundarne» (Aasmund O. Vinje)               | Dels k. – Intertekst Vg2, Grip teksten Vg2  |
| «Faderen» (Bjørnstjerne Bjørnson)               | Dels k. – Intertekst Vg2, Moment Vg2  |
| «Ja, vi elsker» (Bjørnstjerne Bjørnson)         | Kan. – Grip teksten Vg2, Moment Vg2, Panorama Vg2   |
| «Til deg, du hei» (Arne Garborg)                | 0   |
| «Elsk» (Arne Garborg)                           | 1 – Grip teksten Vg3  |

| Kanon-tekstar hos Aamotsbakken  | Kanon-tekstar/«dels-kanoniserte» tekstar i tekstantologiane etter 2013-revisjonen av LK06 |
|---|---|
| «Karens jul» (Amalie Skram)   | Dels k. – Moment Vg3, Panorama Vg3  |
| «Fandango» (Vilhelm Krag)   | Dels k. – Intertekst Vg3, Moment Vg3  |
| «Fra det ubevisste Sjæleliv» <sup>*11</sup> (U) (Knut Hamsun) – Sakprosa (foredrag) | 1 – Panorama Vg3  |
| «Skjærgårdsø» (Knut Hamsun)   | 0   |
| «Jeg ser» (Sigbjørn Obstfelder)   | Kan. – Grip teksten Vg3, Moment Vg3, Panorama Vg3   |
| «Nocturne» (Sigbjørn Obstfelder)  | 0   |
| «Kristin Lavransdatter» (U) (Sigrid Undset)   | Kan. – Grip teksten Vg3, Intertekst Vg3, Moment Vg3, Panorama Vg3                         |
| «No reiser kvelden seg» (Olav Nygard)   | 0   |
| «Ei naki grein» (Olav Aukrust)  | 0   |
| <b>Sum: 31</b> kanon-tekstar  |   |
| <b>«Halvvegs-kanoniserte» tekstar hos Aamotsbakken</b>                              |   |
| «Tung tids tale» (Halldis Moren Vesaas)   | 1 – Panorama Vg3  |
| «Aust-Vågøy» (Inger Hagerup)  | Kan. – Moment Vg3, Intertekst Vg3, Grip teksten Vg3                                       |
| «Vise om byen Hiroshima» (Jens Bjørneboe)   | 1 – Moment Vg3  |
| «Louis Armstrong» (Hans Børli)  | 0   |
| «Skolegutt» (Laila Stien)   | 0   |
| «Egilssoga» (U)   | 1 – Grip teksten Vg2  |
| «Loke» (fra den yngre Edda)   | 0   |
| «Gamlestev og nystev»   | 0   |
| «Gravskrifter og småvers» (Johan Herman Wessel)                                     | 1 – Panorama Vg2  |
| «Til min Gyldenlak» (Henrik Wergeland)  | Kan. – Intertekst Vg2, Moment Vg2, Panorama Vg2   |
| «Kapellaniet forvandles til en vakker rød Sky» (Henrik Wergeland)                   | 0   |
| «Republikanerne» (Johan Sebastian Welhaven)   | 0   |
| «Ferdaminni» (U) (Aasmund O. Vinje)   | 1 – Intertekst Vg2  |
| «Nasjonalitet» (Aasmund O. Vinje)   | Dels k. – Grip teksten Vg2, Panorama Vg2  |
| «Bergmanden» (Henrik Ibsen)   | 0   |
| «En god samvittighet» (Alexander Kielland)  | 1 – Moment Vg3  |
| «Karen» (Alexander Kielland)  | 1 – Intertekst Vg3  |
| «Stordåd» (Arne Garborg)  | 0   |
| «Fred» (U) (Arne Garborg)   | Dels k. – Grip teksten Vg3, Moment Vg3  |
| «Vond dag» (Arne Garborg)   | 1 – Panorama Vg3  |
| «Albertine» (U) (Christian Krogh)   | 1 - Intertekst Vg3  |
| «Sult» (U) (Knut Hamsun)  | Kan. – Moment Vg3, Intertekst Vg3, Grip teksten Vg3                                       |
| «Revolusjonens røst» (Rudolf Nilsen)  | 0   |
| «Naken» (Tarjei Vesaas)   | 1 – Moment Vg3  |
| «Det er ingen hverdag mer» (Gunvor Hofmo)   | Dels k. – Panorama Vg3, Moment Vg3  |
| <b>Sum: 25</b> «halvvegs-kanoniserte» tekstar                                       | <b>Sum: 11</b> kanon-tekstar<br>15 «dels-kanoniserte» tekstar                             |

<sup>11</sup> Denne teksten fell i utgangspunktet utanfor mitt materiale sidan eg har kategorisert teksten som ein sakprosa-tekst, men eg har likevel valt å undersøka om den finst i mitt datamateriale for at samanlikninga med Aamotsbakken sin studie skal vera reell.

I dei fire verkpakkane for studieførebuande utdanningsprogram finst det 11 kanoniserte tekstar og desse er:

- «Niels Klims reise...» (Ludvig Holberg, 1741, roman, U)
- «Smeden og Bageren» (Johan Herman Wessel, 1784, dikt, H)
- «Luren» (Mauritz Hansen, 1819, novelle, H)
- «Mig selv» (Henrik Wergeland, 1841, dikt, H)
- «Amtmandens Døtre» (Camilla, Collett, 1855, roman, U)
- «Ja, vi elsker» (Bjørnstjerne Bjørnson, 1859, dikt/nasjonalsong, H)
- «Jeg ser» (Sigbjørn Obstfelder, 1893, dikt, H)
- «Kristin Lavransdatter» (Sigrid Undset, 1920, roman, U)
- «Aust-Vågøy» (Inger Hagerup, 1945, dikt, H)
- «Til min Gyldenlak» (Henrik Wergeland, 1845, dikt, H)
- «Sult» (Knut Hamsun, 1890, roman, U)

Tekstane «Aust-Vågøy» av Inger Hagerup, «Til min Gyldenlak» av Henrik Wergeland og «Sult» av Knut Hamsun er kanoniserte i mitt materiale, medan dei er «halvvegs-kanoniserte» i Aamotsbakken sin studie.

#### 4.1.3.1 Sjanger

Når ein ser på sjanger i forhold til dei kanoniserte tekstane er fordelinga mellom lyriske sjangrar og prosatekstar ganske jamn. Seks av tekstane er innan lyriske sjangrar, og fem av tekstane er prosatekstar. Fire av prosatekstane er utdrag av romanar og ein er novelle.

#### 4.1.3.2 Kjønn

Åtte av kanon-tekstane er skrivne av menn og tre av tekstane av kvinner. I dei nyreviderte læreverka er det to tekstar som er skrivne av kvinnelege forfattarar som også er kanoniserte i Aamotsbakken sin studie, og det er *Amtmandens Døtre* av Camilla Collett og *Kristin Lavransdatter* av Sigrid Undset. Diktet *Aust-Vågøy* av Inger Hagerup er å rekna som kanonisert i mitt materiale. Det kan vera verdt å leggja merke til at både Collett og Undset framleis er med på lista over kanon-tekstar med *Amtmandens døtre* og *Kristin Lavransdatter*. *Amtmandens døtre* er representert i tre av tekstantologiane for Vg2 medan *Kristin Lavransdatter* er tatt med i alle tekstantologiane for Vg3. Amalie Skram sin tekst *Karens jul* inngår i mitt datamateriale som «dels-kanonisert», medan den er å rekna blant dei kanoniserte tekstane hos Aamotsbakken.

#### 4.1.3.3 Nasjonalitet

Lista over kanon-tekstar inneheld berre tekstar av norske forfattarar. Dersom ein samanliknar tabellen over kanon-forfattarar med tabellen over kanon-tekstar, kan ein òg sjå at nokre av dei forfattarane som var representert med kanon-tekstar hos Aamotsbakken, framleis er på lista som kanon-forfattarar, men med andre tekstar. Dette gjeld til dømes Ibsen og Hamsun sine tekstar *Peer Gynt* og *Sult*, som begge er representert i tre av fire verkpakkar i dei nye læreverka.

Kanonlista til Aamotsbakken inneheld til saman 31 tekstar, medan eg har kome fram til 11 kanoniserte tekstar i min studie. Enkelte av tekstane har falt ut av kanon, men det er og mange tekstar som er å rekna som «dels-kanoniserte». I det følgjande skal eg gå gjennom kva tekstar dette gjeld.

Dei tekstane som har falt heilt ut av kanonlista er følgjande:

«Av en født forbryters dagbok» (Johan Borgen, 1954, novelle)

«Njåls saga»

«Villemann og Magnill»

«Olav og Kari»

«Til deg, du hei» (Arne Garborg, 1895, dikt)

«Elsk» (Arne Garborg, 1895, dikt)

«Fra det ubevisste Sjæleliv» (Knut Hamsun, 1890, sakprosa\*)

«Skjærgårdsø» (Knut Hamsun, 1904, dikt)

«Nocturne» (Sigbjørn Obstfelder, 1893, dikt)

«Ei naki grein» (Olav Aukrust, 1916, dikt)

«Njåls saga», «Villemann og Magnill» og «Olav og Kari» er ute av kanon. Dette kan bety at norrøn dikting og folkedikting er svekt.

Det som er litt overraskande er at Knut Hamsun sitt foredrag «Fra det ubevisste Sjæleliv» er på veg ut av kanon til tross for at læreplanen legg vekt på lesing av sakprosa-tekstar. Eg er usikker på kva som kan vera grunnen til dette, men det er mogeleg at forlaga heller har valt å prioritera nyare sakprosa-tekstar og derfor har plassert dei inn under moderne tekstar.

15 av tekstane er «dels-kanoniserte» i mitt materiale (12 av desse var på kanonlista til Aamotsbakken\*):

- «Trymskvida» (gudedikt, H)\*
- «Voluspå» (eddadikt, U)\*
- «Håvamål» (læredikt, U)\*
- «Nordlands Trompet» (Petter Dass, 1696, dikt, U)\*
- «Herre Gud! Dit dyre Navn og Ære» (Petter Dass, salme, H)\*
- «Norges Skål» (Johan Nordahl Brun, 1772, dikt/drikkevise, H)\*
- «Digtets Aand» (Johan Sebastian Welhaven, 1844, dikt, H)\*
- «Fanitullen» (Jørgen Moe, 1849, dikt, H)\*
- «Ved Rundarne» (Aasmund O. Vinje, 1861, dikt, U)\*
- «Faderen» (Bjørnstjerne Bjørnson, 1860, novelle, H)\*
- «Karens Jul» (Amalie Skram, 1885, novelle, U)\*
- «Fandango» (Vilhelm Krag, 1890, dikt, H)\*
- «Nasjonalitet» (Aasmund O. Vinje, 1864, dikt, H)
- «Fred» (Arne Garborg, 1892, roman, U)
- «Det er ingen hverdag mer» (Gunvor Hofmo, 1946, dikt, H)

Tekstar som var «halvvegs-kanoniserte» hos Aamotsbakken, men no er heilt ute av kanon:

- «Tung tids tale» (Halldis Moren Vesaas, 1945, dikt)
- «Vise om byen Hiroshima» (Jens Bjørneboe, 1966, dikt)
- «Louis Armstrong» (Hans Børli, 1962, dikt)
- «Skolegut» (Laila Stien, 1979, novelle)
- «Egilssoga»
- «Loke» (frå den yngre Edda)
- «Gamlestev og nystev»
- «Gravskrifter og småvers» (Johan Herman Wessel, dikt)
- «Kapellaniet forvandles til en vakker rød Sky» (Henrik Wergeland, dikt)
- «Republikanerne» (Johan Sebastian Welhaven, 1832, dikt)
- «Ferdaminni» (Aasmund O. Vinje, essay/reiseskildring)\*
- «Bergmanden» (Henrik Ibsen, 1851, dikt)

- «En god samvittighet» (Alexander Kielland, 1880, novelle)
- «Karen» (Alexander Kielland, 1882, novelle)
- «Stordåd» (Arne Garborg, novelle)
- «Vond dag» (Arne Garborg, 1895, dikt)
- «Albertine» (Christian Krogh, 1886, roman)
- «Revolusjonens røst» (Rudolf Nilsen, 1926, dikt)
- «Naken» (Tarjei Vesaas, 1952, novelle)

## 4.2 Forholdet mellom skjønnlitteratur og sakprosa

Sjølv om studien min hovudsakleg omhandlar skjønnlitterære tekstar, er det interessant å sjå på forholdet mellom skjønnlitterære tekstar og sakprosa i læreverka. Dette kan òg ha påverka utvalet av dei skjønnlitterære tekstane som er tatt med i læreverka. Eg har derfor tatt ei oppteljing av talet på *tekstar* og talet på *sider* i tekstantologiane. Resultata er presentert i oversikta nedanfor (tabell 4.4 og tabell 4.5). Sidene har eg talt opp manuelt, og dersom ein tekst var på 1,5 sider har eg talt 1,5 og ikkje 2 sider. Eg har heller ikkje tatt med illustrasjonar som ikkje tilhøyrrer teksten opphavelig. Alle tal i tabellane er runda av til næraste heile tal.

**Tabell 4.4 Oversikt over talet på *tekstar* skjønnlitteratur/sakprosa i dei fire læreverka**

| Namn på læreverk | Skjønnlitteratur | Sakprosa      |
|------------------|------------------|---------------|
| Grip teksten     | 169/204 (83 %)   | 35/204 (17 %) |
| Intertekst       | 137/195 (70 %)   | 58/195 (30 %) |
| Moment           | 140/208 (67 %)   | 68/208 (33 %) |
| Panorama         | 236/300 (79 %)   | 64/300 (21 %) |

Tabellen viser talet på tekstar og kor mykje det utgjer i prosentdel. Talet i midten i kvar kolonne viser det samla talet på tekstar i kvart verk.

**Tabell 4.5 Oversikt over talet på *sider* skjønnlitteratur/sakprosa i dei fire læreverka**

| Namn på læreverk | Skjønnlitteratur | Sakprosa       |
|------------------|------------------|----------------|
| Grip teksten     | 353/417 (85 %)   | 64/417 (15 %)  |
| Intertekst       | 316/439 (72 %)   | 123/439 (28 %) |
| Moment           | 316/481 (66 %)   | 165/481 (34 %) |
| Panorama         | 388/493 (79 %)   | 105/493 (21 %) |

Tabellen viser talet på sider og kor mykje det utgjer i prosentdel. Talet i midten i kvar kolonne viser det samla talet på tekstar i kvart verk.

Når ein samanliknar tabellen som viser *talet på tekstar* (tabell 4.4) med tabellen som viser *talet på sider* (tabell 4.5), kan ein sjå at prosentdelen ikkje avvik særleg mykje, og avviket ligg på mellom null og to prosent.

Tabell 4.4 og 4.5 viser at skjønnlitteraturen framleis heng igjen som dei tekstane det vert lagt størst vekt på å prioritere i tekstantologiane. Ei vanleg tolking av 2013-revisjonen av LK06, er at sakprosa og skjønnlitteratur skal vera sidestilte, noko som implisitt kjem fram i planverket. Tekstutvalet i læreverka viser at forlaga og lærebokforfattarane ikkje følgjer dei føringane som ligg i planverket på dette området. Ei mogleg forklaring på dette er at lærebokforfattarane tykkjer det verkar mest tillitsvekkande å ta med flest skjønnlitterære tekstar. Desse tekstane representerer det ein tradisjonelt ventar å finne i eit norsklæreverk og er gjerne det både dei sjølve og truleg fleirtalet av norsklærarane er fortrulege med. Det er òg mogleg at dette heng saman med disposisjonen lærebokforfattarane har valt. Kanskje er det slik at når dei har valt ein tradisjonell disposisjon (litterære periodar, tradisjonelle sjangrar) så blir vektlegginga av skjønnlitteratur ein naturleg konsekvens, altså at ei historisk-kronologisk framstilling favoriserer skjønnlitteratur framfor sakprosa? Dersom det er slik at skjønnlitteratur og sakprosa skal vera sidestilte etter 2013-revisjonen av LK06, burde fordelinga av sakprosa og skjønnlitteratur vore meir lik enn det som er tilfellet i dag. Ingen av forlaga tilbyr læreverk der fordelinga er jamn eller tilnærma 50/50. Sjølv om ikkje nokon av læreverka i min studie oppfyller dette målet, er det stor skilnad mellom dei ulike verkpakkane. Læreverket *Moment* er det som kjem best ut når det gjeld fordeling av talet på skjønnlitterære tekstar (67 %) og sakprosa (33 %). Dersom ein samanliknar talet på *tekstar* med talet på *sider* er det om lag likt, og i læreverket *Moment* består 66 % av talet på *sider* i lærebøkene skjønnlitterære tekstar og 34 % sakprosaetekstar. *Moment*, som utmerkar seg med å vektlegge sakprosa i disposisjonen, er også det læreverket med størst del sakprosaetekstar. *Grip teksten* er det læreverket med lågast prosentdel saktekstar (17 %) og dermed høgast del skjønnlitterære tekstar (83 %). I verket *Grip teksten* er 15 % av sidene sakprosaetekstar og 85 % av sidene skjønnlitterære tekstar.



### 4.3 Kva skjønnlitterære sjangrar er representert i norskantologiane?

I LK06 legg ein til grunn eit utvida tekstomgrep, og det er derfor interessant å sjå om dette viser igjen i antologiane som skal vera skrivne i tråd med 2013-revisjonen av LK06. I kor stor grad ser ein sporet av dei nye teksttypane eller er det framleis slik at det er dei tradisjonelle sjangrane som dominerer?

**Tabell 4.6 Oversikt over skjønnlitterære sjangrar i norskantologier for studieførebuande utdanningsprogram**

**Tekstane er kategorisert i sjanger og bøkene er inndelt etter nummer, jamfør oversikta:**

1. Grip teksten Vg1 (Aschehoug)
2. Grip teksten Vg2 (Aschehoug)
3. Grip teksten Vg3 (Aschehoug)
4. Intertekst Vg1 (Fagbokforlaget)
5. Intertekst Vg2 (Fagbokforlaget)
6. Intertekst Vg3 (Fagbokforlaget)
7. Moment Vg1 (Cappellen Damm)
8. Moment Vg2 (Cappellen Damm)
9. Moment Vg3 (Cappellen Damm)
10. Panorama Vg1 (Gyldendal)
11. Panorama Vg2 (Gyldendal)
12. Panorama Vg3 (Gyldendal)

| SJANGER                   | 1  | 2  | 3  | 4  | 5     | 6  | 7  | 8 | 9  | 10 | 11 | 12 | SUM |
|---------------------------|----|----|----|----|-------|----|----|---|----|----|----|----|-----|
| Novelle                   | 11 | 3  | 10 | 8  | 5     | 5  | 5  | 3 | 9  | 15 | 6  | 14 | 94  |
| Roman (U)                 | 8  | 4  | 16 | 5  | 1     | 11 | 4  | 6 | 11 | 7  | 9  | 13 | 95  |
| Drama/høyrespel           | 0  | 4  | 3  | 2  | 1     | 2  | 1  | 7 | 2  | 4  | 6  | 4  | 36  |
| Filmmanus                 | 1  | 0  | 0  | 0  | 0     | 0  | 1  | 0 | 0  | 0  | 0  | 0  | 1   |
| Songtekst                 | 3  | 2  | 1  | 3  | 6     | 6  | 2  | 4 | 1  | 1  | 4  | 2  | 35  |
| Salme                     | 0  | 2  | 0  | 0  | 4     | 0  | 0  | 1 | 0  | 0  | 4  | 0  | 11  |
| Dikt/gruk/diktsamling     | 21 | 25 | 24 | 15 | 15    | 23 | 16 | 8 | 41 | 43 | 16 | 44 | 291 |
| Kortprosa/prosadikt       | 1  | 0  | 2  | 0  | 0     | 1  | 1  | 1 | 0  | 3  | 1  | 5  | 15  |
| Lyrisk/kvad/lyrikksamling | 0  | 2  | 0  | 1  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 0  | 0  | 3   |
| Eddadikt                  | 0  | 1  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 2   |
| Sonett                    | 0  | 0  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  |    | 1   |
| Heltedikt                 | 0  | 1  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 0  | 0  | 1   |
| Læredikt                  | 0  | 0  | 0  | 0  | 1     | 0  | 0  | 1 | 0  | 0  | 0  | 0  | 2   |
| Gudedikt                  | 0  | 0  | 0  | 0  | 1     | 0  | 0  | 1 | 0  | 0  | 0  | 0  | 2   |
| Visjonsdikt               | 0  | 0  | 0  | 0  | 1     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 0  | 0  | 1   |
| Saga                      | 0  | 4  | 0  | 0  | 2     | 0  | 0  | 4 | 0  | 1  | 4  | 0  | 14  |
| Fabel                     | 0  | 1  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 2   |
| Epos                      | 0  | 0  | 0  | 0  | 1     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 2   |
| Myte                      | 0  | 1  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 2   |
| Segn/moderne segn*        | 0  | 1  | 0  | 0  | 4(1*) | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 5  | 0  | 10  |
| Legende                   | 0  | 0  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 1   |
| Epistel                   | 0  | 0  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 1   |
| Eventyr                   | 0  | 2  | 0  | 0  | 3     | 0  | 0  | 5 | 0  | 0  | 6  | 0  | 16  |
| Vandrehistorie            | 0  | 1  | 0  | 0  | 1     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 0  | 0  | 2   |
| Forteljing                | 0  | 1  | 3  | 0  | 1     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 6   |
| Krønike                   | 0  | 0  | 0  | 0  | 0     | 0  | 0  | 0 | 0  | 0  | 1  | 0  | 1   |

| <b>SJANGER</b>                   | <b>1</b> | <b>2</b> | <b>3</b> | <b>4</b> | <b>5</b> | <b>6</b> | <b>7</b> | <b>8</b> | <b>9</b> | <b>10</b> | <b>11</b> | <b>12</b> | <b>SUM</b> |
|----------------------------------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|-----------|-----------|-----------|------------|
| Folkeviser                       | 0        | 1        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0         | 2         | 0         | 3          |
| Vise                             | 0        | 2        | 1        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0         | 0         | 0         | 2          |
| Ballade                          | 0        | 0        | 0        | 0        | 2        | 0        | 0        | 1        | 0        | 0         | 0         | 0         | 3          |
| Vagantviser                      | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0         | 1         | 0         | 1          |
| Joik                             | 0        | 0        | 0        | 0        | 1        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0         | 0         | 0         | 1          |
| Religiøs tekst                   | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 1         | 1         | 0         | 1          |
| Teikneserie/teikneserieroman (U) | 1        | 3        | 1        | 3        | 0        | 0        | 1        | 1        | 1        | 1         | 1         | 0         | 13         |
| Barnebok/bildebok                | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 1         | 1         | 0         | 2          |
| Fantasyroman                     | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 1        | 0        | 0         | 0         | 0         | 1          |
| Samansett tekst (dikt/foto)      | 0        | 0        | 0        | 1        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0        | 0         | 0         | 0         | 1          |

Kommentar til tabellen: inndelinga er basert på dei skjønnlitterære sjangrane som er brukt i antologiane.

Tabellen illustrerer kva sjangrar som er representert i tekstantologiane og viser eit tydeleg bilete av kva type tekstar som dominerer i læreverka. Dikt kjem høgast opp når ein samanliknar talet på tekstar, og sjangeren dikt/gruk/diktsamling inneheld til saman heile 291 tekstar. Lyriske tekstar er korte og derfor ofte å foretrekka av omsyn til plass, og for ikkje å sprengja rammene for antologiane. Dette har også Aamotsbakken kommentert i sin studie (2003, s. 5). Læreverket *Panorama* skiljer seg ut med flest tekstar innanfor kategorien dikt/gruk/diktsamling i tabellen, og dersom ein ser på verkpakken under eitt, kjem ein opp i 103 tekstar. Færrast dikt finn ein i verkpakken *Intertekst* som har tatt med 53 dikt. Tekstantologiane inneheld til saman 95 utdrag av romanar og flest finn ein i bøkene for Vg3. *Panorama* og *Grip teksten* inneheld 29 og 28 utdrag av romanar, og *Moment* og *Intertekst* 21 og 17. Når ein ser på novellesjangeren, er det òg *Panorama* som merkar seg ut når det gjeld talet på tekstar, og i denne verkpakken finn ein 35 noveller. Innanfor novellesjangeren er det *Moment* (17) og *Intertekst* (18) som har færrast tekstar. Tabellen illustrerer kor sterkt dei tradisjonelle sjangrane framleis står i læreverka. Dei sjangrane som har fleire enn fem representasjonar, er i fallande rekkefølge lyrikk, romanutdrag, novelle, drama, songtekst, vandrehistorie, kortprosa, saga, teikneserie, visjonsdikt og segn. Med unntak kanskje av teikneserie, er dette tradisjonelle sjangrar i norskfaget. Det utvida tekstomgrepet etter LK06, ser såleis ikkje ut til å ha nådd tekstantologiane i læreverka. Kunnskapsløftet legg til grunn eit utvida tekstomgrep, men det eg finn er ei vidareføring av dei tradisjonelle sjangrane. I 2013-revisjonen av LK06 står det følgjande under overskrifta «Formål»: «Faget bygger på et tekstbegrep som inkluderer muntlige, skriftlige og sammensatte tekster, der skrift, lyd og bilder spiller sammen» (Utdanningsdirektoratet, 2013).

## 4.4 Den «nye kanon» etter Kunnskapsløftet

Samtidig som det er interessant å sjå kva forfattarar som har ramla ut av kanon, er det av interesse å finna ut kva forfattarar og tekstar som har kome med i dei nye skuleantologiane. Dei tekstane som er skrivne av forfattarar i vår nære samtid, kan ein gjerne ikkje omtala som kanon-tekstar eller kanon-forfattarar, men utvalet kan kanskje gi ein indikasjon på framtidige kanon-forfattarar og kanon-tekstar. Eg har derfor valt å kalla dette for den «nye kanon». I dette underkapittelet har eg tatt utgangspunkt i dei fire læreverka og samanlikna verkpakkane med kvarandre, utan omsyn til om dei var omtala i R94-planen eller i Aamotsbakken si undersøking. Elles har eg nytta dei same utvalskriteria som tidlegare, dvs. at eg reknar ein forfattar som kanonisert dersom han/ho er representert i minst tre av fire verkpakkar, og «dels-kanonisert» dersom forfattaren finst i to av fire verkpakkar. Eg har òg brukt denne kvantifiseringsmetoden når eg har registrert tekstar. Listene over forfattarar er ordna i alfabetisk rekkefølge etter etternamnet på forfattaren.

### 4.4.1 «Kanon-forfattarar»

Aarø, Selma Lønning

Aasen, Ivar

Andersen, Hans Christian

Asbjørnsen og Moe

Askildsen, Kjell

Bjørneboe, Jens

Bjørnson, Bjørnstjerne

Boye, Karin

Brekke, Paal

Christensen, Lars Saabye

Collett, Camilla

Dahle, Gro

Dass, Petter

Duun, Olav

Engelbretsdotter, Dorothe  
Fosse, Jon  
Frimann, Claus  
Garborg, Arne  
Grieg, Nordahl  
Grytten, Frode  
Grøndahl, Cathrine  
Haagensen, Nils-Øivind  
Hagerup, Inger  
Hamsun, Knut  
Hansen, Maurits Christopher  
Hassan, Yahya  
Hauge, Olav  
Hofmo, Gunvor  
Holberg, Ludvig  
Homer  
Ibsen, Henrik  
Jacobsen, Rolf  
Johannesen, Georg  
Kafka, Franz  
Karpe Diem (popgruppe)  
Khemiri, Jonas Hassen  
Kielland, Alexander  
Knausgård, Karl Ove  
Loe, Erlend  
Myhre, Lise  
Mykle, Agnar  
Nilsen, Rudolf  
Nyquist, Arild

Obstfelder, Sigbjørn  
Rimbereid, Øyvind  
Rishøi, Ingvild H.  
Satrapi, Marjane  
Shakespeare, William  
Skaranger, Maria Navarro  
Skram, Amalie  
Solstad, Dag  
Södergran, Edith  
Tiller, Carl Frode  
Undset, Sigrid  
Vesaas, Halldis Moren  
Vesaas, Tarjei  
Vinje, Aasmund O.  
Vold, Jan Erik  
Welhaven, Johan Sebastian  
Wergeland, Henrik  
Wildenvey, Herman  
Øverland, Arnulf  
Øyehaug, Gunhild

#### 4.4.1.1 *Kjønn*

Det er til saman 63<sup>12</sup> kanoniserte forfattarar i dei fire nye læreverka, og når det gjeld kjønnsfordelinga, er 17 av desse kvinner og 46 menn. Det vil seie at 27 % av kanonforfattarane er kvinner og 73 % er menn. Talet på kvinnelege forfattarar er vesentleg lågare enn talet på manlege forfattarar, og dette er ikkje i tråd med den tidlegare godkjenningssordninga. Når ein ser på den «nye kanonlista», kan det tyda på at desse normene ikkje er like sterkt til stades lengre. Det er vanskeleg å peike ut kva som er grunnen til dette, men ei mogleg forklaring kan vera at lærebokforfattarane og forlagsredaktørane først og

---

<sup>12</sup> Forfattarane Asbjørnsen og Moe er her talt som ein person og det same er popgruppa Karpe Diem.

fremst ser på andre utvalskriterier enn kjønn. Med det meiner eg at det ikkje er utenkeleg at ein først og fremst tek omsyn til kriterium som til dømes sjanger, lengda på teksten og opphav.

#### 4.4.1.2 *Nasjonalitet*

11 av dei kanoniserte forfattarane har utanlandsk opphav eller norsk/utanlandsk opphav og i prosent utgjer dette 17 %. Då har eg inkludert Saabye Christensen (norsk/dansk) blant dei norske. Dei forfattarane med utanlandsk opphav er H.C. Andersen (dansk), Boye (svensk), H. Yahya (dansk/palestinsk), Homer (gresk), Kafka (tsjekkisk), J.H. Khemiri (svensk/tunisisk), Satrapi (iransk), Shakespeare (engelsk), Skaranger (norsk/chilensk) og Södergran (finsk/svensk). Størstedelen av dei forfattarane som er tatt med her, var ikkje akkurat overraskande val, men meir dei ein gjerne reknar med finst i eit norsklæreverk. Det er heller ikkje uventa at læreverka satsar på yngre forfattarar med multikulturell bakgrunn. Dei som har kome med på den «nye kanonlista» er forfattarar som har merka seg ut av ulike grunnar. Tekstane frå andre land fell i to kategoriar: Anten er det internasjonal klassikar, eller så er det «nye stemmer» som skildrar erfaringar med å vere migrant. Dette har eg kommentert nærare i underkapittel 4.4.3 om «kanon-tekstar».

#### 4.4.2 «Dels-kanoniserte» forfattarar

Andersen, Benny

Bellman, Carl Michael

Boccaccio, Giovanni

Boine, Mari

Brun, Johan Nordahl

Bøe, Anne

Eira, Rawdna Carita

Fløgstad, Kjartan

Foldøy, Reidun Elise

Harstad, Johan

Hein, Piet

Johnsen, Sara  
Karim, Nasim  
Kleiva, Anna  
Klintberg, Bengt af  
Lillegraven, Ruth  
Lykke, Nina  
Løveid, Cecilie  
Mariussen, Lina Undrum  
Marstein, Trude  
Mehren, Stein  
Molière, Jean Baptiste  
Preus, Anne Grete  
Prøysen, Alf  
Renberg, Tore  
Saavedra, Miguel de Cervantes  
Sande, Jacob  
Somby, Marry Ailonieida  
Stenersen, Rolf  
Strindberg, August  
Sturlason, Snorre  
Takvam, Marie  
Wessel, Johan Herman

#### *4.4.2.1 Kjønn*

33 av forfattarane er «dels-kanoniserte», og av desse er 15 (45 %) kvinner og 18 (55 %) menn. Dette var ein større kvinnedel enn det ein kanskje kunne forventa samanlikna med lista over «kanoniserte» forfattarar. Vi såg ovanfor at andelen fullt kanoniserte kvinnelege forfattarar, var vesentleg lågare. 17 av kanon-forfattarane var kvinner og 46 menn, og i prosent utgjer dette 27 % kvinner og 73 % menn. Det er sjølvsagt vanskeleg å seie eksakt kva desse tala tyder, men det kan vera grunnlag for å tru at dette ikkje berre er ein tilfeldig

tendens. Ei mogleg tolking er at den tidlegare godkjenningsordninga framleis vert tatt omsyn til eller ligg som ei uskriven norm som Aamotsbakken nemner i sin studie (2003, s. 5). Ei anna tolking av den relativt jamne kjønnsfordelinga kan vera at det er mange kvinnelege forfattarar å velja blant, og at kjønn *ikkje* er det kriteriet ein tek mest omsyn til i utvalsprosessen. Sagt med andre ord så kan det òg vera *tilfeldig* at kvinnedelen er såpass høg i forhold til dei forfattarane som vert rekna som «dels-kanoniserte», og tilsvarande låg når det gjeld kategorien kanoniserte forfattarar. Tendensen er likevel at kvinner «når opp» til å bli «dels-kanoniserte» forfattarar, men i mindre grad når opp til å bli det eg kallar kanoniserte.

#### 4.4.2.2 Nasjonalitet

9 av dei «dels-kanoniserte» forfattarane har utanlandsk eller norsk/utanlandsk opphav, og dei utgjer 27 % av forfattarane. Dei forfattarane som er med på denne lista er: Benny Andersen (dansk), Carl Michael Bellman (svensk), Giovanni Boccaccio (italiensk), Piet Hein (dansk), Nasim Karim (norsk/pakistansk), Jean Baptiste Molière (fransk), Miguel de Cervantes Saavedra (spansk), August Strindberg (svensk) og Snorre Sturlason (islandsk). I tillegg til desse er tre av forfattarane norsk/samiske og det er Mari Boine, Rawda Carita Eira og Marry Ailonieda Somby. Også når det gjeld nasjonalitet var prosentdelen høgare enn det eg hadde rekna med. Det kan tyde på at nokre av forlaga bevisst har valt å satse på å ta med fleire utanlandske forfattarar enn det som har vore vanleg tidlegare, og at det kanskje er ein ny tendens ein ser her. Det er likevel vanskeleg å seie noko sikkert om dette.

#### 4.4.3 «Kanon-tekstar»

«Grisen» (Lars Saabye Christensen, 2005, novelle, H)

«Soga om Tristram og Isond» (Ukjend forfattar, 1226, saga, U)

«Hamlet» (William Shakespeare, ca. 1601, drama, U)

«Aftensalme» (Dorothe Engelbretsdotter, 1678, salme, H)

«Niels Klims reise til den underjordiske verden» (Ludvig Holberg, 1741, roman, U)

«Erasmus Montanus» (Ludvig Holberg, 1722, drama, U)

«Smeden og bakeren» (Johan Herman Wessel, 1784, dikt, H)

«En birkebeinersang» (Claus Frimann, 1790, songtekst, H)



«Odysseen» (Homer, ca. 720 f.Kr., dikt/epos, U)

«Meg selv» (Henrik Wergeland, 1841, dikt, H)

«Til min Gyldenlak» (Henrik Wergeland, 1845, dikt, H)

«Ja, vi elsker dette landet» (Bjørnstjerne Bjørnson, 1859, dikt/songtekst, H)

«Persepolis» (Marjane Satrapi, 2005 utgjeve på norsk, teikneserieroman, U)

«Nemi» (Lise Myhre, teikneserie, H)

«Sult» (Knut Hamsun, 1890, roman, U)

«Jeg ser» (Sigbjørn Obstfelder, 1893, prosadikt, H)

«Kristin Lavransdatter. Kransen» (Sigrid Undset, 1920, roman, U)

«Storby-natt» (Rudolf Nilsen, 1925, dikt, H)

«Aust-Vågøy» (Inger Hagerup, 1945, dikt, H)

«Den grønne kommoden» (Selma Lønning Aarø, 1995, novelle, H)

«Innsirkling» (Carl Frode Tiller, 2007, roman, U)

«Min kamp 1» (Karl Ove Knausgård, 2009, roman, U)

«Alle utlendinger har lukka gardiner» (Maria Navarro Skaranger, 2015, roman, U)

«Et rødt øye» (Jonas Hassen Khemini, 2003, roman, U)

«Solaris korrigeret» (Øyvind Rimbereid, 2004, dikt, H)

«Luren» (Maurits Christopher Hansen, 1819, novelle, H)

«Amtmandens døtre» (Camilla Collett, 1854-1855, roman, U)

#### 4.4.3.1 *Sjanger*

Det finst totalt 27 «kanon-tekstar» i dei nye tekstantologiane. 11 av tekstane er innanfor lyriske sjangrar (41 %), 2 tekstar er utdrag av drama (7 %), 12 av tekstane er prosatekstar (44 %), to av desse er å rekna som samansette tekstar (7 %, her i form av teikneseriestriper). Åtte av tekstane innan prosasjangeren er utdrag av romanar. Tre av tekstane er noveller, og ein tekst er utdrag av ei saga. Når det gjeld forholdet mellom utdrag og heile tekstar, er 13 av tekstane utdrag og 14 heile tekstar. Kanon-tekstane er stort sett i dei tradisjonelle sjangrane: lyrikk, episk diktning og drama, men dramasjangeren er lågt representert. Andre tekstformer er lite representerte. Dette kan henge saman med disposisjonen forfattarane har valt for antologidelane i læreverka.

#### 4.4.3.2 Kjønn

Dersom ein ser på kjønnsfordelinga, kan ein sjå at 8 av tekstane er skrivne av kvinner (30 %) og 18 av menn (67 %). Ein av tekstane har ukjend forfattar. Kjønnsfordelinga er meir ujamn når ein ser på kanon-tekstar enn det som er tilfellet for kanon-forfattarar i dei nye læreverka. Tre av dei kvinnelege forfattarane er representerte med romanutdrag, og det er Camilla Collett, Sigrid Undset og Maria Navarro Skaranger. Det er interessant, men kanskje ikkje overraskande, å sjå at både Collett sin roman *Amtmandens døtre* og Undset sin roman *Kristin Lavransdatter* (her med utdrag frå *Kransen*) framleis er med på kanonlista. Desse romanane var og med på kanonlista i Aamotsbakken sin studie. Det som kanskje er mest overraskande, er at den tredje kvinna som er representert med romanutdrag, er Maria Navarro Skaranger. Ho debuterte i 2015 med romanen *Alle utlendinger har lukka gardiner*, og denne har allereie kome med på den nye «kanonlista». Det er nok ikkje tilfeldig at akkurat denne romanen er valt ut av lærebokforfattarane. Sjølv om ho er født i Oslo, representerer ho det fleirkulturelle Noreg. Romanen handlar om hennar oppvekstmiljø, det fleirkulturelle Romsås, og språket i boka er det ein omtaler som «kebabnorsk».

#### 4.4.3.3 Nasjonalitet

Dei aller fleste kanon-tekstane er skrivne av norske forfattarar. Torill Steinfeld hevdar blant anna at lærebokforfattarane ikkje i særleg stor grad opplyser eller informerer elevane om diktinga i nabolanda våre (2001, s. 482). Ho skriv òg at det er tradisjon for å famne om vår eigen, norske litteratur og i liten grad inkludera utanlandsk litteratur i læreverka:

Mens svenskene som en selvfølge har gitt «verdenslitteraturen» plass i svenskfaget i den høyere skolen, og mens danskene både har hatt «oldtidskunnskap» som eget fag i skolen og har gitt plass for *nordisk* litteratur i sitt danskfag, har vi i Norge slått vakt om vår spinkle kanon på en måte som vitner om våre postkoloniale komplekser (Steinfeld, 1995, s. 338).

Dersom ein ser vekk frå Shakespeare (engelsk) og Homer (gresk) er det berre to forfattarar som ikkje er norske på lista, og det er Marjane Satrapi (fransk/iransk) og Jonas Hassen Khemini (svensk/tunisisk). Satrapi er på lista med den sjølvbiografiske teikneserien *Persepolis*. Teikneserien handlar om korleis det var å bu i Teheran under krigen mellom Irak og Iran, og kampen for å skaffa seg ei framtid i Europa. Khemini er født i Sverige og har svensk mor og tunisisk far. Han finst på lista med eit utdrag av romanen *Et rødt øye*

(originaltittel: *Ett öga rött*) som var debutromanen hans. Det er ein dagbokroman som er skriven på innvandrarsvensk eller «Rinkeby-svensk» og handlar om ein far som vil at sonen skal bli mest mogeleg svensk, medan sonen ønskjer å ta vare på den arabiske kulturen sin (Naveen, 2011). Hovudtendensen er likevel at kanon i læreverka består av norske tekstar.

#### 4.4.3.4 Tidsperiodar

Sju av tekstane er frå 1800-talet og dette utgjør 26 % av tekstane frå den nye «kanon-lista». Dette er forventa ut frå «gullalder»-perspektivet. Det er få tekstar frå norrøn litteratur og mellomalderen (7 %), og dei som er å rekna som kanoniserte er *Odysseen* og *Soga om Tristram og Isond*. Den norrøne diktinga er såleis ute av kanon og erstatta av gresk/europeisk dikting. Derimot er det tatt med sju tekstar (26 %) frå 1600 og 1700-talet. Det må ein kunne seie er eit overraskande høgt tal. 1900-talet derimot er representert med fire tekstar (15 %) og tre av desse er frå perioden 1920 til 1945. Berre ein av tekstane er frå siste del av 1900-talet. Dette talet er mykje lågare enn forventa, og særleg med tanke på at denne perioden er såpass nær elevane sin samtid. 1900-talet er dermed lågt representert når det gjeld kanon-tekstar. Ein kunne vurdert dette slik at det er fordi kanon enno ikkje er fastmeisla, men samtidig er det relativt mange tekstar frå etter tusenårsskiftet i antologiane. Åtte av tekstane er frå 2000-talet, dvs. 30 %. Det at dette talet er såpass høgt kan henga saman med læreplanen si vektlegging av samtidslitteratur.

#### 4.4.4 «Dels-kanoniserte» tekstar

«Det er den draumen» (Olav Hauge, 1966, dikt, H)

«Jamnsterke» (Marie Takvam, 1980, dikt, H)

«Rulle rundt» (Rolf Jacobsen, 1975, dikt, H)

«Fattern elska rødvin» (Arild Nyquist, 1984, dikt, H)

«Dikt uten tittel (frå Hundre tusen timer)» (Gro Dahle, 1996, dikt, U)

«Jeg lar dem slippe ut» (Cathrine Grøndahl, 1994, dikt, H)

«Jeg holder ditt hode» (Stein Mehren, 1963, dikt, H)

«Sirkelrot» (Anne Bøe, 2001, dikt, H)

«Når himmelen faller ned" (Anne Grete Preus, 1998, songtekst, H)

«Dikt uten tittel (frå Krigeren, elskeren og klovnen)» (Marry Ailonieida Somby, 1994, dikt, U)

«Tatt av kvinnen» (Erlend Loe, 1993, roman, U)

«L» (Erlend Loe, 1999, roman, U)

«Liten knute» (Gunhild Øyehaug, 2004, novelle, H)

«Mannen som elsket Yngve» (Tore Renberg, 2003, roman, U)

«Den store dagen» (Reidun Elise Foldøy, 2008, novelle, H)

«Tweets» (Frode Grytten, 2012, twitterforteljingar/kortprosa, U)

«Togsong» (Frode Grytten, 2001, novelle, H)

«Voluspå»\* (Ukjend forfattar, norrønt, eddadikt, U)

«Dacameronen» (Giovanni Boccaccio, 1353, forteljing/novelle, U)

«Don Quijote» (Miguel de Cervantes Saavedra, 1605, roman, U)

«As you like it» (William Shakespeare, ca. 1599, drama, U)

«Herre Gud! Dit dyre navn og ære» (Petter Dass, 1695, salme, U)

«Nordlands trompet» (Petter Dass, 1678, dikt, U)

«Norges Skaal» (Johan Nordahl Brun, 1772, dikt/drikkevise, H)

«Kvitebjørn Kong Valemon» (Asbjørnsen & Moe, eventyr, H)

«For trykkefriheden» (Henrik Wergeland, 1840, dikt, H)

«Sjøfuglen» (Johan Sebastian Welhaven, 1836, dikt, H)

«Fanitullen» (Jørgen Moe, 1849, dikt, H)

«Synnøve Solbakken» (Bjørnstjerne Bjørnson, 1857, roman, U)

«Faderen» (Bjørnstjerne Bjørnson, 1860, novelle, H)

«Ved Rondane» (Aasmund, O. Vinje, 1861, dikt, H)

«Nasjonalitet» (Asmund, O. Vinje, 1864, dikt, H)

«Gamle Noreg» (Ivar Aasen, 1863, dikt, H)

«Peer Gynt» (Henrik Ibsen, 1867, drama, U)

«Gjengangere» (Henrik Ibsen, 1881, drama, U)

«En folkefiende» (Henrik Ibsen, 1882, drama, U)

«Ett drømmespel» (August Strindberg, 1902, drama, U)

«Fred» (Arne Garborg, 1892, roman, U)

«Byen» (Sigbjørn Obstfelder, 1893, dikt, H)

«Karens jul» (Amalie Skram, 1885, novelle, H)

«Foran loven» (Franz Kafka, 1916, forteljing/novelle, H)  
 «Dagen svalnar» (Edith Södergran, 1916, dikt, H)  
 «Du må ikke sove» (Arnulf Øverland, 1937, dikt, H)  
 «Episode» (Inger Hagerup, 1945, dikt, H)  
 «Fall» (Tarjei Vesaas, 1952, novelle, H)  
 «Regn i Hiroshima» (Tarjei Vesaas, 1947, dikt, H)  
 «Uden for døren» (Yahya Hassan, 2013, dikt, H)  
 «Barndom» (Yahya Hassan, 2013, dikt, H)  
 «På trikken» (Nina Lykke, 2010, novelle, H)  
 «God dag!» (Jan Erik Vold, 1969, dikt, H)  
 «Maria» (Kjell Askildsen, 1983, novelle, H)  
 «Håvamål»\* (Ukjend forfattar, 1200-talet, læredikt, U)  
 «Trymskvadet»\* (Ukjend forfattar, 1200-talet, gudedikt, H)  
 «Soga om Gisle Sursson»\* (Ukjend forfattar, norrønt, saga, U)  
 «Liti Kjersti»\* (Ukjend forfattar, ballade, H)  
 «Fandango» (Vilhelm Krag, 1890, dikt, H)  
 «Det er ingen hverdag mer» (Gunvor Hofmo, 1946, dikt, H)  
 «Jødisk partisansang» (Georg Johannesen, 1966, dikt, H)  
 «Der alle stier taper seg» (Paal Brekke, 1960, dikt, H)  
 «Brått evig» (Arne Lygre, 1999, drama, U)  
 «Hentet» (Johann Grip, 2002, dikt, H)  
 «Saga om Gunnlaug Ormstunge»\* (Ukjent forfattar, 1200-talet, saga, U)  
 «Kunsten å myrde» (Cora Sandel, 1935, novelle, H)  
 «Metope» (Olaf Bull, 1927, dikt, H)

#### 4.4.4.1 *Sjanger*

Det finst 64 tekstar som er å rekna som «dels-kanoniserte» i mitt datamateriale. 37 av tekstane er lyriske (58 %), 6 tekstar er dramautdrag, dvs. 9 %. 21 av tekstane er prosatekstar (33 %). Innan prosasjangeren er seks av tekstane utdrag av romanar, 11 noveller, eitt eventyr, ei twitterforteljing og to tekstar er sagaer. 22 (34 %) av tekstane er utdrag og 42 (66 %) av tekstane er heile tekstar. Dei «dels-kanoniserte» tekstane representerer også i stor grad dei

tradisjonelle sjangrane (epikk, lyrikk og dramatikk). Dette kan henge saman med disposisjonen i antologiane.

#### 4.4.4.2 *Kjønn*

14 av dei «dels-kanoniserte» tekstane er skrivne av kvinner (22 %), medan 44 er skrivne av menn (69 %). Dette er ein nokså sterk ubalanse, og eg hadde forventa at talet på kvinnelege forfattarar var høgare enn dette i dei nyskrivne læreverka. Det kan vera fleire moglege forklaringar på årsaka til den låge representasjonen av tekstar skrivne av kvinner. Ein av grunnane kan vere at den offentlege godkjenningssordninga forsvann, og at forlaga dermed står friare til å velje tekstar utan å ta omsyn til kjønn. I artikkelen «Skolereformer og kanon» skriv Bente Aamotsbakken (2011) at sidan LK06 ikkje viser til kva forfattarar elevane bør lesa, kan det vera at kvinnelege forfattarar står meir utsett til etter innføringa av planverket LK06. Samtidig skriv ho at det ikkje er sikkert at formuleringar i læreplanen har så mykje å seie for kva som vert representert i læreverk og andre læremiddel, og meiner at nettopp derfor vil kanonisert litteratur framleis verta aktuelt for elevane i skulen (Aamotsbakken, 2011, s. 117). Seks av tekstane har ukjend forfattar (9 %).

#### 4.4.4.3 *Nasjonalitet*

Tekstane er hovudsakleg skrivne av norske forfattarar. Det er berre åtte av dei «dels-kanoniserte» tekstane som er skrivne av utanlandske forfattarar og det utgjør 12,5 % av tekstane. Blant dei eldste tekstane er det *Decameronen* av Giovanni Boccaccio (Italia, 1353), *Don Quijote* av Miguel de Cervantes (Spania, 1605) og *As you like it* av William Shakespeare (England, 1599). Det er og tre tekstar frå byrjinga av 1900-talet som er skrivne av forfattarar med utanlandsk opphav og det er *Ett drömspel* av August Strindberg (Sverige, 1902), *Foran loven* av Franz Kafka (Tsjekkia, 1916) og *Dagen svalnar* av Edith Södergran, Finland/Sverige, 1916). Det er og tatt med to nye tekstar og det er tekstane *Uden for døren* og *Barndom* av Yahya Hassan (Danmark/Palestina, 2013). Også her er tendensen at det anten er klassikarar eller «nye stemmer» frå migrantar.

#### 4.4.4.4 *Tidsperiodar*

Sju av tekstane er frå norrøn litteratur og mellomalder (11 %). Fire av tekstane er frå perioden 1600–1700-talet (6 %), altså vesentleg færre enn dei fullt ut kanoniserte tekstane (26 %).

Dette kan bety at kanon frå 1600- og 1700-talet ligg fast. 15 av tekstane er frå 1800-talet (23 %) – det tilsvarande talet fullt kanoniserte tekstar var 26 %. Heile 25 av tekstane er skrivne på 1900-talet (39 %). Talet på «dels-kanoniserte» tekstar frå 1900-talet er høgt i forhold til talet på fullt kanoniserte tekstar (15 %). Dette kan bety at det er bevegelse i korleis 1900-talet er representert. 7 av tekstane er skrivne mellom år 1902 og 1945. Det betyr at 18 av tekstane er skrivne etter 1945, og 10 av desse vart gitt ut på 1980 og 1990-talet. Dette kan tyde på at det er ei endring i korleis 1900-talet er representert, og at ein ser ein tendens til at tekstar som vart gitt ut i siste del av 1900-talet går hyppigare igjen enn tekstar skrivne før 1945. Av dei «dels-kanoniserte» tekstane er 10 skrivne på 2000-talet (16 %).

## 5 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

### 5.1 Oppsummering

I dette kapittelet vil eg byrje med ei oppsummering over dei funna eg har gjort i studien, og deretter kome fram til ein konklusjon på problemformuleringa i underkapittel 5.2. Som eit referansepunkt eller bakgrunn for studien har eg som nemnt innleiingsvis nytta Aamotsbakken sin studie om kanoniseringstendensar i norskfaglege antologiar *Skolens kanon – vår viktigste lesedannelse? En studie i kanonisering i norskfaglige antologier for videregående skole, allmennfaglig studieretning* (Aamotsbakken, 2003). Aamotsbakken fann at formuleringane i læreplanen ikkje har så stor påverknad over kva som vert representert i læreverka for allmennfagleg studieretning eller det som etter Kunnskapsløftet vert kalla studieførebuande utdanningsprogram. Ho meiner bl.a. at det ser ut til at dei tre siste tiåra av 1800-talet er kanonisert i si heilheit. Dette skildrar tydinga av det ein omtalar som gullalderen i norsk litteratur og realismen (Aamotsbakken, 2003; Aamotsbakken, 2011). Eg var derfor interessert i å undersøka om tekstutvalet var mykje likt det ho kom fram til. For å finne ut om det finst ein kanon har eg òg sett på dei forfattarane/verka som eksplisitt var nemnt i R94-planen.

Mine funn kan tyda på at norrøn dikting er på veg ut av kanon eller svekt. Dette skil seg frå forfattarar/tekstar frå 1600-, 1700- og 1800-talet som har ein fastmeisla kanon som framleis eksisterer. Realismen er kanonsterk, og læreverka opprettheld dermed førestillinga om den litterære gullalderen. Når det gjeld 1900-talet er det ein del endringar, og fleire av kanonforfattarane frå perioden 1900–1950 er ute av kanonlista. Dei som er ute av kanon, er Falkberget, Uppdal, Braaten, Hoel, Sandemose, Nygard, Vaa, Jonsson, Borgen, Nedreaas og Bjørneboe. Mange av dei representerer nyrealismen og psykoanalytisk inspirert litteratur. Aamotsbakken fann i sin studie at skulekanon var nært knytt til den tradisjonelle kanon, og at nesten alle tekstane var frå perioden 1800-talet og tidleg 1900-tal, samt norrøn litteratur og tekstane frå mellomalderen (2003, s. 46).

Sidan eg har nytta Aamotsbakken sin studie både som bakgrunn og samanlikningsgrunnlag for studien, laga eg ein tabell (tabell 4.2) som viser dei kanoniserte og «halvvegs-kanoniserte» forfattarane ho fann i sitt datamateriale. Tabellen viser òg dei forfattarane som var nemnt i R94-planen. Med det som referansepunkt registrerte eg kven av forfattarane som er å finna i dei antologiane eg har undersøkt. Hovudtendensen er at det er eit relativt stort samanfall med slik situasjonen er i dag. Eit litt overraskande funn er at eg har funne *fleire* kanoniserte



forfattarar blant dei som eksplisitt var nemnt i R94-planen enn det som var tilfellet når Aamotsbakken gjennomførte si undersøking, og det gjeld følgjande forfattarar: Petter Dass, Dorothe Engebretsdotter, H.C. Andersen\*, Camilla Collett, Henrik Ibsen, Sigbjørn Obstfelder, Sigrid Undset, Nordahl Grieg og Rudolf Nilsen. I tillegg til desse er forfattarane August Strindberg\*, Olav Duun, Cora Sandel, Olaf Bull og Jens Bjørneboe å rekna som «dels-kanoniserte» i mitt materie. Som nemnt tidlegare fall H.C. Andersen og August Strindberg utanfor Aamotsbakken sin studie, sidan ho utelukkande konsentrerte seg om dei norske forfattarane. Samanlikninga med hennar studie blir derfor ikkje heilt relevant i forhold til danske og svenske forfattarar. Forfattarane Johan Falkberget, Kristofer Uppdal, Oskar Braaten, Sigurd Hoel, Aksel Sandemose\*, Olav Nygard, Aslaug Vaa, Tor Jonsson og Torborg Nedreaas er ikkje med blant kanon-forfattarane, og fleire av desse er heilt utelatne frå antologiane. Dei var nemnt i R94, men dei var heller ikkje med på kanonlistene til Aamotsbakken.

Aamotsbakken kom fram til at 31 av tekstane i antologiane var kanoniserte og 25 var «halvvegs-kanoniserte». I mitt datamateriale er 11 av desse tekstane framleis å rekna som kanoniserte, medan 15 er det eg har definert som «dels-kanoniserte». Dei tekstane som har falt heilt ut av kanonlista, er *Av en født forbryters dagbok* (Johan Borgen), *Njåls saga*, *Villemann og Magnill*, *Olav og Kari*, *Til deg du hei* (Arne Garborg), *Elsk* (Arne Garborg), *Fra det ubevisste Sjæleliv* (Knut Hamsun), *Skjærgårdsø* (Knut Hamsun), *Nocturne* (Sigbjørn Obstfelder) og *Ei naki grein* (Olav Aukrust). Tre av tekstane representerer norrøn diktning og folkediktning. Teksten *Fra det ubevisste Sjæleliv* (Hamsun) vert rekna som ein sakprosatext, men den er tatt med på bakgrunn av at den inngår i Aamotsbakken sin studie. Det er ikkje godt å seie kvifor denne har falt ut av kanon. Ein kunne kanskje ha forventa at den vart tatt med som eit døme på eldre sakprosa. Dei kanoniserte tekstane fordeler seg nokså jamt mellom lyrikk og prosa. Fire av tekstane er utdrag av romanar og ei er novelle. Når ein samanliknar tabellen over kanon-forfattarar (tabell 4.2) med tabellen over kanon-tekstar (tabell 4.3) ser ein at nokre av desse framleis er med på kanonlista, men forfattarane er representert med andre tekstar. Hamsun og Ibsen sine tekstar *Sult* og *Peer Gynt* og er no å rekna som kanoniserte, medan desse forfattarane tidlegare var representert med kanontekstane *Fra det ubevisste Sjæleliv*, *Skjærgårdsø* og *Bergmanden* (denne var «halvvegs-kanonisert»). Dersom ein ser på kvinndelen, er den mykje høgare i mitt datamateriale (27,3 %) enn i Aamotsbakken sitt materiale (9,7 %). Samtidig er det litt vanskeleg å dra slutningar kring dette. For det første består kanonlista i mi undersøking av færre tekstar, og for det andre er dei tekstane som har

falt ut av kanonlista, med unntak av teksten *Karens Jul* av Amalie Skram, skrivne av menn. Det er likevel interessant å sjå at tekstane *Amtmandens Døtre* av Camilla Collett og *Kristin Lavransdatter* av Sigrud Undset heldt stand som kanoniserte tekstar. Sjølv om *Karens Jul* har falt ut av kanonlista, er den å rekna som «dels-kanonisert» i dei antologiane eg har undersøkt. Diktet *Aust-Vågøy* av Inger Hagerup har òg kome med på kanonlista, men var «halvvegs-kanonisert» i antologiane hos Aamotsbakken. I tillegg til novella *Karens Jul* er også diktet *Det er ingen hverdag mer* av Gunvor Hofmo blant dei «dels-kanoniserte» tekstane. Diktet *Tung tids tale* av Halldis Moren Vesaas og novella *Skolegut* av Laila Stien er no heilt ute av kanonlistene.

Studien min viser at ingen av forlaga tilbyr læreverk som oppfyller målsetjinga i læreplanen om at skjønnlitteratur og sakprosa skal vera likestilte. Samtidig er det stor skilnad mellom dei ulike læreverka her. *Moment* kjem noko betre ut enn dei andre læreverka, og i denne verkpakken er 33 % av tekstane sakprosa. Læreverket *Grip teksten* finn ein i den andre enden av skalaen og her er berre 17 % av tekstane sakprosa. Dette kan henge saman med disposisjonen forfattarane har valt. Det som kan understøtte den tolkinga, er at det verket som har ein litt annleis disposisjon, har største delen sakprosa.

Registreringa av kva type sjangrar som finst i antologiane viser at tekstar innanfor dei lyriske sjangrane dominerer blant dei som finst i antologiane, og dei er representert med til saman 291 tekstar. Tekstantologiane inneheld 95 utdrag av romanar og 94 noveller. Drama og hørespel er representert med til saman 36 tekstar. Tabellen (tabell 4.3) viser tydeleg at det framleis er dei tradisjonelle sjangrane (episk, lyrisk og dramatisk diktning) som dominerer. Det utvida tekstomgrepet Kunnskapsløftet legg til grunn, ser ikkje ut til å ha nådd antologidelen av læreverka i vidaregåande skule.

Eit mål med studien har òg vore å prøva å danna eit bilete eller få ein indikasjon på kva som kan vera den «nye kanon» i tekstantologiane. No er det kanskje litt tidleg å omtala dei forfattarane og tekstane frå vår nære samtid som kanoniserte. Det kan likevel vera interessant å sjå kva forfattarar og tekstar som går igjen i læreverka. I den «nye kanonlista» har det vore eit viktig poeng å sjå på nasjonalitet og kjønn opp mot kva forfattarnamn som er representerte. Eg kom fram til at det til saman er 63 *kanon-forfattarar* i dei fire læreverka, og av desse er 17 (27 %) kvinner og 46 (73 %) menn. Det må seiast å vera noko overraskande at berre 27 % av kanon-forfattarane er kvinner. Når det gjeld nasjonalitet, fann eg ut at 11 av kanon-forfattarane hadde utanlandsk eller norsk/utanlandsk opphav, og dette utgjør 17 % av forfattarane. 33 av forfattarane er «dels-kanoniserte» og av desse er 15 (45 %) kvinner og 18

(55 %) menn. Dersom ein samanliknar dette talet med det eg kom fram til med kvinnelege forfattarane som er å rekna som kanoniserte (27 %), er dette uventa høgt. Det er vanskeleg å seie kva som er grunnen til at det er så stor forskjell mellom desse tala, og det kan vera tilfeldig at kvinndelen er såpass høg i forhold til dei forfattarane som vert rekna som «dels-kanoniserte», og tilsvarande låg når det gjeld kategorien kanoniserte forfattarar. Det kan vera at det ikkje vert tatt særskilte omsyn til kjønnskriteriet når ein vel forfattarar til antologiane lengre, og at det dermed er andre faktorar som spelar meir inn og vert avgjerande for kva tekstar lærebokforfattarane og forlaga vel å prioritera. Det har òg gått nokre år sidan godkjenningsordninga vart avskaffa, og det er slett ikkje sikkert at den ligg som ei uskriven norm lengre. Då Aamotsbakken gjennomførte sin studie, var godkjenningsordninga relativt nyleg avvikla, og berre eitt av dei verka ho undersøkte vart utgitt etter at godkjenningsordninga fall bort (Aamotsbakken, 2003, s. 47). Det er derfor nærliggjande å tru at den ikkje i like stor grad vert teke omsyn til i praksis eller ligg som ei uskriven norm lengre. Sjølv om det er vanskeleg å fastslå årsaka til avviket i desse tala kan ein seie at tendensen er at kvinner «når opp» til å bli «dels-kanoniserte» forfattarar, men i mindre grad når opp til å bli kanoniserte forfattarar.

Også når det gjeld nasjonalitet er prosentdelen høgare når ein ser på «dels-kanoniserte» forfattarar enn det som er tilfellet for dei som fell under kategorien kanoniserte forfattarar, og heile 27 % av forfattarane har utanlandsk eller norsk/utanlandsk opphav.

Dersom ein ser på *kanon-tekstar*, fann eg 27 tekstar totalt. Her har eg i tillegg til kjønn og nasjonalitet valt å sjå på sjanger og når tekstane vart gitt ut. Når det gjeld sjanger er 12, dvs. 44 % av tekstane, prosatekstar. Åtte av tekstane innan prosasjangeren er utdrag av romanar, tre er noveller og ein tekst er utdrag av ei saga. Innanfor lyriske sjantrar fann eg 11 tekstar, og det utgjer 41 % av tekstane. To tekstar (7 %) er utdrag av drama. Kanon-tekstane er stort sett i dei tradisjonelle sjangrane, men dramasjangeren og novellesjangeren er lågt representert. Kjønnfordelinga viser at 8 (30 %) av tekstane er skrivne av kvinner og 18 (67 %) av menn. Ein av tekstane har ukjend forfattar. Det er overraskande at berre 30 % av tekstane er skrivne av kvinner. I den «nye kanonlista» hadde eg forventet at fordelinga av tekstar skrivne av kvinnelege og mannlege forfattarar var meir jamn enn det desse tala viser.

Dei aller fleste av tekstane er skrivne av norske forfattarar. Det er berre fire av tekstane som er skrivne av utanlandske forfattarar og det er Hamlet, Odysseen, Persepolis og Ett öga rött. Med unntak av tekstar som er å rekne som klassikarar, finn eg to tekstar som kjem inn under det eg har kalla «nye stemmer», og som er skrivne av forfattarar som uttrykkjer erfaringar om

det å vera migrant. Når det gjeld litterære periodar, fann eg at det var få tekstar frå norrøn litteratur og mellomalderen (7 %), og her var det berre *Odysseen* og *Soga om Tristram og Isond* som var kanoniserte. Behovet for å finne eit «norsk» opphav i det norrøne, ser såleis ut til å vere svekt. Frå perioden 1600- og 1700-talet er det derimot tatt med heile sju tekstar, dvs. 26 %. Det er og tatt med sju tekstar frå 1800-talet (26 % av tekstane).

64 av tekstane på den «nye kanonlista» er å rekna som «dels-kanoniserte». 37 (58 %) av desse er lyriske og 6 (9 %) er dramautdrag. I prosasjangeren fann eg 21 tekstar, dvs. 33 %. Heile 34 % av tekstane er utdrag, medan 66 % er heile tekstar. Også dei «dels-kanoniserte» tekstane er i stor grad i dei tradisjonelle sjangrane. Tala for dei «dels-kanoniserte» tekstane viser at 14 (22 %) er skrivne av kvinner, og 44 (69 %) av menn. Kvinnedelen må ein kunne seie er uventa låg, og faktisk lågare enn det som var tilfellet for dei kanoniserte tekstane på den «nye kanonlista». Når det gjeld nasjonalitet, kan ein sjå den same tendensen her som innan dei kanoniserte tekstane. Dei er hovudsakleg skrivne av norske forfattarar, og berre 12 % av tekstane er skrivne av utanlandske forfattarar. Når det gjeld tidsperiodar, er 6 % av tekstane frå perioden 1600–1700 talet, medan heile 23 % av tekstane er frå 1800-talet. Gullalderen er dermed om lag like sterkt representert her som blant dei kanoniserte tekstane i den «nye kanon».

## 5.2 Konklusjon

Det overordna målet med studien har vore å kartleggja kanoniseringstendensar i fire verkpakkar (til saman 12 lærebøker) for studieførebuande utdanningsprogram for vidaregåande skule. Eg byrja med ein hypotese om at det eksisterer ein litterær kanon i tekstantologiane for vidaregåande skule, og at lærebokforfattarane dermed opererer med ein «skjult» kanon. Problemformuleringa for oppgåva har derfor vore følgjande: *Har innføringa av Kunnskapsløftet ført til at det ikkje lenger finst ein tydeleg kanon i lærebøkene? Eit delspørsmål har vore: Stemmer framleis dei funna Bente Aamotsbakken gjorde i si undersøking (2003)?*

Hovudkonklusjonen er at det framleis eksisterer ein litterær kanon i læreverka i norsk for studieførebuande utdanningsprogram for vidaregåande skule, og mykje er samanfallande med det som Aamotsbakken kom fram til i sin studie. Det er derfor mykje som kan tyda på at formuleringane i læreplanen dermed ikkje har så mykje å seie for kva tekstar som vert representert i antologiane for studieførebuande utdanningsprogram (Aamotsbakken, 2003;

Aamotsbakken, 2011). Eg har derfor langt på veg fått bekrefta at hypotesen min stemmer. Det er òg mykje som tyder på at fleire av funna i mi undersøking kan forklarast med den *disposisjonen* forfattarane har valt. Gjennomgangen av dei fire læreverka viser at lærebøkene i stor grad bruker ei kronologisk framstilling av antologidelen, særleg på Vg2 og Vg3. Forfattarane har i stor grad valt å disponera innhaldet i antologidelen etter sjanger, kronologi og litterære epokar. Eit anna sentralt funn er at kanon-tekstane er i dei tradisjonelle sjangrane (episk, lyrisk og dramatisk diktning). Her er tradisjonen framleis sterk. Andre og nye tekstformer er lite representert. Dette er ikkje i tråd med føringane i LK06, som opererer med eit vidt tekstomgrep der alt eigentleg er tekst, både skrift, tale, bilete og musikk. Det at lyriske tekstar ofte er å føretrekkje av lærebokforfattarane og forlaga, stemmer òg overeins med det Aamotsbakken kom fram til i sin studie. Lyriske tekstar er som oftast korte og vert derfor prioriterte med omsyn til plass.

I den gjeldande læreplanen, 2013-revisjonen av LK06, er sakprosa sidestilt med skjønnlitteratur, men ikkje i antologiane. Dette kan henge saman med den disposisjonen lærebokforfattarane har valt. Disposisjonen ber i seg føringar for kva tekstmateriale som kjem ut. Det vert dermed nærast umogeleg å jamstille sakprosa og skjønnlitteratur.

Eit av måla med studien var å danna eit bilete av den «nye kanon». Min studie viser at kanon er norsk, og når det utanlandske førekjem, er det anten fordi det er ein internasjonal klassikar eller ei «ny stemme» med migrantperspektiv. Det at læreverka inneheld lite internasjonal litteratur samsvarer og med dei funna som Serigstad gjorde i si masteroppgåve, der ho kom fram til at berre mellom 5 og 11,8 % av tekstane hadde internasjonalt opphav. Serigstad meinte derfor at det er eit misforhold mellom intensjonane i læreplanen og det som vert presentert i læreverka (2016, s. 2). Professor Torill Steinfeld hevdar at vi ikkje har hatt tradisjon for å inkludera utanlandsk litteratur i norsklæreverka her i landet, men at vi har vore meir opptatt av å verna om vår eigen «spinkle» kanon slik ho skildrar den (1995, s. 338).

Sjølv om hovudkonklusjonen er at det framleis eksisterer ein kanon i læreverka, er det likevel noko som ser ut til å ha endra seg sidan Aamotsbakken utførte sin studie. Eit delspørsmål for studien var og følgjande: *Stemmer framleis dei funna Bente Aamotsbakken gjorde i si undersøking (2003)?* Tekstutvalet er, som forventa, ikkje heilt identisk med det som kom fram i hennar studie. Den litterære kanon er ikkje «skrive i stein» og endrar seg i takt med samfunnsutviklinga. Dette gjeld både skulen sin kanon og den generelle kanon.

Aamotsbakken har skildra dette slik:

Kanon er i konstant endring selv om prosessen er preget av langsomhet. Det er prosessen med valg, bevegelser inn og ut av lister, bruk og bearbeiding som i siste instans bestemmer hva som på et bestemt tidspunkt kan regnes til en kanon. (2018, s. 87).

Det kan sjå ut som om norrøn diktning og folkediktning er på veg ut av kanon eller i det minste svekt. Tekstane *Trymskvida*, *Voluspå* og *Håvamål* var alle å rekna som kanon-tekstar hos Aamotsbakken, men kjem inn under dei «dels-kanoniserte» tekstane i mitt materiale. *Njåls saga* er heilt ute av kanonlista. Folkevisene *Villemann og Magnill* og *Olav og Kari* er begge ute av kanon, men var blant dei kanoniserte tekstane i Aamotsbakken sin studie. Desse var tidlegare blant dei tekstane ein nærast forventa å finne i skulen si kanonliste. Aamotsbakken (2003, s. 56) gav òg uttrykk for dette i rapporten som vart utgjeven samband med antologistudien: «Med all tydelighet er viljen til å lage en kronologisk litterær linje fra norrøne tekster fram til moderne tid synlig i de undersøkte antologiene». Datamaterialet mitt viser at dette ser ut til å ha endra seg sidan Aamotsbakken gjennomførte sin studie. Den eldre litteraturen frå 1600-, 1700- og 1800-talet er relativt stabil, og kanon frå 1800-talet er framleis fastmeisla. Læreverka opprettheld dermed førestillinga om den litterære gullalderen. Men 1900-talet er svekt, og fleire av kanon-forfattarane frå perioden 1900 til 1950 er på veg ut av kanonlista. 1900-talet er og lågt representert blant kanon-tekstane på det eg har valt å omtala som «den nye» kanonlista. Fleire av dei som er ute av kanon representerer litteratur som er inspirert av nyrealismen og psykoanalysen. Dei forfattarane som er ute av kanon, er Johan Falkberget, Kristofer Uppdal, Oskar Braaten, Sigurd Hoel, Aksel Sandemose, Olav Nygard, Aslaug Vaa, Tor Jonsson og Torborg Nedreaas.

Antologiane inneheld mange «nye» tekstar som er skrivne etter tusenårsskiftet. Heile 30 % av tekstane i det eg har kalla den «nye kanon» er frå 2000-talet. Ei mogleg forklaring på dette er at læreplanen vektlegg samtidstekstar. Når det gjeld kvinnerepresentasjon, er kvinnene sterkt underrepresentert i dei kanoniske tekstane. Representasjonen i dei dels kanoniserte tekstane, er noko betre.

Skjønnlitteraturen hadde tidlegare ein privilegert plass i norskfaget, noko som var legitimert gjennom læreplanen. Sjølv om skjønnlitteraturen framleis finst i planverket, så har den mista sin uttalte privilegerte plass i læreplanane. Sakprosa er sidestilt med skjønnlitteratur, og no må ein i større grad grunngi kvifor ein skal jobbe med dei skjønnlitterære tekstane (Hamre, 2014; Kjelen, 2017).

Nasjonalt læremiddelsenter, som hadde ansvar for godkjenninga av lærebøker, vart avskaffa i år 2000. Som nemnt tidlegare tyder dette at ein ikkje har noko organ som kontrollerer at læreverka er i tråd med føringane i læreplanen, eller at lærebokforfattarane har teke omsyn til språk og likestilling i dei tekstane elevane får presentert. Berre eitt av dei verka som Aamotsbakken undersøkte, vart utgitt etter at den offentlege godkjenningsordninga blei avskaffa (Aamotsbakken, 2003, s. 47). Nokre år etter at godkjenningsordninga forsvann fekk vi i tillegg ein ny læreplan som opererer med meir generelle formuleringar enn det som var tilfellet i R94-planen. I utgangspunktet kunne ein derfor ha forventat at lærebokforfattarane og forlaga følte at dei stod friare i forhold til tekstutvalet enn det som var tilfellet når R94 var den gjeldande læreplanen. På bakgrunn av dette er det derfor overraskande at tekstutvalet ikkje har endra seg meir enn det som har kome fram i denne studien, og at det ikkje ser ut til å vera formuleringane i læreplanen som primært styrer eller legg føringar for dei tekstane som vert føretrekt. Dei verka som inngår i min studie skal jo, som nemnt tidlegare, vera skrivne i tråd med 2013-revisjonen av LK06.

Ein svakheit ved min studie kan vera at eg berre har sett på tekstsamlingane og utelate dei tekstane som finst i teoridelen i læreverka. Dette betyr at tekstar som berre er omtala i teoridelen og ikkje er tatt med i antologidelen er utelatne frå min studie. Samtidig er det nettopp tekstsamlingane eller antologiane Aamotsbakken har kartlagt i sin studie, og når eg har nytta hennar studie og R94 som samanlikningsgrunnlag kan eg likevel seie noko om kanoniseringstendensane i norskverka for studieførebuande utdanningsprogram. Ei anna innvendig mot studien er at den ikkje seier noko om kva tekstar elevane vert eksponert for i klasserommet. Det er slett ikkje sikkert at majoriteten av lærarane i den vidaregåande skulen er like tru mot læreverka som tidlegare undersøkingar har vist. Dette vil ein heller ikkje kunna få svar på utan å ha gjennomført ein større studie der formålet er å kartleggja kva tekstar som vert brukt i klasseromma. Når eg etter kvart bestemte meg for temaet for masteroppgåva, innsåg eg tidleg at det å intervju nokre få lærarar ikkje ville gi data som ville vera representative for korleis dette står til blant norsklærarane generelt i den vidaregåande skulen.

### 5.3 Vegem vidare

I tillegg til å kartleggja kanoniseringstendensar gjennomførte Aamotsbakken intervju med fem forlagsredaktørar<sup>13</sup> for å få fram deira tankar om tekstutvalet. I intervjudelen i studiet stilte ho blant anna spørsmål om kven som var dei primære aktørane kring tekstutvalsprosessen. Ei av informantane kom inn på eit litt anna aspekt enn dei fire andre forlagsredaktørane som vart intervjuja, og la vekt på relasjonen mellom læreboktekst og antologitekst. Forlagsredaktør Schaathun frå Aschehoug uttalte seg slik: «Skal da antologien illustrere, eksemplifisere det som står i lærebokteksten eller skal det være en mindre tilknytning der?» (Aamotsbakken, 2003, s. 63). På bakgrunn av det som kom fram her, kunne det vore interessant å sjå nærare på i kor stor grad antologiteksten eller antologidelen er knytt til det som står i lærebokteksten. Eg har ikkje valt å gå nærare inn på dette i min studie, men det kunne vore ein ide til vidare forskning. Aamotsbakken har heller ikkje sett på det i sin studie.

Det kunne òg vore interessant å studere oppgåvene som vert gitt til tekstane i antologiane for vidaregåande skule, basert på ei samanlikning mellom læreverk utgitt i tråd med intensjonane i R94 og Kunnskapsløftet. Jonas Bakken og Emilia Andersson-Bakken (2016) har i artikkelen «Forståelser av skjønnlitteratur og sakprosa i norskfagets oppgavekultur» sett på oppgavekulturen i norsklæreverk på vidaregåande skule. Dei har gjennomført ein kvalitativ innhaldsanalyse av 1945 oppgåver henta frå tre lærebøker. Dei skriv i samandraget at «[...] resultatene indikerer at oppgavekulturen i norskfaget er preget av eldre faglige forståelser og ikke fullt ut i tråd med den gjeldende læreplanen» (Bakken & Andersson-Bakken, 2016, s. 2).

Det vert interessant å sjå kva som skjer når den pågåande fornyinga av Kunnskapsløftet vert fullført. Vil fagfornyinga på sikt føre til at forlaga gjer store endringar i forhold til kva type tekstar dei vel å prioritere i antologiane, og vil det til slutt ende med at kanon forsvinn frå norskfaget? På kort sikt trur eg ikkje dette vil skje, her vil truleg tradisjonane i faget vere for sterke og «motstandsdyktige». Men det er umogeleg å spå kva som vil skje på lengre sikt. Sjølv om dei fleste meiner at nasjonsbyggingstanken er tona ned i LK06, betyr ikkje det at dei eldre tekstane ikkje lengre har verdi. I det siste høyringsdokumentet til fornyinga av Kunnskapsløftet finn ein den første skissa til læreplanen, og det er heller ikkje noko av det eg

---

<sup>13</sup> Aamotsbakken skriv i studien at dei fem forlaga står bak størstedelen av marknaden for norskfaglege bøker for vidaregåande skule. Dei redaktørane som vart intervjuja var alle tilsette i avdelingar for vidaregåande opplæring (2003, s. 57).



les her som skulle tilseie at det vil skje store endringar i forhold til det tekstutvalet ein ser i dei læreverka som eksisterer for studieførebuande utdanningsprogram i dag. Under overskrifta «Om faget» (som er ei vidareutvikling av tidlegare «Formålet med faget») står det under «[...] Kjerneelementer i faget» at:

Elevene skal lese tekster for å få estetiske opplevelser, bli engasjert, undre seg, lære og få innsikt i andre menneskers tanker og livsbetingelser. [...] De skal utforske og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk, dansk og i oversatte tekster fra samisk og andre språk. Tekstene skal knyttes både til kulturhistorisk kontekst og elevenes egen samtid. (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Lesing av litteratur blir her gitt ei brei forankring, men kjem ikkje med spesifikke grunngevingar for å lese skjønnlitteratur versus sakprosa.

## 5.4 Sluttord

Med Kunnskapsløftet i 2006/2013 blei listene med kanoniserte tekstar fjerna til fordel for ein kompetansebasert læreplan. Dette gjorde det vanskeleg å nå mål knytt til felles referanserammer og materiale danningsteoriar. Den planlagde revisjonen av læreplanen i 2020 gjer det same. Til tross for dette viser denne granskinga at ein felles kanon langt på veg har vorte vidareført: skjønnlitteratur dominerer i tekstutvalet, tekstane blir framstilt historisk-kronologisk og nye sjangrar og tekstformer ser i liten grad ut til å nå inn i antologiane. Fleire av desse funna kan ha samband med at forfatarane har valt ein tradisjonell disposisjon for antologiane.

Som grunngeving for dei kompetansebaserte læreplanane vert det sagt at lærarane sjølv veit best kva tekstar ein skal arbeide med i norskfaget. Men kanskje er det i vår tid, omgjeve av ei nærast uavgrensa mengd av ulike tekstar, vi treng å få kunnskap om eller å bli opplyst om tekstar som er verdt å lese? Det handlar ikkje berre om det å vera for eller imot kanon og såkalla kanonlister i seg sjølv, men det å vera medviten om det mangfaldet av tekstar vi omgir oss med. Kva vil vi med dei tekstane vi nyttar i forhold til undervisnings- og litteraturpedagogikk?

Haarberg skriv at det verkar som om vi har mista trua på at litteraturen har makt til å halda nasjonen saman, og hevdar vidare at: «Litteraturen og Nasjonen har rett og slett gått hver til sitt» (Haarberg, 2017, s. 236). Han går så langt at han samanliknar den situasjonen vi er i no med den vi var i før nasjonalismen skylla inn over landet for 200 år sidan (2017, s. 236).

Likevel kan ein spore ein viss optimisme og argument for å framheva verdien av å ha felles litterære referanserammer hos Haarberg:

Det at den nasjonale kanon har smuldret opp og vi ikke lenger kan ta noe fellesskap for gitt, innebærer ikke at ethvert litterært fellesskap bør unngås. Som samfunn vil vi ha nytte og glede av en felles referanseramme som kan bidra til å legge fundamentet for en ny og tidsmessig *cultural literacy* eller litterær standardkompetanse. (2017, s. 237).

Han skriv òg at eit fellesskap i litteraturen må famne flest mogeleg, og ikkje vera tenkt som eit nasjonalt vern mot andre kulturar. Haarberg meiner at litteratur kan skape fellesskap i både tid og stad, og avsluttar boka med setninga: «Kasserer vi leserfellesskapet sammen med nasjonalismen, står vi ikke da i fare for å kaste barnet ut med badevannet?» (Haarberg, 2017, s. 238).

Inger Merete Hobbestad har skrivne ein artikkel i kommentaren i Dagbladet med tittelen «Ned til litteraturen». I artikkelen peiker ho blant anna på at det har skjedd ei forskyving i norskfaget og dermed ei auka merksemd om korleis elevane les og lærer, og mindre om kva dei bør ta til seg i faget (Hobbestad, 2017, s. 3). Det er nettopp dette Knut Hoem er inne på når han rettar kritikk mot både lærebøkene (vel å merke på ungdomstrinnet) og læreplanen i norsk (LK06). Han meiner som nemnt tidlegare at teori og metaspråk om ulike strategiar har fått for stor plass i norskfaget, og etterlyser den nasjonale kulturarven som kanonlitteraturen representerer (Hoem, 2016; NRK, 2017). Hobbestad stiller eit spørsmålsteikn til kven som held oversikt over dei opplevingar som går tapt, og det faktum at skulen er ein av få fellesarenaer som kan gi elevane ein solid og kunnskapstung forankring i norsk kulturhistorie og skjønnlitteratur (Hobbestad, 2017, s. 3).

Hallvard Kjelen meiner at skjønnlitteraturen bør ha ein sentral plass i norskfaget blant anna på grunn av at dei fleste tekstane elevane les i skulen er sakprosaetekstar, og «[...] at det å utvikle avansert skjønnlitterær kompetanse på mange måter kan vere vel så komplisert som å lære å lese sakprosaetekstar på ein kompetent måte» (Kjelen, 2017, s. 87). Eg vil avslutta med eit sitat eg fann i ei av lærebøkene som inngår i min studie, og som viser ein viktig dimensjon ved det å lese skjønnlitteratur. Sitatet er henta frå den russiske forfattaren og historikaren Aleksandr Solzjenitsyn: «Litteratur overfører uten tvil fortattede erfaringer fra generasjon til generasjon. Slik blir litteraturen en nasjons levende hukommelse» (Røskeland M., Bakke, Aksnes, Akselberg, & Time, 2015, s. 6).

## 6 Litteratur

- Aamotsbakken, B. (2002). Tekstens vei til læreboken. I S. Selander, & D. Skjelbred, *Fokus på pedagogiske tekster 5. Tre artikler fra norsk lærebokhistorie* (Høgskolen i Vestfold Notat 2/2002). Hentet fra <http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/notat/2002-02/>
- Aamotsbakken, B. (2003). *Skolens kanon – vår viktigste lesedannelse?: En studie i kanonisering i norskfaglige antologier for videregående skole, allmennfaglig studieretning* (Høgskolen i Vestfold Rapport 9/2003). Hentet fra <http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/rapport/2003-09/rapport9>
- Aamotsbakken, B. (2011). Skolereformer og kanon. I D. Skjelbred, & B. Aamotsbakken (red.), *Norsk lærebokhistorie: En kultur- og dannelseshistorie* (Vol. 3, ss. 103-119). Oslo: Novus forlag.
- Aamotsbakken, B. (2013). Den skjønnlitterære teksten i spennet mellom den generelle litterære kanon og skolens kanon. I N. Askeland, E. Maagerø, & B. Aamotsbakken (red.), *Læreboka: Studier i ulike læreboktekster* (ss. 49-62). Trondheim: Akademika forlag.
- Aamotsbakken, B. (2018). Kanon - hvorfor og hvordan? I K. Kverndokken (red.), *101 litteraturdidaktiske grep: om å arbeide med skjønnlitteratur og sakprosa* (ss. 75-88). Bergen: Fagbokforlaget/Landslaget for norskundervisning (LNU).
- Aase, L. (2005). Norskfagets dannelsespotensial i fortid og samtid. I A. J. Aasen, & S. Nome (red.), *Det Nye norskfaget* (Vol. nr. 161, Skriftserie, Landslaget for norskundervisning: trykt utg., ss. 35-47). Bergen: Fagbokforlaget/Landslaget for norskundervisning (LNU)
- Aase, T. H., & Fossåskaret, E. (2014). *Skapte virkeligheter: Om produksjon og tolkning av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aschehoug. (2018). *Grip teksten Vg1 - Vg3 - læreverket som gir komplett oversikt*. Hentet januar 20, 2018 fra [www.aschehoug.no](http://www.aschehoug.no): <https://www.aschehoug.no/Undervisning/Verk/Grip-teksten-Vg1-Vg3>
- Bakken, J., & Andersson-Bakken, E. (2016). Forståelser av skjønnlitteratur og sakprosa i norskfagets oppgavekultur. *Tidsskriftet Sakprosa* (Vol 8, Nr 3). Hentet fra <https://www.journals.uio.no/index.php/sakprosa/article/view/3669>
- Bloom, H. (1996). *Vestens litterære kanon: Mesterverk i litteraturhistorien*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Bratholm, B. (2001). Godkjenningsordningen for lærebøker 1889-2001: En historisk gjennomgang. I S. Selander, & D. Skjelbred (red.), *Fokus på pedagogiske tekster. Artikler fra prosjektet "Valg, vurdering og kvalitetsutvikling av lærebøker og andre læremidler."* (Høgskolen i Vestfold Notat 5/2001). Hentet fra <http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/notat/2001-05/not5-2001-02.html>
- Cappelen Damm. (2018). *Spenn Vg1, Vg2 og Vg3*. Hentet april 30, 2018 fra <http://spenn.cappelendamm.no/>
- Dahl, B. H., Engelstad, A., Engelstad, I., Hellne-Halvorsen, E. B., Jemterud, I., Torp, A. & Zandjani, C. (2013). *Grip teksten: Norsk Vg1; Studieforbereende utdanningsprogram*. Oslo: Aschehoug.
- Dahl, B. H., Engelstad, A., Engelstad, I., Hellne-Halvorsen, E. B., Jemterud, I., Torp, A., & Zandjani, C. (2014). *Grip teksten: Norsk Vg2; Studieforbereende utdanningsprogram*. Oslo: Aschehoug.
- Dahl, B. H., Engelstad, A., Engelstad, I., Hellne-Halvorsen, E. B., Jemterud, I., Torp, A., & Zandjani, C. (2015). *Grip teksten: Norsk Vg3; Studieforbereende utdanningsprogram*. Oslo: Aschehoug.
- Dahl, H. F. (2012, september 09). Litteraturens nullpunkt: Norsk skjønnlitteratur er en vekstnæring; Men spiller forfatterne egentlig noen rolle? *Dagbladet*, s. 52. Hentet fra <https://www.dagbladet.no/kultur/litteraturens-nullpunkt/63139746>
- De nasjonale forskningsetiske komiteene - NESH. (2016). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* (4. utg. ed.). Hentet fra Webområde for etikk.no: <https://www.etikk.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>

- Eide, O., Garthus, K. M., Græsli, B. H., Schulze, A.-M. & Ystad, R. H. (2014). *Intertekst: Norsk Vg2; Studieforbereidende utdanningsprogram*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Eide, O., Garthus, K. M., Græsli, B. H., Schulze, A.-M. & Ystad, R. H. (2015). *Intertekst: Norsk Vg3; Studieforbereidende utdanningsprogram*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Engelsen, B. U. (2015). *Kan læring planlegges?: Arbeid med læreplaner - hva, hvordan, hvorfor?: Skrevet mot LK06: Læreplan for kunnskapsløftet* (7. utg. ed). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Fagbokforlaget. (2018). *Tema Vg1, Vg2 og Vg3*. Hentet april 30, 2018 fra <http://tema.fagbokforlaget.no/bok.cfm?id=1-0-2>
- Fiva, T., & Krogtoft, M. (2008). Norsk - analyse av læreplanen. I W. Rønning (red.), T. Fiva, E. Henriksen, M. Krogtoft, N. O. Nilsen, A. S. Skogvold, & A. G. Solstad, *Læreplan, læreverk og tilrettelegging for læring: Analyse av læreplan og et utvalg læreverk i naturfag, norsk og samfunnsfag* (Nordlandsforskning, NF-Rapport 2/2008) (ss. 85-120). Hentet fra [http://www.nordlandsforskning.no/getfile.php/132625-1412596764/Dokumenter/Rapporter/2008/Rapport\\_2\\_2008.pdf](http://www.nordlandsforskning.no/getfile.php/132625-1412596764/Dokumenter/Rapporter/2008/Rapport_2_2008.pdf)
- Fodstad, L. A., Glende, M., Magnusson, C. G., Minken, M., Norendal, A., & Østmoe, T. I. (2016). *Moment Vg3: Norsk for studieforbereidende*. Oslo: Cappelen Damm.
- Fodstad, L. A., Glende, M., Minken, M., Norendal, A., & Østmoe, T. I. (2014). *Moment Vg1: Norsk for studieforbereidende*. Oslo: Cappelen Damm.
- Fodstad, L. A., Glende, M., Minken, M., Norendal, A., & Østmoe, T. I. (2015). *Moment Vg2: Norsk for studieforbereidende*. Oslo: Cappelen Damm.
- Frederiksen, M. (2015). Mixed methods-forskning. I S. Brinkmann, & L. Tanggaard (red.), *Kvalitative metoder: En grundbog* (2. utg., ss. 197-239). Aalborg: Hans Reitzels Forlag.
- Garthus, K. M., Græsli, B. H., Schulze, A.-M., & Stensby, M. (2013). *Intertekst: Norsk Vg1; Studieforbereidende utdanningsprogram*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Gjerløw, A. T. (2010). *Globalisering og litteratur: Kunnskapsløftet: veien til en postnasjonal kanon?* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo). Hentet fra <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/26416/Globalisering-og-litteratur.pdf?sequence=2>
- Grepstad, O. (1997). *Det litterære skattkammer: Sakprosaens teori og retorikk*. Oslo: Det norske Samlaget [I samarbeid med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening]. Hentet fra [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008081304006](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008081304006)
- Grimsgaard, K. B., Pettersen, M., & Skjelderup, I. (2016, desember 7). *Sakprosa i skolen: Hoems syn for gammeldags?* [Blogginlegg]. Hentet fra <http://sakprosasiden.no/sakprosabloggen/2016/12/07/hoems-syn-for-gammeldags/#more-5366>
- Gyldendal. (2018, Januar 30). *Bli kjent med Panorama*. Hentet fra [https://norsk.gyldendal.no/about/bli-kjent-med-panorama/?blogsub=confirming#blog\\_subscription-2](https://norsk.gyldendal.no/about/bli-kjent-med-panorama/?blogsub=confirming#blog_subscription-2)
- Haarberg, J. (2017). *Nei, vi elsker ikke lenger: Litteraturen og nasjonen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hamre, P. (2014). *Norskfaget og skjønnlitteraturen: Ein studie av norskfaglege normtekstar 1739-2013* (Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen). Hentet fra <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/8667/dr-thesis-2014-P%C3%A5I-Hamre.pdf?sequence=2>
- Hamre, P. (2017). Norsk som reiskaps- og dannelsesfag. I B. Fondevik, & P. Hamre (red.), *Norskfaget som reiskaps- og dannelsesfag* (ss. 13-43). Oslo: Samlaget.
- Hernes, G. (2016, Januar 22). Samfunnets store speil. *Dagbladet*. Hentet fra <http://www.morgenbladet.no/ideer/2016/01/samfunnets-store-speil>

- Hobbelstad, I. M. (2017, november 9). Ned til litteraturen. *Dagbladet*. Hentet fra <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayPDF?documentId=05500720171109aae2c7f6ca33d24ea2a4380d519607d0&serviceId=2>
- Hodgson, J., Rønning, W., Skogvold, A., & Tomlinson, P. (2010). *På vei fra læreplan til klasserom: Om læreres fortolkning, planlegging og syn på LK06* (Nordlandsforskning NF-Rapport 3/2010). Hentet fra [https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2010/evakl/5/smul\\_andre.pdf](https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2010/evakl/5/smul_andre.pdf)
- Hoem, E. (2013, november 13). Ein munnfull av det beste. *Klassekampen*. Hentet fra <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayPDF?documentId=05501020131113111115&serviceId=2>
- Hoem, K. (2016, november 28). Norskpensum på villspor. *NRK Ytring*. Hentet fra <https://www.nrk.no/ytring/norskpensum-pa-villspor-1.13241743>
- Inglar, T. (2011). Læreplanforskning og dokumentanalyse. I T. Berg, & P. H. Walstad (red.), *Om å tolke og forstå tekster (HiOA Tema utgivelser 1/2011)* (ss. 59-85). Oslo: Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Johnsen, E. B. (1989). *Den skjulte litteraturen: En bok om lærebøker*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Johnsen, E. B., Lorentzen, S., Selander, S., & Skyum-Nielsen, P. (1997). *Kunnskapens tekster: Jakten på den gode lærebok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Karseth, B., & Sivesind, K. (2009). Læreplanstudier: perspektiver og posisjoner. I E. L. Dale (red.), *Læreplan: Et forskningsperspektiv* (ss. 23-61). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjelen, H. (2017). Litteratur i skulen. *Bedre Skole*, 2017(1), ss. 86-87.
- Klafki, W. (2001). Kategorial dannelse. I E. L. Dale (red.), *Om utdanning: Klassiske tekster* (ss. 167-203). Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Krogh, E., Penne, S., & Ulfgard, M. (2012). Oppsummering: Den nordiske skolen, fins den? I N. F. Elf, & P. Kaspersen (red.), *Den nordiske skolen - fins den?: Didaktiske diskurser og dilemmaer i skandinaviske morsmålsfag* (ss. 244-258). Oslo: Novus forlag.
- Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1994). *Læreplan for vidaregåande opplæring (R94). Norsk. Felles allment fag for alle studieretningar*. Hentet fra <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/utgatt-lareplanverk-for-vgo-R94/>
- Larsen, D. E. (2015, desember 17). På 1990-tallet var læreplanen full av anbefalte forfattere: Nå er de erstattet av ordet «tekst»; Skviset ut av læreplanen. *Klassekampen*. Hentet fra <https://www.klassekampen.no/article/20151217/PLUSS/151219792>
- Larsen, D. E. (2017, januar 6). Utdanningsforbundet er redd en kulturkanon ikke vil gagne norske elever og lærere: Tenner ikke på kanonen. *Klassekampen*. Hentet fra <https://www.klassekampen.no/article/20170106/ARTICLE/170109966>
- Lothe, J., Refsum, C., Solberg, U & Kittang, A. (2007). *Litteraturvitenskapelig leksikon* (2. utg.). Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Nasjonal digital læringsarena (NDLA). (2017). *Norsk Vg2 og Vg3 SF*. Hentet fra <https://ndla.no>
- Naveen, M. (2011, oktober 15). Leker med fordommer. *Aftenposten*. Hentet fra <https://www.aftenposten.no/kultur/i/wraA/Leker-med-fordommer>
- NOU. (2014:7). *Elevenes læring i fremtidens skole: Et kunnskapsgrunnlag*. Hentet fra <http://www.regjeringen.no/dokumenter/NOU-2014-7/id766593/?ch=2>
- NRK YTRING. (2017, mars 1). Folkemøte - hva er galt med norskfaget? *NRK Ytring*. Hentet fra <https://tv.nrk.no/program/MKDE23000117/hva-er-galt-med-norskfaget>

- Penne, S. (2016). *Hva er galt med kanon?: Kampen om litteraturen i offentligheten og dens fredelige liv i klasserommene*. Hentet fra <https://docplayer.me/5235475-Sylvi-penne-hva-er-galt-med-kanon-kampen-om-litteraturen-i-offentligheten-og-dens-fredelige-liv-i-klasserommene.html>
- Rogne, M. (2008). Mot eit moderne norskfag: Tekstomgrepet i norskplanane. *Acta Didactica Norge*, 2(1), ss. 1-24. doi: <http://dx.doi.org/10.5617/adno.1021>
- Rogne, M. (2009). Læreboka - ein garantist for læreplannær undervisning?: Norsk bøkene i møte med eit nytt hovudområde. *Acta Didactica Norge*, 3(1). doi: <https://doi.org/10.5617/adno.1039>
- Rogne, M. (2012). *Mot eit moderne norskfag: Ein studie i norskfagets tekstomgrep* (Doktorgradsavhandling, Universitetet i Stavanger). Hentet fra [https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/185943/Rogne\\_Magne1.pdf?sequence=6&isAllowed=y](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/185943/Rogne_Magne1.pdf?sequence=6&isAllowed=y)
- Rolness, K. (2017, januar 14). Helt kanon for eliten: Overlat liste-nerdingen til kulturfolket, og lag heller en verdikanon. *Dagbladet*, s. 43. Hentet fra <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayPDF?documentId=0550072017011481ff18d976e191375cb7ba9bf5648246&serviceId=2>
- Rusti, H. D. (2014). *Frå Snorre til Ibsen og kvar er sakprosaen?* (Masteroppgåve, Universitetet i Bergen). Hentet fra <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/8274/119572178.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Røskeland, M., Bakke, J. O., Aksnes, L. M., & Akselberg, G. (2013). *Panorama: Norsk Vg1; Studieforbereidende*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Røskeland, M., Bakke, J. O., Aksnes, L. M., Akselberg, G., & Time, S. (2014). *Panorama: Norsk Vg2; Studieforbereidende*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Røskeland, M., Bakke, J. O., Aksnes, L. M., Akselberg, G., & Time, S. (2015). *Panorama: Norsk Vg3; Studieforbereidende*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Sandvik, I. M. (2017, januar 7). Jon Fosse: Berre dei døde bør vere med. *Bergens Tidende*, ss. 50-51. Hentet fra <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayPDF?documentId=020021201701073317985&serviceId=2>
- Scholes, R. (1998). *The rise and Fall of English: Reconstructing English as a Discipline*. New Haven and London: Yale University Press. Hentet fra <https://ebookcentral.proquest.com/lib/hivolda-ebooks/detail.action?docID=3420327>.
- Seim, T. K. (2018, februar 20). Kanon: teologi. I *Store norske leksikon*. Hentet november 3, 2018 fra Kanon: teologi: [https://snl.no/kanon\\_-\\_teologi](https://snl.no/kanon_-_teologi)
- Serigstad, M. T. (2016). *Kunnskapsløftets læreverker: Realiseringen av Kunnskapsløftets intensjoner i fire norskfaglige læreverker* (Masteroppgåve, Universitetet i Stavanger). Hentet fra <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2400929>
- Singstad, A. T. (2012). *Hvilken funksjon har fortiden i samtiden?: En lærebokanalyse om kanonlitteratur i norskfaget* (Masteroppgåve, Universitetet i Bergen). Hentet fra <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/12456/101131330.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Skjelbred, D. (2017). Vi trenger en lærebokhistorie! *Bedre skole. Tidsskrift for lærere og skoleledere*, 29(2), 88-92.
- Skjelbred, D., Askeland, N., Maagerø, E., & Aamotsbakken, B. (2017). *Norsk lærebokhistorie: Allmueskolen-folkeskolen-grunnskolen 1739-2013*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skrunes, N. (2010). *Lærebokforskning: En eksplorerende presentasjon med særlig fokus på Kristendomskunnskap, KRL og Religion og etikk*. Oslo: Abstrakt forlag.

- Steinfeld, T. (1995). Kanondebatt: Bøkene vi skulle lest. I L. Longum, & S. A. Aarnes (red.), *Holdepunkter: En litteraturhistorisk kildesamling* (LNU Skriftserie, vol. 98) (ss. 337-338). Hentet fra [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008040104054](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008040104054)
- Steinfeld, T. (2001). På hjemlig grunn: Norske skolelitteraturhistorier ca. 1900-1940. I P. Dahl, & T. Steinfeld (red.), *Videnskap og national oppdragelse: Studier i nordisk litteraturhistorieskrivning. Del 2.* (ss. 449-487). København: Nordisk Ministerråd.
- Steinfeld, T. (2005). Litteraturhistorie i norskfaget: historiske linjer og aktuelle perspektiver. I B. K. Nicolaysen, & L. Aase (red.), *Kultur møte i tekstar: Litteraturredaktiske perspektiv*. Oslo: Den norske Samlaget.
- Steinfeld, T. (2009). Norsk kanon og kanondannelse: historiske linjer, aktuelle konflikter og utfordringer. I *Tijdschrift voor Skandinavistiek*, 30(1), ss. 167-191.
- Tjønneland, E. (2018). Sakprosa. I A. M. Gullestad, C. Hamm, J. Sejersted, E. Tjønneland, & E. Vassenden, *Dei litterære sjangrane: Ei innføring* (ss. 182-216). Oslo: Det norske Samlaget.
- Turmo, A. (1999). "Du er et dyr!" Om ideologier i lærebøker. I E. B. Johnsen, *Lærebokkunnskap: Innføring i sjanger og bruk* (ss. 69-77). Oslo: Tano Aschehoug.
- Tønnesson, J. L. (2012). *Hva er sakprosa (2. utg. ed. Vol. 25)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i norsk (NOR1-05)*. Hentet fra [https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Komplett\\_visning](https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Komplett_visning)
- Utdanningsdirektoratet. (2016, mai 18). *Rammer og handlingsrom for arbeid med læreplanar*. Hentet fra <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/rammer-og-handlingsrom-for-arbeid-med-lareplaner/>
- Utdanningsdirektoratet. (2017). *Eksamensoppgave - NOR1238 Norsk skriftlig / Norsk skriftleg*. Hentet fra [file:///C:/Users/kriber19/Downloads/NOR1211\\_NOR1231\\_NOR1218\\_NOR1238\\_Norsk\\_hovedmal\\_V17%20\(2\).pdf](file:///C:/Users/kriber19/Downloads/NOR1211_NOR1231_NOR1218_NOR1238_Norsk_hovedmal_V17%20(2).pdf)
- Utdanningsdirektoratet. (2018, oktober 18). *Fagfornyelsen – innspillsrunde skisser til læreplaner i norsk*. Hentet fra <https://hoering.udir.no/Hoering/v2/278?notatId=538>
- Valen, C. R. (2013). *En komparativ analyse av tre lærebøker: med fokus på sammensatte tekster* (Masteroppgåve, NTNU - Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet). Hentet fra [https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/265689/641340\\_fulltext02.pdf](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/265689/641340_fulltext02.pdf)
- Vinje, E. (2005). Om kanon i litteraturundervisninga. I B. K. Nicolaysen, & L. Aase (red.), *Kultur møte i tekstar: Litteraturredaktiske perspektiv* (ss. 72-87). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Westgård, M. K. (2017). *Formaning og forming: Ein analyse av normtekstar og litteraturredaktisk realisering i lærebøker frå 1994 til 2015* (Masteroppgåve, Universitetet i Bergen). Hentet fra [http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/15996/UTF-8\\_Masteroppg%C3%A5ve%2c%20Magni%20Kristin%20Moe%20Westg%C3%A5rd%20Oppdatert.pdf?sequence=3&isAllowed=y](http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/15996/UTF-8_Masteroppg%C3%A5ve%2c%20Magni%20Kristin%20Moe%20Westg%C3%A5rd%20Oppdatert.pdf?sequence=3&isAllowed=y)

## 7 Vedlegg

### Innholdsliste for vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over skjønnlitterære tekstar/forfattarar i antologiane

Vedlegg 2: Den «nye kanon» etter Kunnskapsløftet



## 7.1 Vedlegg 1: Oversikt over skjønnlitterære tekstar/forfattarar i antologiane

Eg gjer merksam på at tekstane/forfattarane er registrert i same rekkefølge som i antologiane.

### GRIP TEKSTEN VG1

| Forfattar                 | Tekst                                   | Sjanger       | Opphav  |
|---------------------------|---|---------------|---------|
| Christensen, Lars Saabye  | Grisen (2005)                           | Novelle (H)   | Norge   |
| Khemiri, Jonas Hassen     | Et rødt øye (2003, til norsk 2005)      | Roman (U)     | Sverige |
| Johnsen, Sara             | Upperdøg (2009)                         | Filmmanus (U) | Norge   |
| Karpe Diem (musikkgruppe) | Tusen tegninger (2010)                  | Sangtekst (H) | Norge   |
| Mubashir, Noman           | Oslofaner – en Bollywood-roman (2011)   | Roman (U)     | Norge   |
| Grieg, Nordahl            | Til ungdommen (1936)                    | Dikt (H)      | Norge   |
| Prøysen, Alf              | Eventyr (1964)                          | Dikt (H)      | Norge   |
| Bjørneboe, Jens           | Om ungdommens råskap (1965)             | Dikt (H)      | Norge   |
| Hauge, Olav               | Det er den draumen (1966)               | Dikt (H)      | Norge   |
| Takvam, Marie             | Rose (1975)                             | Dikt (H)      | Norge   |
| Takvam, Marie             | Jamnsterke (1980)                       | Dikt (H)      | Norge   |
| Jacobsen, Rolf            | Snu dere bort, tenk på noe annet (1979) | Dikt (H)      | Norge   |
| Nyquist, Arild            | Fattern elska rødvin (1984)             | Dikt (H)      | Norge   |
| Christensen, Lars Saabye  | Gutta (1986)                            | Dikt (H)      | Norge   |
| Christensen, Lars Saabye  | Kroppens kammertoner (1999)             | Dikt (H)      | Norge   |
| Gröhn, Heikki             | Ein bror i nød (1987)                   | Dikt (H)      | Norge   |
| Fosse, John               | Dei ser kvarandre komme gåande          | Dikt (H)      | Norge   |

| <b>Forfatter</b>                         | <b>Tekst</b>   | <b>Sjanger</b> | <b>Opphav</b> |
|--|--|----------------|---------------|
| Ziehner, Øystein S.                      | (heimkomen son I)  | Dikt (H)       | Norge         |
| Boine, Mari                              | Goaskinviellja (1993)  | Sangtekst (H)  | Norge         |
| Kristiansen, Kjartan og<br>Karlsen, Atle | Tyven Tyven (1994)   | Dikt (H)       | Norge         |
| Dahle, Gro                               | Hvem er du som<br>kommer i mitt hus selv<br>om døra er lukket?<br>(1994) | Dikt (H)       | Norge         |
| Grøndahl, Cathrine                       | Den fine frakken<br>(1994)   | Dikt (H)       | Norge         |
| Grøndahl, Cathrine                       | Gråter du aldri? (1998)  | Dikt (H)       | Norge         |
| Sirowitz, Hal                            | Kjærest på<br>middagsbesøk (1997)  | Dikt (H)       | USA           |
| Mestad, Henrik                           | Lik meg når jeg er teit<br>(1998)  | Dikt (H)       | Norge         |
| Mehren, Stein                            | Dette er ikke en krig<br>(2000)  | Dikt (H)       | Norge         |
| Bøe, Anne                                | Sirkelrot (2001)   | Dikt (H)       | Norge         |
| Preus, Anne Grete                        | Når himmelen faller<br>ned (1998)  | Sangtekst (H)  | Norge         |
| Schanke, Cecilie<br>Færden               | Trodde du hadde<br>glemt (1975)  | Novelle (H)    | Norge         |
| Somby, Marry<br>Ailonieida               | Lassoens sang (1992)   | Novelle (H)    | Norge         |
| Loe, Erlend                              | Tatt av kvinnen (1993)   | Roman (U)      | Norge         |
| Karim, Nasim                             | Bryllup (1996)   | Roman (U)      | Norge         |
| Haugland, Tormod                         | Den som ikkje et<br>(1999)   | Novelle (H)    | Norge         |
| Øyehaug, Gunhild                         | Frå fyret (1999)   | Novelle (H)    | Norge         |
| Nesbø, Jo                                | Penelope og Elinor<br>(2001)   | Novelle (H)    | Norge         |
| Niemi, Mikael                            | Populærmusikk frå<br>Vittula (2001)                                      | Roman (U)      | Sverige       |
| Haavardsholm, Espen                      | Rødme (2002)   | Novelle (H)    | Norge         |

| Forfatter                | Tekst   | Sjanger        | Opphav |
|--------------------------|---|----------------|--------|
| Nygårdshaug, Gert        | Afrodites basseng (2003)                                | Roman (U)      | Norge  |
| Renberg, Tore            | Mannen som elsket Yngve (2003)                          | Roman (U)      | Norge  |
| Horvei, Nils Gullak      | Følge henne hjem (2003)                                 | Novelle (H)    | Norge  |
| Almaas, Bjørn Esben      | York Springs (2004)                                     | Novelle (H)    | Norge  |
| Christensen, Lars Saabye | Gjesten (2004)  | Novelle (H)    | Norge  |
| Harstad, Johan           | Buzz Aldrin, hvor ble det av deg i alt mylderet? (2005) | Roman (U)      | Norge  |
| Watterson, Bill          | Tommy og Tigern   | Tegneserie (H) | USA    |
| Foldøy, Reidun Elise     | Den store dagen (2008)                                  | Novelle (H)    | Norge  |
| Grytten, Frode           | Tweets (2012)   | Kortprosa (H)  | Norge  |

## GRIP TEKSTEN VG2

| Forfatter           | Tekst                              | Sjanger                            | Opphav    |
|---------------------|------------------------------------|------------------------------------|-----------|
| Hornklove, Torbjørn | Haraldskvadet (890-åra)            | Lyrikk/kvad (H)                    | Norge     |
| Ukjent              | Beowulf-kvadet (omkring 700)       | Lyrikk/kvad (U) – gjengitt i prosa | Engelsk   |
| Ukjent              | Voluspå                            | Eddadikt (U)                       | Norrønt   |
| Sturlasson, Snorre  | Soga om Olav Tryggvason (1220 åra) | Saga (U)                           | Island    |
| Sturlasson, Snorre  | Snorre-Edda                        | Saga (U)                           | Island    |
| Sturlasson, Snorre  | Egilssoga                          | Saga (U)                           | Island    |
| Ukjent              | Rolandssangen                      | Heltedikt (H)                      | Frankrike |
| Ukjent              | Soga om Tristram og Isond          | Saga (U)                           | Frankrike |
| Alighieri, Dante    | Den guddommelige komedie           | Diktverk (U)                       | Italia    |

| <b>Forfatter</b>              | <b>Tekst</b>   | <b>Sjanger</b>         | <b>Opphav</b>  |
|-------------------------------|--|------------------------|----------------|
| Petrarca, Fransesco           | Sonett til Laura                                       | Sonett/dikt (H)        | Italia         |
| Boccaccio, Giovanni           | Decameronen (1353)                                     | Forteljing/novelle (U) | Italia         |
| Saavedra, Miguel de Cervantes | Don Quijote (1605-1615)                                | Roman (U)              | Spania         |
| Shakespeare, William          | As you like it (om lag 1599)                           | Drama (U)              | England        |
| Shakespeare, William          | Hamlet (om lag 1601-02)                                | Drama (U)              | England        |
| Engelbretsdotter, Dorothe     | Aftensalme (1678)                                      | Salme (H)              | Norge          |
| Dass, Petter                  | Herre Gud! Ditt dyre navn og ære                       | Salme (H)              | Norge          |
| Dass, Petter                  | Du skal ikke bedrive hor                               | Dikt (U)               | Norge          |
| Molière, Jan Baptiste         | Misantropen  | Drama (U)              | Frankrike      |
| Holberg, Ludvig               | Om geitebukken som lot skjegget sitt rake (1751)       | Fabel (H)              | Norge/Danmark  |
| Holberg, Ludvig               | Niels Klims reise til den underjordiske verden (1741)  | Roman (U)              | Norge          |
| Scherfig, Hans                | Niels Klims underjordiske reise (1955, til norsk 1963) | Teikneserie (U)        | Danmark        |
| Wessel, Johan Herman          | Smeden og bakeren (1784-1785)                          | Dikt (H)               | Norge          |
| Brun, Johan Nordahl           | Norges skål (1772)                                     | Dikt/drikkevise (H)    | Norge          |
| Frimann, Claus                | En birkebenersang (1790)                               | Sangtekst              | Norge          |
| Bellman, Carl Michael         | Nå, skruva fiolen (1790)                               | Dikt/vise (H)          | Sverige        |
| Bibelen                       | Noahs ark  | Religiøs tekst (H)     | Jødisk/kristen |
| Homer                         | Odysseen (om lag 720 f.Kr)                             | Dikt/epos (U)          | Gresk          |

| Forfatter                  | Tekst   | Sjanger               | Opphav  |
|----------------------------|---|-----------------------|---------|
| Ukjent                     | Myten om Narkissos (i moderne gjenfortelling) | Myte (U)              | Gresk   |
| Asbjørnsen og Moe          | Rødrev og Askeladden                          | Eventyr (H)           | Norge   |
| Asbjørnsen, Peter Christen | Peer Gynt                                     | Sagn (H)              | Norge   |
| Ukjent                     | Margjit Hjukse                                | Folkevise (H)         | Norge   |
| Wergeland, Henrik          | Piken på anatomikammeret (1837)               | Dikt (H)              | Norge   |
| Wergeland, Henrik          | For trykkefriheten (1840)                     | Dikt (H)              | Norge   |
| Wergeland, Henrik          | Meg selv (1840-1841)                          | Dikt (H)              | Norge   |
| Wergeland, Henrik          | Siste reis (1845)                             | Dikt/sjanti (U)       | Norge   |
| Welhaven, Johan Sebastian  | Norges demring (1834)                         | Dikt (H)              | Norge   |
| Welhaven, Johan Sebastian  | Sjøfuglen (1836)                              | Dikt (H)              | Norge   |
| Welhaven, Johan Sebastian  | Det tornede tre (1838)                        | Dikt (H)              | Norge   |
| Munch, Andreas             | Brudéfærden (1848)                            | Dikt (H)              | Norge   |
| Moe, Jørgen                | Fanitullen (1849)                             | Dikt (H)              | Norge   |
| Andersen, Hans Christian   | Den lille pigen med svovelstikkerne (1848)    | Eventyr (H)           | Danmark |
| Bjørnson, Bjørnstjerne     | Et farlig frieri (1850)                       | Novelle (H)           | Norge   |
| Bjørnson, Bjørnstjerne     | Over de høye fjelle (1870)                    | Dikt (H)              | Norge   |
| Bjørnson, Bjørnstjerne     | Ja, vi elsker (1859)                          | Dikt/nasjonalsang (H) | Norge   |
| Vinje, Aasmund Olavsson    | Ved Rondane (1860-1861)                       | Dikt (H)              | Norge   |
| Vinje, Aasmund Olavsson    | Nasjonalitet (1864)                           | Dikt (H)              | Norge   |
| Aasen, Ivar                | Gamle Norig (1864)                            | Dikt (H)              | Norge   |
| Ibsen, Henrik              | Peer Gynt (1867)                              | Drama (U)             | Norge   |

| Forfatter           | Tekst   | Sjanger              | Opphav    |
|---------------------|---|----------------------|-----------|
| Taube, Evert        | Så länge skutan kan gå (1960)                       | Vise (H)             | Sverige   |
| Andersen, Benny     | Jeg ved lidt om Norge (1973)                        | Dikt (H)             | Danmark   |
| Hein, Piet          | Gruk  | Dikt/gruk (H)        | Danmark   |
| Roalkvam, Gunnar M. | Såpebobler (1985)                                   | Dikt (H)             | Norge     |
| Roalkvam, Gunnar M. | Å vera fysst  | Dikt (H)             | Norge     |
| Klintberg, Bengt af | Piken i baksetet – en moderne vandrehistorie (1986) | Vandrehistorie (H)   | Sverige   |
| Grytten, Frode      | Oktober (1990)                                      | Novelle (H)          | Norge     |
| Satrapi, Marjane    | Persepolis  | Teikneserieroman (U) | Frankrike |
| Klakegg, Bjarte     | Gode råd (2000)                                     | Dikt (H)             | Norge     |
| Eggum, Jan          | Myrsnipa (2007)                                     | Vise/dikt (H)        | Norge     |
| Collins, Suzanne    | Dødslekene (2008, til norsk i 2012)                 | Roman (U)            | USA       |
| Flatland, Helga     | Det finnes ingen helhet (2013)                      | Roman (U)            | Norge     |
| Koritzinsky, Roskva | Feber (2013)  | Novelle (H)          | Norge     |
| Myhre, Lise         | Nemi av Lise  | Teikneserie (H)      | Norge     |

### GRIP TEKSTEN VG3

| Forfatter                          | Tekst                    | Sjanger        | Opphav   |
|------------------------------------|--------------------------|----------------|----------|
| Bjørnson, Bjørnstjerne             | Synnøve Solbakken (1857) | Forteljing (U) | Norge    |
| Bjørnson, Bjørnstjerne             | Salme II (1870)          | Dikt (H)       | Norge    |
| Dostojevskij, Fjodor Mikhailovitsj | Idioten (1867-1868)      | Roman (U)      | Russland |
| Kjelland, Alexander                | Ballsteming (1879)       | Novelle (H)    | Norge    |
| Ibsen, Henrik                      | Gengangere (1881)        | Drama (U)      | Norge    |
| Strindberg, August                 | Reformforsök (1884)      | Novelle (H)    | Sverige  |
| Hamsun, Knut                       | Sult (1890)              | Roman (U)      | Norge    |

| Forfatter             | Tekst  | Sjanger        | Opphav          |
|-----------------------|--|----------------|-----------------|
| Garborg, Arne         | Fred (1892)  | Roman (U)      | Norge           |
| Obstfelder, Sigbjørn  | Jeg ser (1893)                                     | Dikt (H)       | Norge           |
| Obstfelder, Sigbjørn  | Byen (1893)  | Prosadikt (H)  | Norge           |
| Skram, Amalie         | Den røde gardin (1899)                             | Novelle (H)    | Norge           |
| Garborg, Arne         | Strid for fred (1894)                              | Dikt (H)       | Norge           |
| Garborg, Arne         | Elsk (1895)  | Dikt (H)       | Norge           |
| Strindberg, August    | Ett drömspel (1902)                                | Drama (U)      | Sverige         |
| Wildenvey, Herman     | Selma (1907)                                       | Dikt (H)       | Norge           |
| Kafka, Franz          | Foran loven (1916)                                 | Forteljing (H) | Tsjekkia        |
| Joyce, James          | Ulysses (1917)                                     | Roman (U)      | Irland          |
| Hamsun, Knut          | Markens Grøde (1920)                               | Roman (U)      | Norge           |
